



Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Årsrapport 2020

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
Sted, dato og fylkesmannens signatur	5
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	8
3 Årets aktiviteter og resultater	12
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	12
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	12
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	13
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	13
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	14
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	14
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	14
3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	20
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	22
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	23
3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet	25
3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid	26
3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	26
3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	28
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utrykkes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres	30
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	30
3.1.1.11 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	30
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	32
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	33
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	36
3.1.1.15 Andre oppdrag	38
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	39
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	39
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	40
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	42
3.1.2.4 Andre oppdrag	43
3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap	43
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	44
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	44
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	46

3.1.3.3	Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	48
3.1.3.4	Andre oppdrag	52
3.1.3.5	En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet og rettslikhet	52
3.1.3.6	Vergehaver skal ha høy grad av selvbestemmelse og vergemålene skal være individtilpassede	54
3.1.3.7	Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	54
3.1.3.8	Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	60
3.1.4	Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	60
3.1.4.1	Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	60
3.1.5	Gjennomførte evalueringer	62
3.2	Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	62
3.2.1	Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	62
3.2.2	Arbeids- og sosialdepartementet	62
3.2.3	Barne- og likestillingsdepartementet	62
3.2.4	Helse- og omsorgsdepartementet	62
3.2.5	Justis- og beredskapsdepartementet	62
3.2.6	Klima- og miljødepartementet	62
3.2.7	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	62
3.2.8	Kunnskapsdepartementet	63
3.2.9	Landbruksdepartementet	63
3.3	Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	63
3.4	Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	95
3.5	Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	96
4	Styring og kontroll i embetet	97
4.1	Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	97
4.1.1	Embetets risikostyring	97
4.1.2	Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	97
4.1.3	Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	97
4.1.4	Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	97
4.1.5	Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	97
4.2	Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	98
5	Vurdering av framtidutsikter	99
5.1	Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	99
5.2	Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	99
5.3	Andre forhold	99
6	Årsregnskap	100

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

2020 representerte store endringer for Møre og Romsdal, ved at talet på kommunar vart redusert frå 35 til 26. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennom året hatt tett dialog og oppfølging med dei nye kommunane. Inntrykket så langt er at overgangen frå samanslåingsprosjekt til å vere ein ny kommune har vore krevjande. Behovet for å bygge felles kultur og god samskaping vart og til ei viss grad hindra av Koronapandemien.

Etter kommunevalet i 2019 hadde Fylkesmannen i Møre og Romsdal utarbeidd ei plan for kommunebesøk i alle kommunane i fylket våren 2020. Målgruppa her var dei nye kommunestyra, samt administrativ leiing i kommunane. Føremålet med møta var primært politikaropplæring, men det var og eit godt høve til å informere politisk og administrativ leiing om andre aktuelle saker. Vi rakk å gjennomføre møter med 6 kommunar for Norge vart stengt ned i mars 2020. Etter pandemiutbrotet har det ikkje vore mogleg å vidareføre desse møta i denne forma. Vi har i staden gjennomført digitale dialogmøter med alle kommunane, der politisk og administrativ leiing har vore til stades. Vi har fått gode tilbakemeldingar for at dette er ei nyttig og effektiv møteform. Vi legg difor opp til digital kommunedialog og i 2021.

Fylkesmannen si Strategiplan gir rammer og retning for vegval, vurderingar og vedtak knytt til arbeidsoppgåver forankra i Fylkesmannens embetsoppdrag. Vi skal i planperioden arbeide aktivt for å ha høg måloppnåing innan alle embetsoppdrag, og samstundes prioritere utvalde tverrfaglege satsingsområde. For perioden 2020- 2023 har vi Klimaomstilling og Samfunnsstryggleik og beredskap som tverrfaglege satsingsområde.

Fylkesmannen skal bidra til at alle sektorar handterer utbrotet av Covid-19 på ein trygg og effektiv måte. Fylkesmannen har ei viktig rolle i dette arbeidet, gjennom å bidra til kunnskapsdeling, rettleiing, tilsyn og koordinering. Vi har brukt mykje ressursar på dette, og involvert store deler av organisasjonen i vårt arbeid med å handtere pandemien. Pandemien måtte handterast , og vi ser at dette til ein viss grad gått ut over andre oppgåver.

Trass i utfordringane Koronapandemien har ført med seg er måloppnåinga for 2020 gjennomgåande god, og vi har klart å redusere sakshandsamingstida på mellom anna på helseklagar.

Da samfunnet vart stengt ned i mars, vart våre tilsette sendt på heimekontor. Digitale løysingar fungerte godt og vi hadde få utfordringar med å halde produksjonen oppe. I juni starta vi med ei sakte tilbakeføring av dei tilsette til kontora, før vi igjen måtte tilbake til heimekontor ved årsskifte 2020/2021.

Overgangen til heimekontor har og gjort at vi har gjort kvantesteg i digital utvikling og bruk av teknologi som verktøy for å løyse enda fleire delar av våre oppdrag. I tillegg til å gjennomføre digitale kurs, konferansar og tilsyn, har vi gjennomført digitale rekrutteringsintervju, digital statsborgarskapsremoner og digital juleavslutning for tilsette og pensjonistar. Vi har gjennomført evaluering av ulike webinar og samlingar, og tilbakemeldinga frå kommunane er gode. Dei peiker på at dette er effektivt, dei brukar mindre ressursar trass i at fleire får ta del.

Fylkesmannen vart i 2019 utpeika som settefylkesmann for ei klagesak som gjaldt stenging av ein privat barnehage i Trondheim. Vedtaket om stenging vart stadfesta frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og dermed gjekk saka inn i rettsapparatet. Den var innom både tingretten, lagmannsretten og vart avvist i Høgsterett. Saka fortsett i 2021. Uansett resultat blir det her skreive barnehagehistorie, då det ikkje finns rettspraksis på dette området. Saka har krevd mykje ressursar i 2020.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok 8. mai 2020 på markeringa av 75 års-dagen for fred i Norge. Arrangementet vart vesentleg nedskalert på grunn av pandemisituasjonen, men det vart likevel ei verdig og høgtidleg markering.

Møre og Romsdal 2025 er eit samarbeidsprosjekt i offentlig sektor for å utvikle Møre og Romsdal fram mot 2025. Ei av satsingane her er Berekraftsfylket Møre og Romsdal. Det har i 2020 blitt arbeidd med kartlegging av lokal berekraft og innhenting av data til indikatorane (KPI) gjennom programmet U4SSC for alle kommunane i fylket. Dei fleste kommunane er no ferdige og fått sine resultat godkjende. Resultata vil vere eit godt grunnlag for planlegging av vidare omstilling og samfunnsutvikling. Fylkesmannen har tildelt prosjektskjønnsmidlar til dette arbeidet.

I tillegg til Berekraftsfylket har Fylkesmannen nytta prosjektskjønns-midlar til å få til fylkessatsingar innan fleire område. Døme her er digitaliseringsprosjektet DIGI Møre og Romsdal , Helseplattforma og Ungt Entreprenørskap.

Nyttårskonferansen er ei viktig møtestad for toppleiinga i kommunal og statleg forvaltning i Møre og Romsdal, og vart gjennomført i byrjinga av januar. Her vart mellom anna hovdepunkta i årets Forventningsbrev presentert.

Fylkesmannen utarbeidde og ved inngangen av 2020 Forventningsbrev til kommunane i fylket. Kommunane fekk dette tilsendt primo februar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har også i 2020 hatt aktive roller i prosjektet tilsynskalenderen; bl.a. leia styringsgruppa, vore fagleg rådgivar for FMFA og hatt brukarstøttefunksjonen for kalenderen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deler årleg ut ein kulturlandskapspris for å setje fokus på den viktige rollen landbruket har som forvaltar av kulturlandskapet, og på dei nærings- og samfunnsmessige verdiane som kulturlandskapet representerer. Prisen skal vere ei påskjøning for dei som gjer ein særleg innsats for å ta vare på verdiane og utvikle moglegheitene i kulturlandskapet. Prisen gjekk i år til Hoemsbu v/ Kristian og Stein Kåre Austgard.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

For å sikre god styringsdialog og oppfølging internt i embetet gjennomførte Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2020 **resultatsikringsmøter** med fagavdelingane og fagstabane i mai og oktober. Føremålet med resultatsikringsmøta har vore å leggje til rette for heilskapleg styring, utarbeide gode prognoser for oppdragsgjennomføring og avdekkje avvik for å sette inn tiltak til forbetring. Vi meiner dette har har gitt god oversikt og fokus på måloppnåinga og aktuelle oppfølgingspunkt.

Embetet hadde i 2019 eit høgt **sjukefråvær**. Vi har hatt sterkt fokus på dette, mellom anna med oppfølging i AMU. Oppfølging av sjukemelde har vore ei prioritert oppgåve i 2020. Det er difor gledeleg å registrere at sjukefråværet har gått ned frå 7,8% i 2019 til 4,2% i 2020.

Handteringa av Covid-19- pandemien har prega vårt arbeid i 2020, og for å kunne handtere dette på ein så god måte som mogleg har vi teke i bruk ressursar frå store deler av organisasjonen. Dette har og ført til at vi har ein svakare måloppnåing på einskilde område.

Pandemien har og ført til at vi i større grad enn tidlegare har utnytta moglegheitene som ligg i digital teknologi, og med kreative og løysningsorienterte medarbeidarar teke i bruk digitale løysningar for å gjennomføre ulike delar av vårt oppdrag.

Sted, dato og fylkesmannens signatur

26.februar 2021

Rigmor Brøste

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er staten sin representant i fylket, og utførte i 2020 faglege oppdrag for departement og direktorat. I tillegg kjem oppgåver for Kongehuset, som vi ser at rapporteringa er tatt ut for i årsrapporten for 2020. Spesielt for året 2020 vart krisehandteringa av covid-19, og dermed omprioritering av ein del ressursar og oppgåver. Dette gjeld særskilt innan Helse og sosial område, samt beredskap.

Våre 4 viktige roller er knytt til samfunnsoppdraget:


- 1) Iverksetting av nasjonal politikk i fylket
- 2) Samordningsmyndigheit
- 3) Rettstryggleiksmyndigheit
- 4) Informasjons- og kunnskapsformidlar

Vi hadde laga oss ei plan om å besøke 3 andre embeter i dei åra som eg er konstituert som fylkesmann. I 2020 hadde vi avtale med Innlandet, men denne samlinga måtte, som så mykje anna, bli avlyst pga covid-19. Teams vart vurdert som ikkje god erstatning i dette høve.

Vi fekk imidlertid gjennomført eit møte i Totalforsvaret for Midt-Noreg, medio oktober. Meget viktig og ekstra nyttig med informasjonsdeling i denne pandemikrisa.

Elles vil eg trekkje fram det gode samarbeidet vi har med Fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Mellom anna har vi felles leiarmøte 2 gonger i året. Arrangementet "Nyttårskonferansen" er også eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og fylkesmannen, der toppleiing i offentleg sektor er målgruppa. I 2020 rakk vi heldigvis å arrangere Nyttårskonferansen som ei fysisk samling før pandemiltaka slo til. I 2021 vart Nyttårskonferansen heildigital.

2.2 Organisasjon og ledelse



Husleie

Husleie (tusen kr)	9 199,0
Husleie (% av driftsutgifter)	10,2 %

Dei totale husleieutgiftene som inkluderer fellesutgifter som reinhald, straum, vaktmestertenester og felles resepsjon utgjør 10,2 % av driftsutgiftene. Vi registrerer at Møre og Romsdal er det embetet der husleie utgjør minst andel av driftsutgiftene.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	68 827	41 802	27 025

Vi hadde ei samla auke i totale journalpostar på 3 % ifht 2019. Størst auke er knytt til vergemåls-ePhorte med nærare 10 % fleire journalpostar i 2020 enn i 2019.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
052501	90 354
052521	2 295
Post 01 (unntatt 052501)	17 325
Post 20-29 (unntatt 052521)	66 169
Post 30-39	7 795
Post 40-49	0
Post 60-69	115 999
Post 70-79	27 540
Post 80-89	4 898

2020 har vore eit år spesielt år. Vi budsjetterte etter eit normalt år med høg reiseverksammd og mykje ekstremt retta aktivitet. Då mars med Covid 19 kom, så måtte vi finne andre og nye måtar å kommunisere og arbeide på. Det digitale spranget skjedde fort. Redusert reiseaktivitet, fysiske møter og stor grad av heimekontor deler av året, har gjort at vi i 2020 fekk eit stort mindreforbruk. Vi gjennomførte ei budsjettvidering før sommaren slik at vi kunne omprioritere midlar frå drift til lønn for mellom anna å styrke arbeidet med handtering av covid-19 pandemien. Det blei innført beredskapsvaktordning både for beredskapsstaben og for legane. Desse medarbeidarane har og hatt mykje overtidsgodtgjering i 2020. Nye stillingar med oppstart hausten 2020, får ikkje full årsverknad før i 2021. Vi har og hatt mange foreldrepermisjonar og nokre lengre sjukmeldingar. Dermed meir refusjon frå NAV

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 367,0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4,2 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	166,0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1,7 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 201,0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	5,3 %
Antall legemeldte sykedager for menn	120,0
Prosent legemeldte sykedager for menn	1,2 %
Avtalte arbeidsdager for menn	9 872,0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	998,0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4,4 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	22 672,0
Antall egenmeldte sykedager for menn	46,0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0,5 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	203,0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	0,9 %

Sykefraværet i embete har gått ned frå 7,8% til 4,2%, dette er lavare enn sykefraværet i 2018. Embetet har som tidlegare år tilrettelagt i stor grad med ulike tiltak for at tilsette skal kome raskare attende til arbeidet. Embetet har hatt dialog med dei sjukemeldte, leger og NAV for å følge opp, og har også eit internt krav om at BHT skal vere med i alle dialogsamalar. Det er grunn til å tru at noko av nedgangen i sykefraværet er knytt til tiltak for Covid-19, både heimekontor, fleksibel arbeidstid og auka velferdspermisjon og omsorgspermisjon.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	104.0	70.7 %	43.0	29.3 %	613 700.0	592 200.0	103.6 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	7.0	87.5 %	1.0	12.5 %	1 003 000.0	864 100.0	116.1 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	8.0	72.7 %	3.0	27.3 %	787 800.0	793 300.0	99.3 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	45.0	68.2 %	21.0	31.8 %	604 200.0	619 400.0	97.5 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	40.0	74.1 %	14.0	25.9 %	536 600.0	538 200.0	99.7 %
Kategori 5: Kontorstillinger	4.0	80.0 %	1.0	20.0 %	460 200.0	482 200.0	95.4 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	0.0	0.0 %	3.0	100.0 %	0.0	398 800.0	0.0 %
Kategori 7: Lærlinger	0.0		0.0		0.0	0.0	

Vi har ei positiv utvikling i andel kvinners lønn av menns lønn fra 100,2% i 2019 til 103,6% 2020 totalt for heile embetet. Det er også ei positiv utvikling i kategori 4 fra 97,6% i 2019 til 99,7% i 2020, og for kategori 3 fra 91,6% i 2019 til 97,5% i 2020, men ei negativ utvikling for kategori 2 fra 106,1% til 99,3%.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Totalt antall årsverk	124.9
Totalt antall årsverk for kvinner	85.9
Totalt antall årsverk for menn	39.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger	117.5
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	7.4
Sum andel administrasjon	4.2 %
Økonomi	1.2
Lønn	0.5
Personal	1.3
Resepsjon/sentralbord	1.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	1.3
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgaver: Innkjøp 0,2. Kursadministrasjon 1,0. Andel administrasjon har gått ned fra 2019 til 2020 som følge av effektivisering på personalområdet. Har redusert med 0,8 årsverk. Vi er det embetet som har lavast prosentandel administrasjon av totalt antal årsverk.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Turnover i prosent	4.0 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	124.9
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskudert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	5.0
Totalt antall ansatte som sluttet	17.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	3.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	14.0

Vi har mykje lavare turnover i 2020 enn vi hadde i 2019 (10,5%). 9 av dei om har slutta har vore engasjement/vikariat med sluttdato i 2020. Vi er blant dei embeta som har lavast turnover i 2020.

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Sum antall ansatte	147
Antall kvinner	104
Antall menn	43
Sum antall deltidsansatte	18
Antall deltid kvinner	14
Antall deltid menn	4
Sum antall midlertidige ansatte	7
Antall kvinner, midlertidig	5
Antall menn, midlertidig	2
Sum antall ansatte med personalansvar	15
Antall kvinner, personalansvar	13
Antall menn, personalansvar	2
Sum antall ansatte	147
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	8
Antall ansatte 30 - 39 år	34
Antall ansatte 40 - 49 år	40
Antall ansatte 50 - 59 år	37
Antall ansatte over 60 år	28
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	31
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	1 093
Antall kvinner i foreldrepermisjon	7
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	14
Dagsverk foreldrepermisjon menn	210
Antall menn i foreldrepermisjon	3

Antal ansatte 2020 er lavare enn antal ansatte 2019, sidan talet på engasjement/vikarar var høgare i 2019. Talet på deltidsansatte er stabilt på 18, dette er deltid initiert av tilsette. Det har vore dobbelt så mange i foreldrepermisjon i 2020 (10) enn i 2019 (5). Grunna endring i organisering er det ein ansatt meir som har personalansvar.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Gjennom vårt forventningsbrev til kommunane vart det i 2020 gjeve ei samla og strukturert oversikt over nasjonal politikk, krav og forventningar på dei ulike fagområda. Leiinga i kommunane er godt nøgd med å få denne oversikta tidleg på året.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020 deltatt aktivt i prosessane rundt Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal, og i kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar for 2020 – 2023. Det regionale og kommunale planarbeidet som er gjennomført er godt forankra i nasjonal politikk med rammer og føringar i tråd med FN's berekraftsmål.

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt god kontakt med kommunane, landbruksnæringa, fylkeskommunen og andre landbrukspolitiske aktørar. 2020 er det året vi måtte ha mykje av kontakten digitalt. Vi har hatt god kontakt med den kommunale landbruksforvaltninga digitalt, men rakk også å gjennomføre ein del fysiske møter før nedstenginga. Fylkesmannen har hatt gode erfaringar med å besøke politiske utval i kommunane for å informere om landbruket sine arealinteresser og særlover. Innan dette området er det etterspørsel etter informasjon frå kommunane. I 2020 har vi ikkje hatt fysiske møter med dette tema, då vi vurderer effekten til å bli vesentleg større ved å ha fysiske møter. Landbruksoppdraget vart elles presentert under folkevaldopplæringa til statsforvaltaren (i dei kommunane vi rakk før nedstenginga).

Fylkesmannen er aktiv i det regionale landbrukspartnerskapet saman med faglaga, Innovasjon Norge og fylkeskommunen. Overgangen til at fylkeskommunen har fått ei leiande rolle her har gått fint. Vi har og arbeidd for å hjelpe kommunane i gang med dei oppgåvene som vart overført ved inngangen til 2020.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mange godt etablerte og fylkesdekkande arenaer for oppdatering og informasjonsdeling om samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. I 2020 har krisehandteringa av korona-pandemien prega samarbeidet, og vi har hatt hyppige møter med alle kommunane og med Fylkesberedskapsrådet. I desse møta løftar vi fram risikobiletet i Møre og Romsdal. I våre møter med kommunane inviterer vi med oss samverkeaktørar på regionalt nivå (Helseføretak, Politi, Forsvar, Sivilforsvar). Her er felles situasjonsforståing, fagleg oppdatering og erfaringsdeling i fokus. Møta er ein god arena for å formidle nasjonal politikk og prioriteringar knytt til handtering av korona-pandemien til kommunane og til medlemmene i Fylkesberedskapsrådet.

Møre og Romsdal fekk 5 nye kommunar frå 1.1.2020. I det vidare arbeidet med kommunereforma vil plan som verktøy vere eit viktig verkemiddel. Gjennom kommunal planlegging kan erkjenninga av utfordringane som ligg i framtida føre til at fleire kommunar ser at det er naudsynt å bli større og meir robust. Fylkesmannen har tett dialog med alle kommunane der samfunnsutvikling og kommunale rammevilkår er tema. Vi oppmodar kommunar til å finne løysingar og drive utvikling i fellesskap med andre.

Den boligsosiale innsatsen i 2020- Vi har ein heilheitleg tilnærming mellom anna gjennom arbeidet i Levekårsnettverket. Pga pandemien var det mange planlagte samarbeidstiltak som ikkje lot seg gjennomføre, men dei ulike aktørane arbeidde kvar for seg i forhold til sine oppdrag. Det vart uavhengig av pandemien gjennomført fleire digitale møter i Levekårsnettverket og med spesielt fokus på ein kommune som alle aktørane hadde ei bekymring i forhold til. Kommunen vart då invitert til å presentere seg, kva dei fekk til og kva dei såg på som sine hovedutfordringar. Dette var ein god inngang til oppfølging på ulike punkt frå dei ulike aktørane.

I 2020 har vi anslått at ca 70% av kommunane har planar for langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Dette ut i frå kartlegging og vurderingar frå gjennomgangar av planstrategiar som Fylkesmannen har gjennomført i 2020.

Fylkesmannen jobbar godt med oppdraget og er godt i rute i forhold til implementeringsplanen for "**Leve heile livet**". Vi gjennomførte digitale dialogmøter med alle kommunar i 2020. I alle møta var leve heile livet og kravet om behandling av prioriterte tiltak i politiske fora samt å få desse inn i planverket, eit av fleire faste tema.

Vi fekk tilbakemelding på årsrapporten for 2019 at vi ikkje hadde rapportert nok på oppdrag;

1. Korleis vi hadde implementert Nasjonal retningslinje for mat og måltid i barnehagen, og vi rapporterar difor noko på det her.

Vi gjennomførte saman med oppvekst og utdanningsavdelinga, 2 dagar med fokus på Nasjonal retningslinje for mat og måltider i barnehagen i 2018. Då inviterte vi barnehagar og presse, og fylkesmannen sjølv var med borna og steikte fiskekaker. Vi brukte anledninga til å formidle informasjon i media om den då heilt nye nasjonale retningslinja. Vi fekk god merksemd på dette i media.

Dette vart etter det fulgt opp med informasjon om retningslina til alle barnehagar, noko vi og rapporterte om i 2019.

2. Kapasitet og kvalitet i helsestasjon- skolehelse- og jordmortjeneste

I 2018 presenterte vi saman med Fylkeskommunen ein statistikk over antall årsverk for jordmor og den gong helsesøster, i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Vi såg at ein del av dei minste kommunane hadde eit samarbeid kring jordmortenesta og det var og 3 kommunar som ikkje hadde registrert data i KOSTRA.

Jordmordekninga nasjonalt var i 2017 11.3 årsverk og i Møre og Romsdal låg vi samla på 12,2 årsverk (pr 10 000 barn under 5 år)

Frå 2016 til 2017 var det ei auke i jordmordekninga på 5 %.

Kravet om heimebesøk av helsesøster 7-10 dagar etter heimkomst og kravet om jordmorbesøk 3 dagar etter heimkomst, var det 11 kommunar i Møre og Romsdal som fekk til i 2017. Av alle nyfødde i Møre og Romsdal i 2017 fekk 92 % minst eitt av heimebesøka.

I november 2020 sendte vi ut ei levekårsundersøking med svarfrist i januar. Eit av temaene var helsetenester til barn og unge der vi og spurte om kor mange årsverk knytt til dei ulike kompetanseområda den einskilde helsestasjon har. Vi ser fram til å presentere resultatane ved neste årsrapportering.

I desember 2020 hadde fylkesmannen og ei kartlegging med fokus på kvaliteten i tenestene til barn, unge og gravide under pandemien. Oppsummeringa frå denne kartlegginga er sendt til Helsedirektoratet og Statens Helsetilsyn til informasjon.

Mellom kjem det fram at heimebesøk i all hovudsak vert gjennomført som normalt og under pandemien. Når det gjeld svangerskaps-kontrollar vert dei i all hovudsak gjennomført som normalt, men med tilpasningar i forhold til smitteverntiltak. Når det gjeld helsekontrollar til born svarar dei fleste kommunane at dei er i rute med vaksinasjonsprogrammet og kontrollar.

Fylkesmannen vil følge opp nokre av kommunane særskilt.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Nyttårskonferansen i Møre og Romsdal vart gjennomført for andre gong i januar 2020. Hovudtema i 2020 var korleis Møre og Romsdal gjennom kunnskap og engasjement skal bli Berekraftsfylke nr.1. Tilbakemeldingane er gode og vi har langt på veg lukkast med å etablere ein møteplass for toppleiinga i offentleg sektor i vårt fylke.

Gjennom det årlege **Forventningsbrevet** til kommunane rettar Fylkesmannen i Møre og Romsdal søkelys på sentrale oppgåver som kommunane forvaltar, og som Regjeringa er spesielt opptatt av og har klare forventningar om. Forventningsbrevet blir sendt ut til kommunane med utgangspunkt i vår rolle som formidlar av nasjonal politikk til lokalt nivå. Forventningsbrevet vert distribuert både til politiske organ, leiarar og andre aktuelle medarbeidarar i kommunen.

Levekårsnettverket er i 2020 vorte utvida med deltaking frå Bufetat og kriminalomsorgen Vest.

Statsetatsmøtet er ein viktig møtarena for å ivareta Fylkesmannen sitt ansvar med å samordne den regionale statsforvaltninga. Statsetatsmøte vert arrangert to gonger årleg og gjennom å dele utfordringar og erfaringar bidrar dette til at den lokale statsforvaltninga i fylket opptre mest mogleg samla og einsarta i sitt arbeid med kommunane. På grunn av pandemisituasjonen vart begge desse møta gjennomført digitalt i 2020.

I 2020 har det vore auka møtefrekvens på regional statleg nivå i samband med korona-pandemien og jamnlege møter i **Fylkesberedskapsrådet**. Dette er med på å auke kunnskapen om kvarandre sine ansvarsområde og styrker samarbeidet og utvikling mellom dei statlege verksemdene i regionen.

Fylkesmannen har i 2020 hatt tett samarbeid med aktørane i vårt **regionale tryggingforum** (Forsvaret ved HV11, Møre og Romsdal Politidistrikt, lokalt PST og Siviltforsvaret).

Arbeidet med kommunal planstrategi og utarbeiding av planprogram for kommuneplanens samfunnsdel vil kunne leggast opp som parallelle prosessar. Vi har understreka behovet for ei tett kopling mellom desse plandokumenta og peika på korleis dette kan vidareførast i den vidare planprosessen knytt til kommuneplanen som strategisk og tverrsektorielt styringsverktøy. Fleire kommunar har i tråd med dette utarbeidd planstrategi og planprogram til kommuneplanens samfunnsdel i eitt og same dokument.

Som høyringsinstans er vi direkte inne i planprosessane både gjennom våre fråsegner til oppstart og ved offentleg ettersyn. Det er lagt stor vekt på samordning med vekt på tverrfaglege og heilskaplege vurderingar. Alle fagavdelingane og fagstabane hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal leverer innspel til våre høyringsfråsegner. Det er lagt stor vekt på dialog og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane.

Arealplanar med motsegn frå andre statsetatar blir samordna og konflikter blir forsøkt løyst på drøftingsmøta med kommunane. Det har vore lagt stor vekt på å etablere gode system og rutinar i samband med dette. Statistikken for 2020 viser at i alt 18 saker. Av statsetatane er NVE og Statens vegvesen oftast representert som motsegnspart.

Landbruksavdelinga har god kontakt med Innovasjon Norge, Statens naturoppsyn, FoU organisasjonar og Mattilsynet. Vi har eit årleg møte med Mattilsynet der landbruksavdeling, miljøvernavdeling, helse- og sosialavdeling og samfunnstryggleiks- og beredskapsstaben er med. Elles er både Innovasjon Norge, Mattilsynet og FoU organisasjonane med på det tidlegare omtala landbruksmøtet. Informasjonsutveksling gjer at vi kan opptre meir samordna.

Felles samordna innsats for den boligsosiale strategien vart prega av pandemien i 2020. Vi hadde planar om å utvikle samarbeidet vidare i 2020 men det vart ikkje mogeleg. Dette vil bli tatt opp igjen i 2021. Vi hadde og eit planlagt pilotprosjekt med Husbanken, KoRus og 4 kommunar i Møre og Romsdal. Plana var å etablere eit nettverk med tema heilskaplege tenester til personar med samansette behov, MUST 2020 (muligheter og utfordringar til samarbeid på tvers)

Som følge av pandemien trakk fleire kommunar seg frå dette samarbeidet. Vi ser no at andre kommunar melder si interesse. Vi har endra framdriftsplana og skyv på den med om lag eit år. Vi planlegg no oppstart med så mange kommunar som vi klarer å få med.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

I 2020 har verjemålsforvaltninga hatt stort fokus på sjølvråderett ved oppretting av nye verjemål. For å oppnå betre sjølvråderett har vi hatt ei grundig sakshandsaming, der vi blant anna har undersøkt om det fins mindre inngripande tiltak enn verjemål som kan avhjelpe behovet vedkomande har. For å få til dette har vi hatt samtaler med den som skal ha verjemål, pårørande og anna hjelpeapparat. På denne måten har vi også sørga for at den som skal ha verje har fått ytra meininga si. Ved å gjere dette over tid har fylkesmannen oppretta færre verjemål enn tidligare og den som har behov for hjelp har fått denne tilpassa egne ønsker og behov.

I digitalt verjekurs og i samband med rekruttering av nye verjer, og i tilsyn av verjer gjennom året, har temaet sjølvråderett og rettstryggleik vært tema.

I 2020 gjennomførte Landbruksavdelinga fleire kurs og fagsamlingar ved hjelp av digitale verkøy. Slik fekk kommunane tilbod om rettleiing innanfor både eigeomslovgivinga og ulike tilskotsordningar på jord- og skogområdet. Dette trass pandemi og nedstegning av samfunnet i mars. Risikobasert kontrollplan blei gjennomført som planlagt, både når det gjaldt kontroll av driftsfellesskap på husdyrkonsesjonsområdet / produksjonstilskot og forvaltningskontroll. Forvaltningskontrollane blei gjennomført i januar med fysiske arbeidsmøter i kombinasjon med eigenkontroll. Avdelinga har hatt auka fokus på erfaringsutveksling og rettleiing som tillegg til kontrollaspektet dei siste åra, og vil vidareføre denne kontrollmetodikken.

På plan- og bygningsrettens område har vi i 2020 ikkje nådd målet om saksbehandlingstid for klagesakene, men fokus har vore på halde behandlingstida nede så langt det har latt seg gjere med redusert bemanning. Overordna målsetting er likevel å sikre god kvalitet på våre vedtak og ivaretaking av rettstryggleiken. Vi ser at kommunane har behov for rettleiing på dette området, men vi har ikkje hatt ressursar til å drive aktiv rettleiing t.d. ved konferansar, deltaking i nettverk mv. Vi har likevel sett større fokus på utvikling av heimesida vår, med mål om at denne skal verte ei nyttig kjelde til informasjon for både kommunane og andre. Målsettinga framover er at vi i større grad skal kunne gå ut aktivt med informasjon og rettleiing til kommunane, for å bidra til å auke kompetansen på området.

Vi hadde lav måloppnåing på tilsyn og klagehandsaming på **sosialområdet** i 2019. Vi fekk eit akutt sjukefråvær i tilsynsteamet rett før oppstart av planlagt LOT og måtte difor avlyse tilsynsaktiviteten vår på våren. På høsten hadde vi reetablert eit team og gjennomførte då eit av tre av dei planlagde tilsyna.

I 2020 har vi gjennomført 2 av tilsyna med tilgjengelege sosial tenester då det vart gitt opning for det på hausten. I tillegg til dette har vi hatt ein god del tilsynsnær aktivitet som følgje av pandemien, stort fokus på tilgjengelegheit til NAV for sårbar gruppe. Vi har sendt fleire brev til kommunane angående dette, vi har hatt møter med NAV leiarar og NAV region og møter med NAV leiarar og kommunedirektørar. I tillegg har vi kartlagt tilgjengelegheita ved gjennomgang av heimesidene til kommunane. Dette vart viktig informasjon i risikovurderinga for utvelgning av kommunar for gjennomføring av tilsyn.

Vi har og hatt god dialog med NAV leiarane på utvida behov for opplæring av tilsette grunna auka behov for sosiale tenester grunna pandemien.

Embetet hadde heller ikkje måloppnåing i 2019 på tilsyn og klagebehandling innan helse- og omsorgstenestemrådet. Sakshandsamingstida på området **rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt, overprøving** av vedtak om tvangsbruk, vart særleg trekt fram.

Vi har over år slite med å nå resultatmåla på dette området og det har vore arbeid mykje med kompenserte tiltak. Vi har likevel ikkje klart å kome i mål. Hausten 2020 vart avdelinga difor styrka med ei fast stilling til dette fagområdet og vi har no stor tru på at vi med det skal klare måloppnåing.

Sett under eitt hadde vi 66% måloppnåing i 2020 men vi såg at på slutten av året hadde vi kome opp i 94% innan 90 dagar. I 2019 hadde vi 44% måloppnåing på overprøvingar innan 3 månader og i 2018 hadde vi 21% måloppnåing. Resultatet for i år gjer grunn til optimisme i høve at naudsynte tiltak vil gje måloppnåing.

Embetet har styrka legebemanninga med 2 faste stillingar i 2020 og dette vil i ein normalsituasjon gjere oss betre i stand til å oppnå ønska mål om kortare sakshandsamingstid på klagesaker og hendelsesbaserte tilsynssaker.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Hyppe møter mellom leiinga i helse- og sosialavdelinga og AV- dir og Helsetilsynet frå mars til sommaren for å orientere om utviklinga av pandemien og konsekvensar for helse- omsorg og sosiale tenester i fylket. Møtefrekvensen vart noko justert ned høsten 2020.

Fylkesmannen har holdt Helsedirektoratet og DSB fortløpende informert om status på COVID-19 pandemien gjennom ukentlige situasjonsrapporter og svar på oppdrag som omfatta kartlegging og vurdering av konkrete parameter, eksempelvis tilgang til pulsoksymeter, kapasitet på legetjenesten mfl.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Embetet har god oppfølging på dette punktet.

Plan- og dispensasjonssaker som omfatta fleire avdelingar i embetet krev samordning i forhold til saksbehandling, ansvar og avveging av interesser. Det er etablert faste opplegg og rutinar for dette. Formålet med den interne organiseringa av plansamordninga er å finne gode løysingar i skjeringspunktet mellom nasjonale, regionale og lokale mål og interesser.

Klagesaker og byggesaker etter plan- og bygningslova vil i hovudsak vere lagt til Justis- og beredskapsavdelinga. Desse sakene er ikkje del av plansamordninga.

Det er lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Som eit viktig grunnlag for Fylkesmannen sine tilbakemeldingar til kommunane er det utarbeidd eit eige kunnskaps- og vurderingsgrunnlag for merknader og motsegner i kommunale plansaker.

Oppsummert viser aktiviteten for plansamordning og plansaksbehandlinga i embetet for 2020 at aktiviteten på plansida er stor med til saman 1239 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar/høyringsbrev), fordelt på 408 plansaker og 831 dispensasjonssaker.

Jordvern og redusert nedbygging av dyrkajord er tema i vår dialog med kommunane, og er framheva som eit viktig punkt i vårt forventningsbrev til kommunane. Dei siste 2 åra har det vore «låge» tal for nedbygging av dyrka jord i fylket. Sjølv om dette har vore ein nedgang i omdisponert matjord dei siste åra, må vi likevel ha fokus på jordvern framover. Store utbyggingssaker kan raskt endre dette utfordringsbiletet.

Vi arbeider også aktivt i forhold til beitenæringa sitt arealbehov og rovdyrproblematikk. Innan dette området er det viktig med god og tidleg informasjon frå landbruket.

Tilfredsstillande forynging av skog er ei utfordring i Møre og Romsdal. Dette er eit område Fylkesmannen har fokus på i vår dialog med kommunane.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Arbeidet med å formidle nasjonale og regionale interesser blir godt ivaretatt gjennom planprosessane, synfaringar og i arbeidsmøte/dialogmøte med kommunane. Dette har vore meir utfordrande i 2020 p.g.a koronapandemien. Fysiske møte er i stor grad erstatta av digitale løysingar.

Kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar for planperioden 2020 understreka behovet for å få på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel.

Erfaringar viser at kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane imellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane.

Det er også lagt vekt på planfagleg rettleiing og oppfølging frå Fylkesmannens side gjennom eigne fagsamlingar, kurs og seminar – og gjerne i samarbeid med fylkeskommunen. Som ledd i Fylkesmannens samordnings- og oppfølgingsansvar mot kommunane i plan- og byggesaker etter plan- og bygningslova har det i samarbeid med fylkeskommunen vore arrangert ein årleg plankonferanse. På grunn av koronapandemien vart den planlagde plankonferansen hausten 2020 avlyst. Aktuelle planfaglege tema har i staden vore presentert gjennom mindre digitale fagsamlingar og seminar. Viktige planfagleg informasjon har elles vore presentert gjennom kvartalsvise Nyheitsbrev om plan.

Planlegging og plansaksbehandling etter plan- og bygningslova har elles vore tema både i samband med politikaropplæring og digitale kommunedialogmøte med alle kommunane i Møre og Romsdal i 2020.

Talet på motsegner i arealplansaker i 2020 ligg omlag på nivå med tidlegare år, men ligg framleis høgt. Mange av desse er av typen "tekniske motsegner" knytt til ulike typar feil og/eller manglar knytt til planprosessen og plandokumenta.

Vi ser t.d. at mange kommunar har liten kunnskap om støyretningslinjene T-1442 og dette fører til mange motsegner. Avgjerda i KMD som gjald områdereguleringsplan for Ørsta sentrum har gjort det endå meir utfordrande å handtere dette temaet. Støy skal vere avklart i plan og ikkje utsetjast til byggesaksbehandlinga. Andre tema med mange motsegner omfattar planområda *barn- og unge* og *samfunnstryggleik*.

Det er landbruksavdelinga si oppfatning at kommunane i aukande grad er kjent med nasjonal jordvernstrategi og landbruket sitt arealbehov. Det er positivt at fylkeskommunen vedtok ei regional målsetting om at nedbygd matjord skal vere under 200 daa per år.

Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Embetet har i 2020 deltatt aktivt i prosessane rundt Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal, og i kommunane sitt arbeid med kommunale planstrategiar for 2020 – 2023. Det regionale og kommunale planarbeidet som er gjennomført er godt forankra i nasjonal politikk med rammer og føringar i tråd med FNs berekraftsmål.

I samband med arbeidet med kommunale planstrategiar for planperioden 2020 - 2023 ser vi at kommunane understrekar behovet for å få på plass oppdaterte kommuneplanar. Vi har sidan 2018 oppmoda sterkt til at kommunane tidleg i planperioden startar arbeidet med rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Ved utgangen av 2020 har 17 av våre 26 kommunar meldt oppstart til rullering av KP samfunnsdel, og 8 av desse har også levert planutkast til høyring.

Vi ser likevel at både kompetanse og kapasitet knytt til kommunal planlegging er ei utfordring for mange kommunar. Utfordringane her er gjerne størst for dei minste kommunane. Erfaringar med interkommunale plannettverk/ knytt til samarbeid om kunnskapsgrunnlag, utfordringsbilde m.v. mellom anna i samband med planstrategiarbeid vil her kunne vere eit nyttig grep. Etablering av eit plannettverk med deltaking frå dei åtte kommunane på Nordmøre er eit godt eksempel på dette. FMNR har her gitt prosjektstøtte, og følgjer også tett opp det faglege arbeidet i nettverket.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

God innsigelsespraksis

Fylkesmannen gir gode innspel til planarbeidet og har god kompetanse innan dei fagfelta vi skal ivareta. Vi meiner at vi har ein god motsegnspraksis ved at vi er tydelege og gir konkrete tilvisingar til kva nasjonale eller viktige regionale interesser som er lagt til grunn når vi fremmar motsegn til ein plan (jf. rundskriv T-2/16 og H-2/14). Dette gjer vi også i drøftingsmøta med kommunane.

Fylkesmannen har i 2020 fremma motsegn til 71 planar; dette omfattar 65 reguleringsplanar og 6 kommune(del-)planar. I høve til talet på plansaker samla, utgjer motsegnssakene ein relativt låg del. For reguleringsplansaker er det knytt motsegn til om lag 25 prosent av sakene. Dette talet ligg om lag på nivå med tidlegare år. I forhold til kommuneplanens arealdel vil det oftast vere knytt motsegn både til ulike tema og delområde i samband med første gangs offentlig høyring. Omfanget og kompleksiteten i slike overordna planar tilseier at det her meir unntaksvis vil vere planar utan motsegn.

Fylkesmannen har her oppmoda kommunen til å gå i vidare dialog med motsegnsinstansane for å finne løysingar utan å gå vegen direkte om formell mekling. Talet på arealplansaker til mekling har i tråd med dette gått kraftig ned i løpet av dei siste åra. Av i alt 71 motsegnssaker i 2020 vart alle konflikt-/motsegnspunkt med unntak av ei sak løyst gjennom dialog/arbeidsmøte utan at sakene vart tatt vidare til formell mekling.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet

Arealplanar med motsegn frå andre statsetatar blir samordna og konflikter blir forsøkt løyst på drøftingsmøta med kommunane. Det har vore lagt stor vekt på å etablere gode system og rutinar i samband med dette.

Statistikken for 2020 viser at i alt 18 saker er omfatta av samordningsforsøket i vårt embete. Av desse er 16 saker knytt til reguleringsplanar og 2 til kommuneplanar. Av statsetatane er NVE og Statens vegvesen oftast representert som motsegnspart.

Talet på statleg samordna motsegner har gått vesentleg ned etter at fylkeskommunane tok over det meste av statens vegvesen sitt ansvar. Som vi har rapportert tidlegare kjem fråsegnene frå statsetatane ofte seint (etter 14 dagars-fristen). Dette gjer det vanskeleg å drøfte sakene med den enkelte statsetat før brevet går ut. Vi meiner generelt at motsegnene vi får inn for samordning ikkje er av ein slik karakter at vi vurderer avskjering av motsegna. Det er god kontakt mellom Fylkesmannen og NVE i saker om samfunnstryggleik. Motsegnene blir her ofte nærare drøfta før breva går ut.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har på bakgrunn av helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, et kunnskapsgrunnlag for å utarbeide mål for arbeidet med samfunnssikkerhet. Kommunen ser til at denne kunnskapen følges opp i alle planer etter plan- og bygningsloven, for eksempel oppfølging av helhetlig ROS i plansystemet.

Fylkesmannen har i 2020 hatt fokus på heilskapleg ROS-analyse som eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunane. Spesielt har vi i år hatt fokus på å nytte funn i heilskapleg ROS-analyse i kommunen sitt arbeid med ny kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi tilrår kommunane å nytte samfunnsdelen til å fastsette langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og oppfølging av kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik (inkludert klimatilpassing), og at dette arbeidet tek utgangspunkt funn/informasjon i heilskapleg ROS-analyse. I 2020 har vi nytta vår rolle som høyringsinstans for planar til å formidle desse forventingane. Kommunane i fylket er kjent med kva forventingar kommunal beredskapsplikt stiller til systematisk arbeid med samfunnstryggleik, og at dei på bakgrunn av heilskapleg ROS-analyse skal vurdere forhold som bør integrerast i planar og prosessar etter Plan og bygningslova.

Ivaretagelse av samfunnssikkerhet i plansaker (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

I hvilken grad ivaretar kommunen samfunnssikkerhetshensyn i alle planer:

1. Alle planprogram beskriver hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas.
2. Det stilles kvalitetskrav til ROS-analyser og kvalitetssikres i etterhånd, når disse gjennomføres av eksterne.
3. Avdekket risiko og sårbarhet, inkludert klimaendringer, følges opp i planer.
4. Tiltak fra overordnet plan følges opp på lavere plannivå

Planprogramma skildrar korleis samfunnstryggleik skal varetakast. I hovudsak gjennom krav til ROS-analyse.

Fylkesmannen viser i våre fråsegn til oppstart av planar til DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging», og at denne tilrår at kommunane stiller kvalitetskrav til ROS-analysen. Dette har vi òg informert om i "Nyheitsbrev om plan" som er eit samarbeidsprosjekt mellom FM og FK, og vert sendt til alle kommunane i fylket. Vi er usikre på i kva grad kommunen kvalitetsikrar ROS-analysar gjennomført av eksterne. Spesielt når dei er gjort av større konsulentfirma. Kommunane skriv sjeldan om ev. kvalitetskrav dei stiller, eller korleis dei har vurdert kvaliteten til ROS-analysar gjort av eksterne. Dette betyr ikkje at det *ikkje* er gjort, men det er i liten grad synleggjort i dokument.

Kommunane følgjer opp avdekka risiko og sårbarheit, inkl. klimaendringar i planane. SF fremjar motsegn i dei tilfelle der dette ikkje er tilfredsstillande følgt opp. I våre fråsegn til oppstart minner vi m.a. om «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» og "Klimaprofil Møre og Romsdal".

Ut frå det vi kan sjå følgjer planane i stor grad opp tiltak frå overordna plan, i tillegg til funn frå ROS-analysar knytt til den einskilde plan.

Drikkevannsforsyning (fra kapittel 3.1.1.1.3.3 i TB)**Rapportere på**

Kommunene ivaretar og fremmer drikkevannshensyn i de regionale vannforvaltningsplanene.

Fylkesmannen har i 2020 ikkje hatt regionale vassforsyningsplanar til høyring.

Vi har derimot hatt KPA til høyring, og drikkevassomsyn inngår i ROS-analysane til desse planane. Vi ser òg at drikkevassomsyn er eit tema som vert vurdert i heilskapleg ROS-analyse.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.4 i TB)**Rapportere på**

Kommuner med storulykkevirksomheter etablerer hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt virksomhetene når planer revideres/rulleres.

Kommunane følgjer opp storulukkerisiko i planar der det er relevant i middels grad. Med dette meiner vi at vi får planar til høyring der ROS-analysen ikkje har vurdert om planlagt anlegg kan kome inn under storulukkesforskrifta der dette er usikkert. Vi har òg fått inn dispensasjonssøknad der det ikkje kjem fram om storulukkeverksemd som ligg i nærleiken er teke omsyn til. Dette følgjast i **stor grad** opp av kommunane der Fylkesmannen har teke kontakt med kommunen og/eller fremja motsegn eller vurdert klage. Når vi får planar til høyring sikrar vi derfor at kommunar med storulukkesverksemd etablerer omsynssoner med tilhøyrande vilkår rundt verkesemdene når planar reviderast/rullerast. Kommunane følgjer dette opp, etter rettleiing av korleis dette skal gjerast. Fylkesmannen skal jobbe vidare med å gjere DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemd endå betre kjent i kommunane.

Planleggingen skjer i tråd med rundskriv T-2/16 mm (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Tilstrekkelig ivaretagelse av nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med rundskriv T-2/16, Statlige planretningslinjer og andre nasjonale føringer (herunder nye nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging) på klima- og miljøområdet

Fylkesmannen viser aktivt til T-2/16 når vi fremme motsegner. Vi gjer også dette i drøftingsmøter med kommunane. Fylkesmannen kan bli betre på å aktivt reise ut og møte saksbehandlarane og politikarane i kommunane og informere om m.a T-2/16. 2020 var eit unntaksår med tanke på å få til dette.

Boligsosiale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

100 %

Bustadsosiale omsyn i plansaker: Bustadpolitikk og bustadsosiale tilhøve er faste tema/sjekkpunkt i kommunale plansaker til høyring hos Fylkesmannen. I praksis vil dette ofte vere nær kopla til tema som *Barn og unge*, *Universell utforming*, *Folkehelse*, SPR bolig-, areal og og transportplanlegging m.v. Våre erfaringar viser at bustadpolitiske mål og prioriteringar i det kommunale planarbeidet jamt over er lite vektlagt i praksis. Fylkesmannen gir tilbagemelding til dei aktuelle kommunane at dette er viktig og at dei bør ta det inn i planane sine.

Vi samarbeider med Husbanken om innsats på bustadsosialt arbeid. Regelverk knytt til tilskot til kommunalt rusarbeid viser til at tiltak knytt til bustad skal prioriterast.

I årleg opplæringsstilbod til tilsette i NAV er bustadsosiale omsyn tema både på system og individnivå, og det vert vist til bustadpolitisk strategi og til veiviseren.no

Husbanken har hatt eit eige prosjekt knytt til bustadplanlegging til ei aldrande befolkning, i samarbeid med Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Tre kommunar tok del i prosjektet.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging skjer i tråd med Lov om folkehelsearbeid §6, Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene (FOR-2016-10-28-1250), og bærekraftsmål i § 1.1 i Plan- og bygningsloven.

Kommunane i Møre og Romsdal har i sin kartlegging og analyse i arbeidet med planstrategiane tatt med kompetanse og rekrutteringsutfordringane dei står over. Særleg med tanke på demografiutfordringane, og auke i talet på personar med demenssjukdom.

Vi har fått tilsendt kompetanseplaner frå alle kommunane, men mange av dei er ikkje politisk vedtekne. I våre tilbagemeldingar på planstrategiane og samfunnsplanene vert det presisert at kompetanse er ein nøkkel til kvalitet, og at kommunane skal sikre rett og forsvarleg kompetanse i helse-, omsorg- og sosiale tenester. Vi påpeikar og at ein strategisk kompetanseplan er ein del av kommunen sitt planverk som seier noko om kva kompetanse kommunen treng for å nå måla.

Vi har vidare teke opp tema rekruttering og strategisk kompetanseplanlegging i vårt årlege møte om Kompetanseløftet, på ulike samlinger om Leve hele livet og i dialogmøta om Leve hele livet i 2019. Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring og oversiktsarbeid folkehelse har vore tema i plannettverk, Omsorgskonferansen 2020 og møte om Kompetanseløftet.

I det årlege forventningsbrevet til kommunane frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og i møte med nye kommunedirektørar, er rekruttering og kompetanseutvikling og tema.

Vi har etablert eit nettverk i 2020 for leiarar av helse og omsorgstjenestene, der mellom anna kompetanseplanlegging og rekruttering er tema, samt forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring.

Det er gjennomført ei ROS analyse av kommunane til internt bruk i høve kompetanse, der vi ser kva kommunar som har store utfordringar med personell med relevant fagutdanning. Vi vil ta utgangspunkt i dette i dialog om utfordringane med kommunane. I vår verksemdsplanlegging har vi delt inn risikoreduserande tiltak etter kven som er mottakarar av informasjon/opplæring, kven som er som leiarar, tilsette med direkte brukar/pasient kontakt og innbyggjarar/pasient/bukar.

I tilsyn ser vi at tilgang på helsepersonell med relevant fagutdanning er ei utfordring. Dette er nærare beskrevet i punkt 7.3.3.6.1. om kompetanseløftet. Vi ser det same i talet på dispensasjonssøknadar i høve gjennomføring av tvang til personar som har ei utviklingshemming der lovgevinga regulerer kva kompetanse som må til i høve ulike tvangstiltak. Antal overprøvingar ligg nokonlunde jamt, frå 124 til 156 over dei siste tre åra. Samstundes med overprøvingane gjer vi og ei vurdering av dispensasjonssøknadar. Vi har utarbeidd kriteriegrunnlag for kva vi legg til grunn for å gje dispensasjon i høve utdanningskravet i lova. Dette har nok noko betydning for sakshandsamingstida vår men effekten av tiltaket er at kommunane etter kvart i større grad har prioritert å utdanne fleire vernepleiarar. Fylkesmannen har gitt innspel til høgskulane om behovet for desentraliserte utdanningsløp, og kovar det bør vere. Det er oppretta eit desentralisert vernepleiarutdanning fleire stader i fylket, med grunnlag i behov for naudsynt kompetanse på området.

I vår oppfølging etter tilsyn er kompetanseplanlegging og rekruttering eit viktig tema.

Vi ser at kommunane kan ha kompetanseplaner med oversikt over naudsynt kompetanse. Vi ser og at fleire kommunar har utfordringar i å få tilsttte til å reise langt for å ta ei utdanning. Vi samarbeider med Høgskulane/NTNU, og Fylkeskommunen på vidaregåande nivå. Der kjem statsforvaltaren med innspel på behov for nye utdanningar, innhaldet i utdanningane, desentraliserte utdanningar og fleire fagskuleutdanningar.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

SPR for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR BATP) ligg inne som fast sjekkpunkt i plansaksbehandlinga. Konflikten mellom fortetting i tråd med SPR BATP i sentrumsnære område og jordvern er ofte utfordrande.

Fylkesmannen hadde ingen motsegner til reguleringsplanar for tema BATP i 2020, men til to kommuneplanar.

I dei tilfella Fylkesmannen aksepterer nedbygging av matjord gjennom kommuneplanarbeid, så vert dette følgd opp i reguleringsplanarbeidet med vilkår om høg utnyttingsgrad på arealet. Det er generelt lite forståing for SPR BATP i mange av småkommunane i fylket.

Ålesund kommune har under arbeid *Plan for Areal, Klima og Transport for Ålesundregionen* med m.a fokus på fortetting. Dette vil seinare medføre revidering av kommuneplanane for alle fem kommunane som no er blitt til ein del av "nye" Ålesund. Vi har forventningar til at SPRèn vil stå sentralt her.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

Vi stiller alltid krav til massehåndtering i saker der dette er aktuelt. Det har vore spesielt utfordrande i store vegsaker som t.d Nordøyvegen i Ålesund kommune.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Tema *strandsone* og *vassdrag* er lagt inn som fast sjekkpunkt i alle plan- og dispensasjonssaker.

Kommunane tek i **betydeleg grad** omsyn til vassdragsnatur. Ingen motsegner eller klager til dette tema i 2020. **Middels grad** når det gjeld 100 m beltet langs sjøen. Viser i for liten grad til dei nasjonale planretningslinjene for strandsona, men tek likevel omsyn til strandsona i planar og dispensasjonar slik at det er få klager og motsegner i høve strandsonevernet.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventningar og regionale planer

Høgjellsområda i fylket er i stor grad verna enten som nasjonalparker eller landskapsvernområde (Trollheimen). Kommunane har i **liten grad** satt endelege utbyggingsgrenser mot fjell og utmark. Det er mange dispensasjonar fra LNF og reguleringsplaner i strid med kommuneplanen for m.a hyttebygging. Mest kontroversielle utbyggingssak i internasjonalt verdfull natur er ønske om å bygge gondolbane i Geiranger.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner har kunnskap om landbrukets arealbehov, og ivaretar landbrukets interesser og behov i planprosesser og arealforvaltning.

Kommunane ivaretek nasjonale føringar for landbrukets arealressurser i middels grad. Gjennom kommuneplans arealdel sitt planprogram og oppstartsmelding er Fylkesmannen veldig tydeleg på nasjonale- og regionale føringar som nasjonal jordvernstrategi, og nasjonalt- og regionalt jordvernmål. Vi brukar å vere særst tydelege på kva forventningar vi har i det vidare planarbeidet med at landbrukets næringsareal må ivaretakast til framtidig matproduksjon. I noko aukande grad ser vi at fleire kommunar legg alle private innspel ut til offentleg ettersyn, sjølv om administrasjonen er negativ til omdisponering av dyrka mark. Då vert det eit større arbeid for Fylkesmannen å følgje opp og fremje motsegn der det trengs, jamfør avklaringsbrevet frå tidlegare statsråd Hoksrud. Difor vert det også ein del motsegn til kommuneplanane, men alt vert for det meste løyst i god dialog for

evt. mekling. Etter at Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok eit regionalt jordvernmål, så har Fylkesmannen fått ein tydeleg medspelar, og saman står vi nok sterkare i jordvernsaker i framtida.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)

Rapportere på

Omdisponering er i tråd med Stortingets jordvernmål 2020.

Fylkesmannen meiner kommunane planlegg i tråd med nasjonale føringar innan jordvern i middels grad. Argumentasjon går fram av 3.1.1.1.9.1. Vi har ein del uheldige vedtekte arealplaner, som kan gje høge omdisponeringstal dei neste åra. Det er ein lang prosess med regulering, og nokre planar er meir omfattande enn andre. Viss reguleringsarbeidet vert spreidd over tid, så kan vi også i dei næraste åra kanskje nå det regionale jordvernmålet på 200 dekar, noko som er vår relative andel av det nasjonale målet på 4000 dekar. Fylkesmannen har tidlegare år vore særskild aktiv med kommunebesøk til formannskap/planutvalg for å presentere nasjonal jordvernstrategi. Vi meiner vi ser god effekt på dette i planarbeid og dispensasjonar, og vil prioritere dette så fort det let seg gjere jfr. pandemien. 2020 vart slikt sett eit annleis år med null kommunebesøk. Ein kunne sjølv sagt arrangert webinar osv, men vi føler vi får meir igjen av innsatsen med å møte politikarar på deira heimebane og at ein slik byggjer relasjon, tillit og grunnlag for felles forståing av forventningar og utfordringar. At Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn fylkestingets vedtak på regionalt jordvernmål i kommuneplanarbeidet, styrkar innsatsen for bevaring av landbrukets næringsareal i framtida.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
597.0	286.0	253.0	334.0	463.0	403.0	254.0	602.0	183.0	167.0

For andre året på rad når vi det regionale jordvernmålet på under 200 dekar dyrka mark.

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 med tilhørende veileder i kommunene

Fylkesmannen ser til at KU forskrifta blir fulgt opp i planane. Ein del manglar når det gjeld KU til kommuneplanens arealdel. Spesielt gjeld dette manglande samla vurdering.

Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.12.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging skjer i tråd med Folkehelseloven § 5-7, og § 3-1 f) samt kap. 10 og 11 i Plan- og bygningsloven. Kommunene har fått formidlet revidert veiledning ([Helsedirektoratets nettsider](#)) til et systematisk folkehelsearbeid.

Tema *folkehelse* er lagt inn som fast sjekkpunkt i alle kommunale plansaker. Temaet er ofte tett kopla til tema som *friluftsliv og grønstruktur, universell utforming, bustadosialt arbeid*, og *SPR for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*.

Vi har peika på folkehelsearbeid som viktig premis for å arbeide målretta med den sosiale dimensjonen i berekraftsmåla. Vi har i fleire digitale møte, også i samarbeid med fylkeskommunen sett folkehelse og oversiktsarbeid på dagsorden mellom anna på omsorgskonferanse, i dialogmøte om *Leve heile livet*, i planforum og på plannettverkssamlingar.

3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkesmannen har i 2020 i hovudsak støtta kommunanes arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, gjennom vår støtte og rettleiing til kommunane i deira arbeid med krisehandtering av pandemien.

- Vår støtte til kommunane har hatt stor bredde og omfatta samfunnstryggleik og beredskap innfor fleire sektorar / fagområde.
- Aktiviteten har vore omfattande, og har involvert bidrag frå fleire fagavdelingar hos Fylkesmannen. Dette omfatta til dømes førebyggjande arbeid og beredskapsplanlegging, arbeid med å bygge kontinuitet, og den operative krisehandteringa.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommuner for tilsyn velges ut på bakgrunn av en vurdering av risiko og vesentlighet. For å tilfredsstille nasjonale smitteråd kan Fylkesmannen vurdere alternativer til fysisk tilsyn, for eksempel via elektroniske plattformer. Fylkesmannen vurderer om helseberedskap skal inngå i tilsynet, ref. 3.1.1.2.1.2. Fylkesmannen forventes å gjennomføre tilsyn i 2020 så langt det lar seg gjøre, og tilpasser tilsynsaktiviteten slik at kommunene kan prioritere ressurser til å håndtere Covid-19.

Planen for 2020 var å gjennomføre 7 tilsyn med oppfølging av lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Eit tilsyn og eit formøte som start på eit nytt tilsyn vart gjennomført i perioden fram til 10 mars. Etter dette vart kommunar og Fylkesmannen opptatt med å handtere Koronapandemien som prega resten av året. Fylkesmannen prioriterte krisehandtering og rettleiing av kommunane i denne perioden, og har ikkje funne det rett å gjennomføre tilsyn etter oppsett plan. Vi ser føre oss å kome i gang med tilsynsaktiviteten igjen andre halvår 2021.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall kommuner gjennomført tilsyn
25.00 %	-21.15	3.85 %	26.00	1.00

Felles tilsyn med beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen avgjør om det skal gjennomføres tilsyn med helseberedskap i kommunene basert på kunnskap om risiko og sårbarhet. Tilsyn med helseberedskap i kommunene skal gjennomføres som felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelsesloven, jf. [Veileder for felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap](#) fra DSB og Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen har i 2020 ikkje gjennomført felles tilsyn med helseberedskap og kommunal beredskapsplikt.

I januar 2020 deltok representantar frå helse- og sosialavdelinga og samfunnstryggleik- og beredskapsstaben på DSB sitt felles tilsynsseminar. Dette var planlagt som start på felles tilsyn fra FMRR.

Veiledning om samfunnsikkerhet og beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal styrke veiledningen i kommunene i arbeidet med samfunnsikkerhet og beredskap, herunder helseberedskap.

Fylkesmannen har på grunn av pandemien i stor grad rettleia kommunane i 2020 innanfor både samfunnstryggleik og helseberedskap. Rettleiing har skjedd skriftleg og munnleg, og har i periodar vore omfattande. Mykje rettleiing har gått på det førebyggjande, gjennom å lage gode beredskapsplanar, pandemiplanar, kontinuitetsplanar osv. Mykje rettleiing har òg vore knytt til krisehandtering, og tolking av krav, råd og forventingar frå nasjonale mynde. Samverkemøta til Fylkesmannen, i tillegg til mange andre samverkemøte og fagmøte, har vore viktige i rettleiingsarbeidet.

Gjennom pandemien har kommunane rapportert til Fylkesmannen kvar veke. I rapportane har kommunane høve til å stille spørsmål til SFMR og rapportere utfordringar. Disse svarer vi ut enten direkte til kommunane eller i felles samverkemøte med kommunane/kommunal kriseleiing. Spørsmål og problem vi ikkje kunne svare ut, vart sendt/formidla til sentrale mynde, og svar delt i samverkemøte eller direkte til kommunen.

Egenberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.2.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i 2020 bidra til at kommunene arbeider for styrket egenberedskap hos innbyggerne gjennom lokale tiltak og oppfølging av *Egenberedskapskampanjen* fra DSB.

Som følge av pandemien har ikkje Fylkesmannen i 2020 teke eige initiativ til å informere om egenberedskapskampanjen.

Øvelse for kommunens kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i løpet av 2019- 2022 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Fylkesmannen har i 2020 ikkje gjennomført øvingar for kommunar sin kriseorganisasjon. Kommunane har gjennom store delar av 2020 handtert

pandemien, i tillegg til andre hendinger som ev. har oppstått i kommunane.

Fleire av kommunane har gjennomført egne øvingar knytt til TISK-strategien. Fylkesmannen har delt øvingsscenario og øvingsmaterieill, og har tilbudt støtte ved behov.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

Ar	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	35	19	Øve kommunal kriseleiing
2020	26	0	Øve kommunal kriseleiing

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

FM har lagt vekt på behovet og nytten av at kommunane har fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel. Status ved utgangen av 2019 viste at mange av kommunane våre hadde utdaterte planar. Som resultat av kommunereforma fekk vi i vårt fylke gjennom kommunesamanslåing frå 01.01.2020 fem nye kommunar, Det samla talet på kommunar vart redusert frå 35 til 26.

Ved utgangen av året har FMNR mottatt utkast til planstrategi for perioden 2020 – 2023 frå 24 av 26 kommunar. Dei to siste kommunane kjem med sine utkast til planstrategiar tidleg i 2021. Mange kommunar har kopla planstrategiarbeidet direkte til oppstartsmelding/planprogram for kommuneplanens samfunnsdel, og med signal om vedtak av ny KP samfunnsdel i løpet av 2021.

FM ser positivt på at kommunane tidleg i planperioden har starta arbeidet med utarbeiding av ny kommuneplan. Så langt har 17 kommunar meldt oppstart av arbeid med rullering av KP samfunnsdel, og 9 av desse har også fått utarbeidd planutkast til offentlig høyring. Dette omfattar både nye og "gamle " kommunar. Dersom KP samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, stiller dette krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner og fylkeskommuner har vedtatt en kommunal planstrategi i 2020

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMNR) har i 2020 prioritert tett oppfølging av det strategiske planarbeidet i kommunane.

Arbeidet med eit samla utfordringsbilde og kunnskapsgrunnlag vil vere eit viktig utgangspunkt for arbeidet med den kommunale planstrategien. Fylkeskommunens arbeid med Regional planstrategi og Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal har her vore ein nyttig referanse. Saman med ny utgåve av Fylkesstatistikk, Kommunestatistikk og Folkehelsestatistikk, samt dokumentet Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030 utgjør dette eit viktig kunnskapsgrunnlag for det vidare planarbeidet i kommunane.

Ved utgangen av året har FMNR mottatt utkast til planstrategi for perioden 2020 – 2023 frå 24 av 26 kommunar. Kommunane som ikkje har levert er særkild kontakta.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos FMNR leverer innspel til våre høyringsfråsegner. Arbeidet med kommunal planstrategi og strategisk kommuneplanleging har elles vore tema i samband med kommunedialogmøta som er gjennomført med alle våre 26 kommunar i løpet av 2020.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

God og rask klagesaksbehandling

Vi har i 2020 ikkje greid å behandle alle klager på vedtatte reguleringsplanar så raskt som vi skulle ønske. Bakgrunnen for dette er hovudsakleg at fleire av våre saksbehandlarar har vore i permisjon, og at vi har hatt vakante stillingar for delar av 2020. Vidare har vi i den perioden prioritert å behandle klager i byggesaker innanfor 12-vekersfristen.

I andre halvdel av 2020 har vi i større grad greid å halde ei god saksbehandlingstid for klager på vedtatte reguleringsplaner.

Vi tar sikte på å fortsette den gode utviklinga i 2021. Noverande ressursituasjon tilseier at vi skal vere betre rusta til å gi god og rask klagesaksbehandling.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Vi gjer ei vurdering av juridiske føresegn til alle kommuneplanar som er på høyring. Ved behov vurderar vi også juridiske føresegn til reguleringsplanar som er på høyring.

Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften følges opp

I kommuneplanens arealdel blir det alltid utarbeida ei form for KU for nye utbyggingsområde. Kvaliteten her variere mykje, fra i **liten grad til middels grad**. Vi har motsegn til nokre planar pga av at vi meiner krava i KU forskrifta ikkje er fulgt opp. For samla vurdering er dette i **liten grad** fulgt opp. I reguleringsplanar er det som regel private som gjer jobben, og her er det jevnt over betre kvalitet på KU. Fra **middels grad til betydeleg grad**.

Vurdering av opphevelse eller revisjon av planer (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal ha blitt informert og veiledet om at de skal vurdere opphevelse eller revisjon av gamle planer, basert på ny og relevant kunnskap om samfunnsikkerhet.

Fylkesmannen har i alle planstrategiar informert og rettleia kommunane om at dei skal vurdere oppheving eller revidering av gamle planar, basert på ny og relevant kunnskap om samfunnsstryggleik (t.d. informasjon avdekkja gjennom heilskapleg ROS-analyse).

Fylkesmannen har i alle planstrategiar informert og rettleia kommunane om at dei skal vurdere om omsynet til eit endra klima førar med seg eit behov for nye planar, eller oppheving eller revisjon av gjeldande planar, jf. "Statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing».

Kommunane vurderer i stor grad behovet for oppdatering/revidering av heilskapleg ROS-analyse i planstrategiane.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har hatt god kontakt og dialog med kommunane og gjennomført kompetansetiltak som planlagt, i digital form.

Som elles i landet ser vi ein nedgang i talet på klagesaker. Alle har vore behandla innan fristen. Kommunane treng vidare opplæring i sosialtjenestelova, og vi nyttar alle kontaktpunkt vi har gjennom til dømes klagesaker, dialog, fagmøter leiarmøter, til å gi informasjon og rettleiing. Når det gjeld fagdagar og kurs, som webinar og Ny i NAV, er desse aktivitetane planlagt saman med eller i samråd med NAV Møre og Romsdal. Vi har godt fungerande nettverk både på KVP og økonomisk rådgjeving der ressursar frå kommunane vert brukt i både planlegging og opplæring.

I dialog med NAV leiarane avdekte vi behov for ekstra opplæring i sosialtjenestelova og økonomisk rådgjeving. Vi gjennomførte dette opplæringstiltaket då NAV forventa ei auke i økonomisk stønad pga pandemien. Dette vart teke godt i mot.

Vi har systematisk følgd opp kommunar der det gjennom tilsyn, klagesaksbehandling, veiledning er avdekt særlege utfordringar i praktiseringa av sosialtjenestelova.

Mange har deltatt på dei webinarane vi har hatt, erfaringsmessig fleire enn om vi hadde arrangert fysiske møter. Samstundes ser vi at dialog med kommunane er vanskeleg i ei slik form. Dette er erfaringar å ha med seg vidare i planlegging for komande år, der ei balansert fordeling mellom fysiske og digitale møter truleg vil vere å føretrekke.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket har fått tilbud om opplæring i sosialtjenesteloven og forskrifter med særlig vekt på individuelle vurderinger knyttet til de sosiale tjenestene.

I mars og april var det lagt til rette for 2 dagers opplæring i lov om sosiale tenester for nye i NAV. Då nedstenginga var ein realitet og fysiske samlingar ikkje var mogleg å gjennomføre fekk alle NAVkontora tilbod om same opplæring digitalt, fordelt på fire halve dagar. Dei fleste NAVkontora melde seg på denne opplæringa og tilbakemeldingane både på form og innhald var svært gode. Ut over formelle kurs vart det gitt mykje opplæring gjennom kontakt med tilsette i NAV både på telefon og på epost.

I samarbeid med NAV fylke har sosialtjenestelova vore tema på kursrekka Ny i NAV.

Vi ser at behovet for opplæring i sosialtenestelova fortsatt er stort, større enn det har vore rom for å tilby i 2020, både av omsyn til pandemi og tid. Vi ser at det er behov for slik opplæring i klagesaker, i tilsyn og det kjem fram i dialogen med tilsette i NAV kontora. Vi har ikkje informasjon om at kommunane tilbyr opplæring sjølv jf. plikta til dette i sosialtenestelova § 6.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	21	21

NAV kontor med lav kunnskap tilbys opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

NAV-kontor som vurderes å ha lav kunnskap om sosialtjenesteloven og hvordan den skal praktiseres, eller forvaltningsloven og saksbehandlingsreglene i sosialtjenesteloven, har fått tilbud om særskilt opplæring.

I 2020 er det ikkje gitt særskilt systematisk opplæring til enkeltkontor. Vi gir utvida veiledning og oppfølging til tilsette når dei tar kontakt, og rettleiar dei enten på telefon eller epost. I tillegg vert det sendt med følgeskriv til NAV-kontoret i samband med klagesaker, der vi ser kontora har utfordringar i korleis dei bruker lovverket. Når vi gjennom klagesaker eller i kontakt med kontor ser at fleire har utfordringar på særskilte område blir dette tatt opp som tema på NAV-leiarmøter. Utfordringar blir også diskuterte i vår interne faggruppe, slik at vi er særleg merksame på utfordringsbildet og kan ta det med i dialogen med enkeltkontor. I opplæringa vi tilbyr NAV vert også tema vi ser er vanskelege for fleire tatt opp som tema eller som case.

Oppfølging av kommuner (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har systematisk fulgt opp kommuner der det gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og veiledning er avdekket særlege utfordringar ved praktisering av sosialtjenesteloven.

Vi har følgt opp kontora der vi gjennom klagehandsaming og anna, har funne det naudsynt. Det har då blitt gjort ved rettleiing på telefon/epost, følgeskriv til klagesaker, tema på kurs/fagdagar og på NAV-leiarmøte.

I tillegg har vi hatt møte med NAV leiarar og kommunedirektørar. Det vart og sendt ut brev til alle kommunedirektørane med informasjon av viktigheita av fokus på god tilgjenge til dei sosiale tenestene under pandemien. Vi hadde møte med NAV-regiondirektør og embetsleiinga i høve dette.

Vi har i fleire situasjonsrapportar til kommunane mellom anna stilt spørsmål om dei sosiale tenestene og tilgjengelegheit for brukarane. Den informasjonen vi samla sett fekk, har blitt brukt i ulike prioriteringar innafor området.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor har fått tilbud om opplæring eller veiledning i bruk av midlertidig forskrift om unntak fra sosialtjenesteloven og midlertidig veileder for behandling av saker om økonomisk stønad under koronapandemien

I juni vart det arrangert digitalt dialogmøte med alle NAV-leiarar og kommunedirektørar om tema knytt til situasjonen i høve pandemien. Rettleiarar for handsaming av saker knytt til økonomisk stønad i pandemien og rettleiarar i bruk av førebels forskrift om unntak frå sosialtenestelova, vart presentert og gjennomgått i dette møtet. Alle NAV kontora var representert i møtet. I det vidare rettleia vi på telefon når dei tok kontakt.

Vi hadde oppretta ei Teams gruppe for NAV leiarane og oss, og all ny informasjon vart lagt ut på denne gruppa. Rettleiarane vart og lagt ut i fleire digitale kanalar mellom oss og NAV og det vart sendt ut informasjonsskriv til alle kommunar og NAV-kontor.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor har fått tilbud om veiledning eller opplæring knyttet til nye utfordringar som oppstår som følge av Covid-19. Utfordringene vil potensielt variere mellom regioner, og kan eksempelvis omfatte fortolkning av sosialtjenesteloven opp mot nye brukergrupper.

Fylkesmannen var i tett dialog med NAV Møre og Romsdal i vår, når pandemien førde til stenging av NAV-kontora. Vi hadde mellom anna eit møte med alle leiarane på NAV kontora, saman med NAV MR. I etterkant av møtet blei det saman med alle NAV-leiarane gjort ei kartlegginga av behov kontora hadde for opplæring på sosialtenestelova i samband med pandemien. 22. og 23. april blei det gjennomført lovopplæring for seks NAV-kontor på Teams der temaet var fokus på bruk av Rundskriv 35, lova sitt formål, §§ 17, 18, 19 Vi brukte ukesrapporteringa i beredskapslina hos Fylkesmannen til å få svar

på spørsmål knytt til korleis NAV-kontora fulgde opp brukarar med behov for oppfølging.

I juni hadde vi eit dialogmøte med kommunalsjefar og NAV-leiarar for å få eit best mogleg bilete av situasjonen i kommunane. Informasjon om rettleiaren til bruk under pandemien var tydeleg formidla gjennom fleire kanalar. Ellers vart det også i samband med problemstillingar knytt til pandemien gitt særskilt rettleiing gjennom epost og telefon når kontora tok kontakt for rettleiing. Det vart i tillegg oppretta eige gruppe på teams for informasjon, spørsmål og svar. I løpet av sommaren var fysisk åpningstider og tid for drop-in eit aktuelt tema i dialog med kommunane då fleire kontor i vårt fylke hadde redusert tilgjenge ut over det som var anbefalt.

3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet

Fylkesmannen gjennomførte i 2019 3 opplæringsdagar for kommunane knytt til Helsedirektoratet sitt rettleiingsmateriale på området sjølvskading og førebygging av sjølv mord. I 2020 var det planlagt etablering av kommunale nettverk i samarbeid med RVTS Midt, men dette måtte utsetjast grunna pandemiasituasjonen. Ny samling er planlagt gjennomført den 12. februar i 2021. Vi ser stor interesse og påmelding frå kommunane. Vi ser at fleire kommunar allereie har utarbeidd gode prosedyrar og handlingsplanar på området, men mykje arbeid gjenstår.

Fylkesmannen har innleia eit samarbeid med KoRus, Napha og Husbanken - "Muligheter og utfordringer i samarbeid på tvers" MUST 2020. Vi hadde ei målsetting om å samarbeide tett med kommunane slik at vi fekk identifisert og arbeid med utfordringane dei opplevde rundt samarbeid i tenestene. Fleire kommunar vart inviterte til å delta, men kapasitet og ikkje minst arbeid med pandemien gjorde at fleire takka nei eller trekte seg frå arbeidet. Vi er godt i gang med to kommunar, men mykje av arbeidet som ikkje kan gjerast digitalt har vi måtte utsetje. Grunna pandemien har vi ikkje fått med så mange kommunar som vi hadde håpa på, men vi fortset med dette arbeidet i 2021.

Tidleg på året, før nedstenging, deltok Fylkesmannen på oversiktsseminar som KoRus arrangerte for kommunegrupper på Sunnmøre og Nordmøre. For Romsdal vart det gjennomført i 2019. Føremålet med desse seminara var å gje eit overblikk over utfordringsbiletet sett frå fleire lokale og regionale aktørar sin ståstad, slik at kommunane sjølv kunne velje ut og spisse innsats i eigen kommune. 90% av kommunane har gjennomført eller er i gang med å førebu oversiktsseminar.

Ved oppstart av MUST 2020 (sjå over) valde KoRus og Fylkesmannen å samarbeide om arbeidet med pakkeforløp. Vi fant det teneleg å ta med tverrfagleg innsats som ein del av dette arbeidet. Pakkeforløp har vore tema på kommunemøta vi har hatt digitalt. SINTEF rapporten syner at det er etablert forløpskoordinator i 12 av våre kommunar, 10 kommunar har ikkje fått på plass forløpskoordinator medan 4 kommunar ikkje har svart på rapporten.

Vi vil følgje kommunane som ikkje har etablert forløpskoordinator i eit samarbeid med NAPHA og spesialisthelsetenesta. Alle kommunane vert invitert, og det vert gjennomført opplæring og gjennomgang av pakkeforløpa.

I Møre og Romsdal har vi tre krisesentra. Krisesentra har ein sentral rolle som pådrivar for at kommunane får på plass handlingsplanar for vald i nære relasjonar. Vi har tildelt skjønnsmidlar til kommunane rundt alle krisesentra, for at dei skal prioritere å utarbeide nye/reviderte handlingsplanar i samarbeid. Vi har og følgd opp arbeidet.

Alle dei 7 kommunane som er knytt til krisesenteret i Molde, har vedtatte handlingsplanar.

Dei 13 kommunane rundt Sunnmøre krisesenter har arbeid målretta og handlingsplanane er sendt ut til høyring. Endelege vedtak i alle kommunane er forventa i løpet av februar/mars 2021.

Vi følgjer opp Nordmøre krisesenter, som framleis har mykje arbeid som står att å gjere med å få eit godt samarbeid om felles handlingsplan mellom dei fem kommunane som er knytt til senteret.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020 laga eit elektronisk eigenvurderingsskjema for å undersøkje om kommunane overheld plikta si til oppfølging i reetableringsfasen. Vi har nytta dette som eigenvurderingstilsyn i tre kommunar. Det er gode erfaringar frå denne praksisen, då dei gjer uttrykk for betra internkontroll og sikrar betre samhandling. I desember 2020 har vi lagt fram våre erfaringar frå dette tilsynet til dei andre embeta i fagsamling i regi av direktoratet. I 2021 er det planlagt å halde fram med tilsvarande tilsyn på området. Kort rapport etter tilsynet er sendt til kommunen i tillegg kopi til direktoratet.

Det er etablert ACT/FACT team i heile fylket men vi arbeider med oppfølging av spesielt det eine teamet, som slit med å få etablert forpliktande samarbeidsavtalar med omliggjande kommunar.

Fylkesmannen har valgt å prioritere tildeling av tilskot knytt til ordninga "Tilbud til voksne med langvarige og sammensatte behov for tjenester" for å få på plass eit likeverdig tilbud i heile fylket til denne sårbare gruppa. Gjennom etablering av ACT- og FACT-team meiner vi at ein når fleire av dei som slit med samansette vanskar innan rus og psykisk helseutfordringar og som ein tidlegare har hatt problem med å nå med eit godt tenestetilbod.

Det er i 2020 arbeid målretta med etablering av felles fagnettverk i Trøndelag og Møre og Romsdal knytt til ACT- og FACT-team. Målet er at dette skal bli ein viktig arena for deling av erfaring og kunnskap knytt til arbeidet. Fylkesmannsembeta i begge fylke har saman med NAPHA teke ansvaret for å koordinere arbeidet i 2020. Det var planlagt fysisk samling med teama i april men den vart avlyst grunna pandemien.

Digital fagsamling er gjennomført der forsknings-rapport knytt til erfaring og drift av FACT-team vart presentert. Det var god deltaking frå alle teama i Midt-Noreg. Det er lagt planar for ny nettverksamling i 2021.

Faste aktivitetar vi har, knytt til dialog med kommunane, blei i år erstatta med to digitale møter med kommunane. Eitt av desse var tema tenester til pasientar og brukarar med psykiske og/eller rusproblem i pandemien og det andre knytt til innsats på område pakkeforløp, sjølv morderførebygging, vald i

nære relasjoner og opptrappingsplan for barn og unge psykisk helse. Siste møte var i samarbeid med KoRus. Vidare har vi faste dialogmøter med NAPHA og KoRus og tett samarbeid med RVTS om innsats på felte sjølvordførebbygging og vald i nære relasjonar. Vi samarbeider og tett med NAV Møre og Romsdal for kunnskap om desse områda for tilsette i NAV. Opptrappingsplan for barn og unge og psykisk helse og innsats mot vald i nære relasjonar er tema i Fylkesmannen sitt høyringsvar til alle planstrategiar. Innsats på desse områda er også gjort tydeleg i vårt forventningsbrev til kommunane.

Når det gjeld oppdrag knytt til vald i sjukeheim er oppdrag utsatt jf brev frå Helsedirektoratet 03.12.20 - ny frist er satt til 01.04.21.

Vi vil ut over dette vise til rapportering knytt til pkt 7.3.3.3 med utsett frist til 01.04.2021

Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, ru (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på
100%

I Møre og Romsdal er det 20 kommunar som rapporterer at dei har kartlagt i Brukerplan. I rapport frå SINTEF er det fire kommunar i Møre og Romsdal som ikkje har svart medan to svarar at dei ikkje har kartlagt. Begge desse er svært små kommunar.

Vi samarbeider tett med KoRus i dialog med kommunane om å ta dette verktøyet i bruk. Det har vore tema i dialogmøter med kommunane med ei oppfordring om å nytte seg av det. Fylkesmannen har og vist til Brukerplan i høyringsvar på planar (planstrategi, samfunnsdel og helse og omsorgsplan eller liknande).

3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid

Tema folkehelse er eit fast sjekkpunkt i alle plansaker til handsaming hos FMMR og inngår og som eit viktig kunnskapsgrunnlag til det kommunale planarbeidet. Temaet er ofte nær kopla til og blir sett i samheng med tema som friluftsliv, grøn struktur, universell utforming, barn og unge, bustadsosialt arbeid og SPR for samordna bustad-, areal og transportplanlegging.

Folkehelse og sosial berekraft har og vore tema i fleire møte, seminar og fagsamlingar i regi av Fylkesmannen i løpet av 2020.

Vi har tett samarbeid med Fylkeskommunen og Idrettskretsen om innsats på folkehelseområdet. Vi samarbeider om webinar, arbeid med Frisklivssentralar og oppfølging av folkehelsekoordinatorar. Fylkesmannen er representert i Styringsgruppa til Folkehelseprogrammet.

Tema knytt til Folkehelseperspektivet har fått ein sentral plass i arbeidet "Leve hele livet " både i dialogmøter og anna kontakt med kommunane, og internt i det regionale støtteapparatet.

Andel kommuner som har etablert et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på
100%

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sendte i november eit spørreskjema for å kartlegge diverse levekårsområde, i samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune og Møre og Romsdal Idrettskrets. Det var 13 av 26 kommunar som svarte. Om kommunen har etablert eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid var eit av spørsmål. Ni av dei kommunane som svarte, seier dei har slikt arbeid i middels eller i stor grad. Ingen svarte i svært stor grad.

Folkehelse inngår som eit fast sjekkpunkt i alle kommunale plansaker hos Fylkesmannen. Vi har ikkje systematisk gått gjennom alle planstrategiane for å føre statistikk, men eit hovudintrykk er at mange av kommunane har intensjonar om at folkehelseperspektivet må vere eit vesentleg perspektiv i vidare planlegging, spesielt med tanke på det sosiale dimensjonen i berekraftsmåla. Ut frå vår vurdering kan svarprosenten frå spørjeundersøkinga og vurderingar frå gjennomgang av planstrategiar, gi at om lag 70% av kommunane har fokus på folkehelsearbeidet i sine langsiktige planar

I høyringsvar til alle kommunane, vert krav om skriftleg oversiktsdokument jf. Folkehelseloven § 5 poengtert. I tillegg vart det vist til dette i Fylkesmannen sitt forventningsbrev til kommunane både i 2020 og i 2021. Folkehelsearbeidet har også vore viktige tema i dialogmøter med kommunane i regi av både plannettverk, og i dialogmøter om eldrereforma "Leve hele livet".

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
100 %	- 30 %	70 %

Anslag ut frå arbeid gjennom året

3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Effekten av arbeidet på dette området viser at andel avtalte årsverk av personell med fagutdanning på høgskule har auka frå 2018 til 2019 i 63% (22) av kommunane og ein nedgang i 37% (13) av kommunane. På vidaregåande nivå er det ein auke i 57% (20) av kommunane og nedgang i 43% (15) av kommunane. Det er 5 kommunar som har nedgang både på høgskule og vidaregåande og 11 kommunar har auke på begge nivåa.

Sunddal kommune starta med desentralisert sjukepleieutdanning 2016-2019 i samarbeid med Høgskulen i Molde. Sunddal har den høgste andel avtalte årsverk av personell med fagutdanning i Møre og Romsdal, på totalt 88%. Det er 13 kommunar som har over 80%. Kommunane med lavaste andel med fagutdanning, er Stordal med 65%, som nå er ein del av Fjord kommune, og Stranda med 66%. Så det er fortsatt utfordringar knytt til kapasitet i kommunale helse- og omsorgstenester.

Det vert gitt tilskot til bachelor for sjukepleiarar og vernepleiarar, men det kan synes som om at det er kun ein del av desse som søker arbeid i den kommunen dei jobbar i som student. Deltidskultur kan vere ein medverande årsak til dette. Fylkesmannen hadde hovudfokus på heiltidskultur i sitt årlege møtet om Kompetanseløftet i 2020, samt i uttale til kommunale planer.

Vi ser ein auke i søknad til breidde kompetanse som sosionom, barnevernspedagog og ernæringsfysiolog. Men det var ikke nokon som søkte på bachelor i fysioterapi og ergoterapi. trass at ergoterapeut blei ein lovpålagt kompetanse i kommunane frå 01.01.2020.

Fylkesmannen har innhenta kompetanseplanar frå alle kommunar, og vi merkar oss framleis at desse er av ulik kvalitet og at ikkje alle er politisk behandla i kommunane. Vi har ut i frå desse utfordringane fortsatt sett fokus på strategisk kompetanseplanlegging og heiltidskultur på tiltaksplan for 2021. Og vi har gitt tilbakemelding på dette i planstrategiane.

Tilskot til Kommunal kompetanse og innovasjon er av stor betydning for kvaliteten på tenestene i fylket. Alle 26 kommunar søkte på ei eller anna form av dette tilskotet i 2020.

Fylkesmannen ser alle tilskota på områda helse, sosial og omsorg i samanheng. Det gir ei god oversikt over kommunane sitt fokus på kvalitet og kompetansehevande tiltak. Vi ser at vårt årlege møte med kommunane, fylkeskommunen og academia om Kompetanseløftet 2020 har gitt positive ringverknadar som nye studieretningar, desentraliserte studier etc. Ein har mellom anna fått starta opp desentralisert studietilbod i sjukepleie og vernepleie gjennom Høgskulen i Molde, avd. Kristiansund. Og det er planlagt desentralisert utdanning i vernepleie i Volda.

IPLOS

Fylkesmannen har hatt stort fokus på IPLOS. Men vi ser likevel at kommunane fortsatt har manglande brukarmedverknad og tverrfaglege kartleggingar. Vi ser og at det i varierende grad er samsvar mellom kartlegging, vedtak og tiltaksplan.

Legetenester i sjukeheim

Fylkesmannen bidrar med tilskot til gjennomføring av nettverk sjukeheimslegar, samt arrangerer ein årleg fagdag for sjukeheimslegar. Den blei gjennomført digitalt i 2020, delt på to dagar. Tema dag 1 var Covid-19 relaterte utfordringar i sjukeheim, og erfaringar med Covid-19 relaterte dødsfall frå Giske og Bergen kommune. Dag 2 var det nytt frå arbeid med Palliativ plan i Møre og Romsdal og HRL og behandling av Covid-19 i sjukeheim. Det var sett av tid til erfaringsdeling og diskusjonar. Tilbakemelding frå deltakarar var at det var nyttig med erfaringsdeling.

Nettverk leiarar

Fylkesmannen etablerte nettverk for kommunalsjefane i helse og omsorg/ helse og velferd i kommunane. Føremålet med nettverket er:

- å bistå kommunane i arbeidet med rekruttering – og kompetanse utfordringar, og i arbeidet med å styrke kvalitet og pasienttryggleik i helse-, omsorg- og sosialsektoren i kommunane
- få ein tettare dialog og samarbeid mellom helse og omsorgstenestene og Statsforvaltaren
- at kommunane kan dele erfaringar, utfordringar og lære av kvarandre, samt motivere og inspirere kvarandre.

Ein av effektane vi ser allereie er at dei finn løysingar saman på felles problemstillingar.

Omsorg 2020 – Omsorgskonferanse

Fylkesmannen har i heile perioden for Omsorsplan 2015 og Omsorg 2020 arrangert ein årleg Omsorgskonferanse. I 2020 blei den arrangert digitalt over ein dag. Tittelen var «Alt heng i hop». Tema på konferansen var Oversiktsarbeid folkehelse, Styringssystem -leiing og kvalitetsforbetring ved Helsetilsynet, Analyse av eigne utfordringar og behov ved Helsedirektoratet og nettverk i kontinuerleg forbetningsarbeid.

"Gode pasientforløp for den eldre multisjuka pasient"

Satsinga vart avslutta i 2020. Den kom ikkje heilt i mål, grunna komunesamanslåing, pandemi og at ein ser at fleire kommunar ikkje hadde tilfredstillande leiarforankring. Det ser ut som at denne vert vidareført i ei eller anna form. Erfaringane frå dette nettverket vert tatt med inn i arbeidet med kontinuerleg forbetningsarbeid, med spesielt fokus på leiarforankring og brukarmedverknad.

Nettverk i kontinuerleg forbetningsarbeid

I dialogmøte med kommunane gav dei uttrykk for nytteverdien av å vere med i nettverk, og ønska det vidare. Dei opplever det som ein god måte å lære på og dele erfaringar.

Regionalt støtteapparat for Leve heile livet skal arrangere eit nettverk i kontinuerleg forbetningsarbeid og USHT skal drifte nettverket. Regionalt støtteapparat har planlagt dette i 2020 og det var oppstart første pulje i januar 2021. Andre pulje blir i september 2021. Kommunane har meldt inn tema dei

vil jobbe med.

LIS1-tenester

Fylkesmannen har i fleire år bede kommunane om å opprette nye LIS1-stillingar. Diverre har kun ein kommune oppretta ny stilling på frivillig grunnlag. Dette betyr at underskotet av kommunale LIS1-stillingar ville fortsette. Vi meiner at kommunane forstår og innser nødvendighet av å bidra til utdanning av legar, og at dei ser at slike stillingar gir ei unik moglegheit for å rekruttere legar til kommunal teneste i distrikt. Kommunane opplever at dei økonomiske rammene i høve tilskota for LIS1-stillingane ikkje strekk til. Enkelte kommunar har til og med vurdert å sei opp avtalar av økonomiske årsaker. Vanskeleg rekrutteringssituasjon når det gjeld fastlegar har ikkje endra denne utviklinga. Rekrutteringsvanskar har derimot forsterka utfordringane ved at den fører til mangel på legar med rettleiingskompetanse og tid til supervisjon. Fylkesmannen anmodar om at den økonomiske modellen rundt LIS1-stillingane vert sett på igjen, og om denne delen av utdanninga i heilhet kan finansierast av staten. Det vil etter vår mening bidra til ei reel ending av antall LIS1-stillingar og utdanningsvilkåra deira.

For å kompensere mangel på kommunale LIS1- stillingar gjorde Fylkesmannen somaren 2020 ei parameterstyrt kartlegging og evaluering av kommunane sin kapasitet til å opprette nye LIS1-stillingar. Oppmodinga om å opprette til saman 10 nye kommunale stillingar førte til 1 ny permanent stilling frå 01.03.21. Vi har starta prosessen med å be Helsedirektoratet om pålegg av 8 ytterligere permanente LIS1-stillingar frå hausten 2021.

Kursaktivitet for LIS1 og turnusfysioterapeuter vart etter ei smittevernfagleg vurdering og justering, gjennomført som ein kombinasjon av fysisk kurs (akuttmedisin) og webinar.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

For å få kommunane til å planlegge langsiktig og heilheitleg knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene har Fylkesmannen i 2020:

- hatt stort fokus på kommunalt planarbeid i 2020, særleg i arbeidet med Leve hele livet og demografiutfordringar
- lagt vekt på tverrfagleg og sektorovergripande samlingar, då desse utfordringane ikkje kan løysast av helse og omsorg eller planansvarlege åleine
- har hatt eit tett samarbeid med Fylkeskommunen i Møre og Romsdal og Husbanken i dette arbeidet
- saman med Fylkeskommunen sin plan- og analyseavdeling har vi arrangert plannettverk for alle kommunane. Der var Leve hele livet, demografiutfordringar og oversikt folkehelse tema. Deltakarane var frå ulike sektorar.
- Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Husbanken gjennomførte nettverk i bustadplanlegging for eit aldrande samfunn.
- hatt plan og demografiutfordringar som tema på kommunebesøka i 2020
- har med demografiutfordringar i vårt årlege forventningsbrev til kommunane
- gitt innspel på kommunale planar om demografiutfordringar, kapasitet og kompetanse , Leve hele livet og demensutfordringar. Vi viser til ressursportal.no, som er eit godt verktøy for planlegging av helse og omsorgstenester og den er gjort kjent på nettsida til Statsforvaltaren.
- arrangert den årlege Omsorgskonferansen digitalt, den 15. 09.2020, med omlag 200 deltakarar. Tema var leiing, styringssystem ved Helsetilsynet, oversiktsarbeid folkehelse ,kartlegging, analyse og plan ved Helsedirektoratet.

Fylkesmannen vurderer at kommunane gjennomfører ei langsiktig og heilheitleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene. Vi ser i dei kommunale planstrategiane at alle kommunane i Møre og Romsdal planlegg for demografiutfordringar , kompetanse og rekrutteringsutfordringar. Vi ser at tidsperspektivet for kortid dei største utfordringane inntreff, varierer noko. Det er og ulikt korleis kommunane vektlegg dette i sine planer. Dei kommunale kompetanseplanane er ikkje alle politisk vedtekne enno. Ein strategisk kompetanseplan er viktig då den skal vere ein del av kommunen sitt planverk og seier noko om kva kompetanse kommunen treng for å nå måla.

3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Oppdeling av naturområde og nedbygging av areal gjennom menneskelege inngrep som veg, jernbane og etablering av byggeområde er den viktigaste trusselen for ulike artar og naturtypar. Klimaendringar har også stort potensiale for å endre økosystema i negativ lei. Villreinen er av dei artane som står under sterkest press både frå oppdeling av natur og frå eit varmare klima. Heile stammar av villrein står i fare for å døyt ut om det ikkje blir gjennomført omfattande reetablering av dei opphavslege sesongtrekkene.

Samfunnsutviklinga med endra kulturpåverknig gjer at store areal med kulturbetinga naturtypar er under sterkt endringspress. For nokre av desse naturtypane er det sett i verk effektive skjøtselstiltak. Det gjeld spesielt slåttemark i vårt fylke. Mesteparten av kulturlandskapsverdiene vil likevel forsvinne i takt med endra bruk. Investeringar i skjøtsel av utvalte naturtypar er avhengig av at skjøtselen held fram inn i framtida. Med dagens vilkår er vi usikre på om nye generasjonar vil sørge for framhald i denne skjøtsel. I så tilfelle vil dagens skjøtelsesplanar og tiltak vere fányttas.

Mange av bestandane av laks og sjøaure i fylket produserer langt under det nivået som vassdraga gir biologisk grunnlag for. Fleire næringsaktørar og styresmakter arbeidar saman for å betre tilhøva for desse artane. Årsakene er samansette med faktorar både i sjø og på land. Mange vassdrag har redusert økologisk tilstand som følgje av inngrep i vassdrag og nedbørfelt. Det blir gjennomført habitatkartlegging og laga tiltaksplanar for ein del vassdrag, men restaurering av vassdrag er berre startgropa. Statsforvaltaren har sjølv gjennomført eit større restaureringsprosjekt i Ranesevja naturreservat i Sunndal i 2020, der formål var å betre tilhøva for artane i økosystemet. Vi har også starta opp eit sjøaureprosjekt i samarbeid med fylkeskommunen, der fokus er på ferskvassfasen.

Spreiing av framande artar er ein vesentleg trussel mot fleire naturtypar og artar under tregrensa. Vi har gjennomført eit vesentleg uttak av framande planteartar dei siste åra, men det er berre innafør verneområda at dette monnar. Det blir viktig å risikovurdere og følge opp strategiane i den nasjonale handlingsplana framover.

Kommuner og sektorene er i stand til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene og sektorene bruker kartleggingsdata til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen

FM går alltid gjennom det vi har av naturdata i Gis/Link og Naturbasen og ser til at kommunane har teke omsyn til dette i sine planar. I kommuneplanens arealdel er det kommunane sjølv som gjer dette og her er dei **middels gode**. I reguleringsplanar er det som regel private som gjer dette og her variere det frå dårlig til god. Kommunane er ikkje gode på å kontrollere planar som skal leggest ut på offentleg ettersyn.

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler skal være igangsatt (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler i 2020, skal være igangsatt i løpet av året

Restaurering av tilleggsareal på Aspåsmyran nr vart ikkje gjennomført i 2020. Kartlegging av ferskvasszoologisk fauna er gjennomført som del av oppfølginga av tidlegare restaurering. Prosjektet i Rørvikvatnet nr vart avslutta ved ferdigstilling av demning og at det vart rydda opp etter anleggsarbeidet.

Antall igangsatte restaureringstiltak i myr og våtmark

Antall innvilgede restaureringstiltak	Antall innvilgede restaureringstiltak igangsatt	Resultat
2	1	-1

Grunngjeving: Redusert bemanning gjorde at det ikkje var mogleg å gjennomføre restaurering av tilleggsareal på Aspåsmyran

Forbedret tilstand i vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand i vannforekomstene

Vi har god måloppnåing når det gjeld dialog, samarbeid og deltaking i alle møter med relevante sektorstyresmakter, VRU og VRM.

Vi har prioritert å få ferdig regionalt overvåkingsprogram for neste planperiode og oppdatere målestasjonar og måledata i Vannmiljø (god måloppnåing). I 2020 var intensjonen å inngå spleiselag med kommunane om overvaking av påverknad av avløp og landbruk. Pga. koronasituasjonen fekk vi ikkje dette til. Vi bygger vidare på planen og reknar med å få satt i verk overvakinga i 2021 uavhengig av koronasituasjonen.

Vann-nett vart oppdatert kontinuerleg, både når vi arbeider med eigne saker eller får melding om feil og manglar. Vi har her god dialog med sektorstyresmakter og kommunane. Det er også gjort feilsøk og retta ein del. I samband med revisjon av Vassforvaltingsplanen er status for tiltak gjennomgått. Det står likevel att ein del arbeid før vi har ein komplett, oppdatert database (middels måloppnåing).

Når det gjeld oppdatering av miljømål er det eit spørsmål om ein skal sette mindre strenge miljømål i område med sterkt forureina sjøbotn, der fullstendig opprydding verken er økonomisk eller teknisk mogleg. Vi arbeider elles kontinuerleg med oppdatering av miljømåla. Det er også auka fokus på desse i vår saksbehandling av kommunale arealplanar (middels måloppnåing).

Når det gjeld målet om «forbetra tilstand i vassforekomstene» er dette vanskeleg å kvantifisere. Hovudintrykket at det er forbetringar mange stader, men at det framleis går sakte (middels måloppnåing).

Hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.4.1 i TB)

Rapportere på

God innsats for å hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet

I gyrovassdraga har vi sørga for oppdatering av planar for bevaring og reetablering av lokale fiskebestandar av laks- og sjøaure i Drivaregionen, i samarbeid med Veterinærinstituttet. Det er godt samarbeid med lokal koordinator og resten av koordineringsgruppa. I Raumaregionen vart reetableringsplanen oppdatert og utsetting av laks vart avslutta, med unntak av Rauma. Utsetting av sjøaure vil halde fram nokre år til i dei fleste elvene. Det vart ikkje fangst eller observasjon av pukellaks i 2020. Vi har ikkje koordinert innsats mot framande fiskeartar i fylket.

Mange framande planteartar har stor negativ verknad på naturmangfoldet. I lågareliggande skogar konkurrerer platanlønna ut stadeigne lauvtreartar. Utplanta og sjølvspreidd sitkagran og bergfuru har negativ påverknad på opphavlege planteartar og naturtypar som kystlynghei og

strandenger.

Parkslirekne, kjempespringfrø og spansk kjøvel m.fl. aukar stadig utbreiinga i fylket, trass at det vert gjennomført uttak.

Det blei ikkje tatt ut framande artar på Nordre Nordmøre eller Nordøyane i 2020 på grunn av for lite driftsmidlar.

Sør-Smøla lvo er no så godt som utan mink, og minken har ikkje gjort skade på hekkande ternar i Sør-Smøla. Det er også gjort ein stor innsats med uttak av mink i resten av Smøla og på Runde. SNO har vore sentrale i arbeidet med å fjerne mink.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

FMMR har vore aktiv med å få til kartlegging av anadrome vassdrag for å få oversikt over bestandane. Har m.a nytta fiskefondet til dette og delteke på ei rekke fagmøter med ulike elveeigarar om dette.

Det er stor aktivitet og interesse knytt til tilskotsordningane for truga artar og naturtypar, vilttiltak og fiskeformål, og behovet er større enn tildelte rammer. Tilskotsordningane demmer opp for, men hindrar ikkje ei negativ utvikling som følgje av arealutbygging, endra arealbruk, og endra driftsformer i landbruket. For slåttemark var det færre søkarar i 2020 enn i 2019, noko som signaliserer ei potensielt negativ utvikling.

År 2020 var eit positivt år for hekkande ternar på Smøla og lunden på Runde. Elles er dei klippehekkande sjøfuglartane krykkje, alke, lomvi og havhest i sterk nedgang. Hubro er i tilbakegang, og kartleggingar i seks kommunar på Sunnmøre i 2020 fann berre eitt aktivt par. Solblom er i sterk tilbakegang i utmark, og har stabile bestandar berre i eit fåtal slåttemarker.

Minst 2 slåttemyrlokaliteter i skjøtsel (fra kapittel 3.1.4.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Minst 2 slåttemyrlokaliteter i skjøtsel

I 2020 er det gjennomført skjøtsel av 5 slåttemyrlokalitetar innanfor dei verkemidla FMMR rår over.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Det er god framdrift i arbeidet med frivillig skogvern. Nye område er verna i løpet av året, og fleire område er på ulike stadiar i prosessen, frå tilbod til oversendte tilrådingar. Arbeidet med marint vern av områda Giske og Griphølen-Remman er forseinka, men vi har meldt oppstart og gjennomført høyring av utgreiingsprogram for Griphølen og Remman, og utgreiingsprogrammet er fastsett av Miljødirektoratet. I tillegg har vi innhenta eit naturfagleg faggrunnlag for utarbeiding av verneplanane for Giske, Griphølen og Remman.

Det er stor aktivitet med skjøtsel av verneområde, særleg uttak av framande treslag. Det er eit etterslep på informasjonstiltak, og innsatsen med utarbeiding av forvaltningsplanar har vore for lav i 2020.

Tilråding av vern av skog (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Vern av skog tilrådd i et omfang som bidrar til at skogvern budsjetten for 2020 utnyttes fullt ut.

FMMR sendte over tilrådingar på sju skogvernområde i 2020 med til saman 12 800 dekar skog. Av desse er fire vedtatt verna, noko som utgjør ca. 8.000 dekar. I tillegg har vi i 2020 meldt oppstart og lagt ut på høyring fem nye område med eit samla areal på ca. 1.500 daa.

Verneområder har godkjente forvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Andel av verneområder med behov for forvaltningsplan, og som har forvaltningsplan, skal være høyere enn i 2019

Redusert kapasitet har gjort at vi ikkje har klart å ferdigstille nye forvaltningsplanar i 2020. Møre og Romsdal har etter måten god dekning av forvaltningsplanar, og stor aktivitet med tiltak i verneområda. Kapasiteten blir styrka i 2021.

Verneområder med forvaltningsplan

Antall verneområder med forvaltningsplan i 2019	Antall verneområder med forvaltningsplan i 2020	Differanse
85	85	0

Redusert kapasitet har gjort at vi ikkje har klart å ferdigstille nokon av planane vi har arbeidd med i 2020.

3.1.1.11 Forensning skal ikke skade helse og miljø

FMMR har sakshandsama 70 søknadar etter forureiningslova i 2020. Av disse er det gitt 32 nye løyver og 33 endringar av eksisterande utseleppsløyve. Vi har behandla konsesjonssøknadene innafør ein akseptabel tidsfrist og med god kvalitet. Vi har gjennomført 17 tilsyn i 2020. Det er gjennomført 11 tilsyn med avfallsaktørar, 1 biloppsamlar, 3 næringsmiddelaktørar og 1 akvakulturanlegg.

Vi har også i år hatt eit krevjande år når de oppfølging av avfallsaktørar. Det er spesielt to aktørar som vi har fulgt tett det siste året. Vi har oppnådd gode resultat med den eine aktøren som har fått på plass eit god system, nytt utseleppsløyve og ny leining. Den andre aktøren har gått konkurs og vi har hatt eit tett samarbeid med politiet under etterforskning for brudd på forureiningslova. Vi ser at det gir effekt å vere tettare på gjennom tilsyn og særskilt oppfølging, og dette er nok vi også vil forsette å prioritere i 2021. Tillit til avfallsaktørane er ein føresetnad for å kunne få betre grep om arbeidet med forsøpling generelt.

Vi har deltatt i aksjon "brannar i avfallsanlegg" og vi meiner det har gitt god effekt og læring.

Innanfor akvakultur har vi hatt mykje arbeid med løyve. I 2020 har vi hatt eit auka fokus på betre kunnskapssgrunnlag i saksbehandling, vi har krevd ROV-undersøkingar der det er mistanke om korallar og andre sårbare naturtypar. Vi har også gjennomført møte med næringa om dette, og opplev ein god forståelse for våre krav. Vi har deltatt i fleire digitale samordningsmøte med sektormyndigheitane og søkerane. Vi har vidareutvikla vårt system for gjennomgang av miljøundersøkelser. Vi har spilt inn til forbedringsforslag på miljøundersøkelser til Miljødirektoratet.

Arbeidet med å sikre forureina lokalitetar på land i Ålesund i tilknytning til oppryddingsprosjektet i hamna heldt fram i 2020. Ved Kvenneset, ein av dei to mest forureina landlokalitetane, vart grunneigaren pålagt å utføre sikringstiltak for å hindre spreieing av miljøgifter til resipienten. Denne lokaliteten er òg på lista over prioriterte skipsverft. For gassverklkaliteten kom det i 2020 to nye rapportar som viser at sjøbotnen utanfor det nedlagte gassverket er sterkt forureina og at det òg er behov for sikringstiltak på land for å hindre spreieing til sjø frå gjenliggande forureining under innfartsvegen. Statsforvaltaren varsla pålegg om tiltaksplanar for land og sjø ved gassverket hausten 2020, og vil følge opp dette i 2021. Ved alle andre landlokalitetar i Ålesund er oppfølginga no avslutta, og opprydding og sikring av forureina grunn er utført etter behov.

FMMR ga i 2019 pålegg til 13 prioriterte skipsverft om tiltaksplan for forureina sjøbotn. Alle vedtaka vart påklaga same år, og klagen vart send til Miljødirektoratet for handsaming. Klagesakene er framleis ikkje avgjort. Difor har ikkje framdrifta vår i arbeidet med dei prioriterte verfta vore den same i 2020 som i tidlegare år.

Vi oppdaterer databasen *Grunnforurensning* etter kvart som det gjerast tiltak eller kjem nye rapportar, vedtak eller liknande for dei ulike lokalitetane som vi følgjer opp.

FM har i 2020 vore i kontakt med Kristiansund kommune, som har uttrykt interesse for opprydding i forureina sediment i hamneområda sine. Det er tre prioriterte skipsverftlokalitetar ved det aktuelle området, som enno ikkje har fått pålegg om tiltaksplan. Vi vil fortsette den konstruktive dialogen med kommunen i 2021, og bidra med råd og rettleiing.

FM var òg i kontakt med Herøy kommune i 2020. Kommunen har lenge planlagt eit tiltak med utdjupeing i Fosnavåg hamn, som vil gje ein vesentleg miljøgevinst då hamna er sterkt forureina.

FM har gjennom året handsama ei rekke søknadar om mudring, utfylling, tunnelarbeid og liknande tiltak ulike plassar i fylket. Gjennom vilkår i løyva har vi pålagt tiltakshavar å utføre naudsynte avbøtande tiltak for å hindre spreieing av miljøgifter og avfall og anna miljøulempe under tiltaka.

Oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle embeter har oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse i egen region omfattet av kap. 14 i forurensningsforskriften og tettbebyggelser som grenser mot virkeområdet i kap. 14

Dei fleste områda i Møre og Romsdal ligg i kategorien mindre følsamt område. Det er til saman tre tettstader og fire kommunar som er i kapittel 14. Andre område som er i kategorien følsamt er ikkje store nok til å komme inn under kap. 14.

Vi er ikkje kjent med at det er tettstader som har gått over frå kap. 13 til 14 i 2020. Vi har hatt kontakt med eit par kommunar i haust der grensa mellom kap 13 og 14 har vore tema. Det er ingen kommunar som har meldt til oss at dei har eller kjem til å endre størrelsen på tettstaden. Men vi er gjort kjent med at det for enkelte samenslåtte kommunar har vore mykje arbeid å ta igjen. Ut frå det kan ein ikkje sjå bort frå at det kan kome endringar.

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt (fra kapittel 3.1.4.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt

Når det gjeld oppgradering av løyve har dei tre største by-kommunane fått nye løyve etter 2015. Når det gjeld Sula kommune som er omfatta av kap. 14 pga. tettstaden Ålesund, så har ikkje dei søkt eller fått nytt løyve enda. Sula og Ålesund jobbar for å få etablert eit felles sekundærreinsanlegg. Reguleringsplanprosessen er påstarta og det er blant anna gjort undersøkingar på land, arkeologiske og bergtekniske og i sjø, strømmåling og kartlegging av naturtypar. Vi har god kontakt med prosjektleiaren og følg dette prosjektet tett.

Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner registrerer, oppdaterer og vedlikeholder egne lokaliteter i Grunnforurensning

Vi inviterte til opplæringsdag i bruk av databasen i mars. Dette måtte avlysast grunna pandemien, og vi sendte derfor ut brev til alle kommunane med informasjon og lenker til nettressursar ein kan nytte for å komme i gang med bruk av databasen. Nokre av kommunane har sørget for å registrere kjende og mistenkte lokalitetar, medan andre enno ikkje har skaffa seg brukartilgang i basen. Det er dermed framleis store forskjellar mellom kommunane. Saksbehandlarar som har tatt kontakt, har fått personleg rettleiing. Dette vil vi fortsetje med samtidig som vi vurderer å ta direkte kontakt med enkeltkommunar for å hjelpe dei i gang.

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fulgt tett opp om våre Robek-kommunar også i 2020, med digitale møter og besøk.

Det har vore eit vanskeleg år for kommunane grunna koronapandemien. Vi ser og at det har vore vanskeleg for dei nye kommunane våre. I staden for å bygge opp den nye kommunen, måtte dei heller ta hand om koronapandemien. Vi trur også at vi vil få fleire kommunar på Robek etter kvart.

Etter at regnskapstala frå kommunane var klare, og vi har gått gjennom budsjetta deira, så har vi laga oss eit enkelt "Robek-kart" med fargene rødt, gult og grønt. Dei kommunane som får gul farge, er dei som fekk negativt nettodriftsresultat året før. Det gjer det enklare for oss å prioritere kor vi set inn ekstra ressursar. Vi set oss som mål at vi skal besøke kommunestyra i dei "gule" kommunane.

I 2020 hadde vi digitale oppfølgingsmøte med politisk og administrativ toppleiing i dei nye kommunane. Dette var så positivt så vi valde å halde digitale dialogmøte med alle kommunane våre. Vi har og hatt ein tett og god dialog med administrasjonane i kommunane.

Fylkesmannen hadde i samarbeid med fylkeskommunen planlagt politikeropplæring for alle nye kommunestyremedlemmer våren 2020. Vi gjennomførte slik opplæring for 6 kommunar før Norge blei stengt ned. Nå arbeider vi med å lage digitale opplæringsvideoar av fagtema som skulle vært presentert. Desse vil bli lagt ut på våre nettsider.

Vi har dei siste åra lagt om våre rutinar for tildelinga av skjønnsmidlar og prosjektskjønn/fylkesløft. Søknadsfristen er vanlegvis den 1. juni kvart år, men på grunn av pandemien vart den flytta på til slutten av juni. Vi tildelte brorparten av ramma til statsbudsjettet. I forbindelse med denne omlegginga, har vi også gjort ei dreining av prosjektskjønnet til i større grad å bidra til 'fylkesløft'. Fylkesløft er prioriterte tiltak som vil vere eit løft for alle kommunane i fylket. Som døme her kan vi nemne digitaliseringsprosjektet Berekraftssfylket Møre og Romsdal, Helseplattforma og Ungt Entreprenørskap.

I 2020 arrangerte vi digital samling for alle økonomisjefane med veldig god oppslutning. Her var også KS, Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund (Nkkf) og Fylkeskommunen representert.

Viser til kapittel 3.1.5.1.1.1. for meir detaljert informasjon om arbeidet med KOSTRA.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2020.

Robek-kommunar gjekk ned frå 3 til 2. Eide var innoen ein kort visitt, men vart meldt ut da Eide og Fræna vart Hustadvika kommune den 01.01.2020. Sande og Giske kommune skulle etter planen bli meldt ut av Robek etter at Rekneskapen for 2020 vert vedteken, men dei har begge gitt beskjed om at dei går med underskot i 2020 og vil derfor ikkje bli meldt ut av Robek. Dei må også søke Kommunal- og moderniseringsdepartementet om forlenga inndekningstid.

Gjennom 2020 hadde vi mange digitale møter med Robek-kommunane. Tema på møta var ofte generelt om kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Vi prioriterer å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

Vi prioriterte også å besøke formannskapet i Giske kommune i samband med førebuinga av budsjettarbeidet.

I 2020 nedprioriterte vi å skrive høyringsuttale til budsjettet til Robek-kommunane sidan vi hadde tett dialog gjennom dialogmøtet i staden.

Antall kommuner i ROBEK

Resultat	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2019	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020
- 1	3	2

Det var tre kommunar på Robek i desember 2019. Eide kom inn på Robek i 2019, men blei meldt ut den 01.01.2020 sidan Eide kommune blei en del av Hustadvika kommune. Sande og Giske er framleis på Robek.

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019.

Statistikken viser ein nedgang i feil frå 2019 til 2020, men ein liten auke i feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til reinhold og energi.

Nedgangen i talet på feil kan skuldast fokuset vi har sett på riktig registrering av kostra-art og kostra-funksjon saman med direktekontakt med kommunane.

Det er litt tidleg å kommentere utvidinga i 2020 til å registrere feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til reinhold og energi. Vi følger opp dette gjennom informasjon og tettare dialog med kommunane.

Kvalitet i KOSTRA-data

Område	Resultat	Antall feil i 2019	Antall feil i 2020
Feil på eiendomsforvaltning på aggregert nivå - utgifter til renhold (art 075) og forvaltning (funksjon 121)	- 4	23	19
Feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til renhold og energi	5	68	73

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Fylkesmannen lagar kvart år eit hefte om «Utviklinga i kommuneøkonomien» som blir sendt til alle kommunedirektørar og økonomisjefar for vidare distribusjon til politisk nivå. Her blir det sett opp statistikkar med grunnlag i kommunens innrapportering av kostratal. I 2019 var det eit eige kapittel om plikta til å bruke rette kostra-ortar og kostra-funksjonar.

Vi har snakka om bruk av kostra-tall i ei kommunedirektørsamling, i ei økonomissjefssamling og vi har minna kommunane om kostra-rapporteringa i e-post og informasjon på heimesida til Fylkesmannen. I tillegg har vi hatt direktekontakt med nokre kommunar for å svare på spørsmål og gi rettleiing.

Informasjon om kor viktig riktig bruk av kostra-ortar og kostra-funksjonar er, vil føre fram.

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Fylkesmannen deltek aktivt i det regionale partnerskapet for landbruket, som i 2020 vart overtatt av Fylkeskommunen. Det skal utarbeidast ny Landbruksstrategi for Møre og Romsdal, då Landbruksmeldinga sin periode no utgår (2017 – 2021). Partnerskapet er engasjert i dette arbeidet og Fylkesmannen si landbruksavdeling er aktivt med.

Møre og Romsdal har 10% av kumjølkproduksjonen i landet, og mjølkeproduksjonen står for 60-70% av verdiskapinga i fylket. Det er ei utfordring at berre 40,4 % av brukar har lausdrift. Partnerskapet har i det regionale næringsprogrammet prioritert at det skal leggast særleg vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjon, samt ombygging for å tilfredstille nye krav til dyrevelferd. Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2020 tildelt kr 35,5 mill til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlar) innan tradisjonelt landbruk. Men denne ramma vart oppbrukt tidleg, og ved årsskifte låg ca 35 søknader med omsøkt tilskot på omlag kr 33 mill på vent. Mange av båsfejosa i fylket er i storleiken 15 – 30 mjølkekyr. Innovasjon Norge skal ha fokus på lønsame prosjekt, men det er begrensa lønsemd for mindre bruk, så Fylkesmannen er uroa over framtida for desse brukarar.

Den kommunale landbruksforvaltninga leverer viktige tenester til landbruket i sin kommune. Kommunane er førsteinstans sakshandsamar for fleire tilskotsordningar som skal bidra til matproduksjon, landbruk i heile landet og eit levande kulturlandskap. Det er difor heilt nødvendig at kommunane prioriterer å ha ei robust landbruksforvaltning. Dette set Fylkesmannen fokus på i vår dialog med kommunane.

Fylkesmannen vart av Landbruksdirektoratet i 2020 tildelt eit av 4 toårige pilotprosjekt i Inn på tunet-løftet 2. Vår pilot er retta mot innkjøparar av Inn på tunet-tenester på området vidaregåande skule og pedagogiske tilbod. Prosjektet er tverrfagleg og breidt samansett, både frå andre avdelingar hos Fylkesmannen, Fylkeskommunen og tilbydarnettverket Inn på tunet Møre og Romsdal.

Fylkesmannen er involvert i hoppid.no, eit partnerskap med kommunane, Fylkeskommunen og Innovasjon som skal legge til rette for nyetableringar ved å

vere ei dør inn til verkemiddelapparatet. Hoppid skal bistå med grunnleggande rettleiing for nyetablerarar, kompetanseheving, nettverk og økonomiske verkemiddel. Hoppid-kontor er etablert i alle kommunar, og møterunde for fornying av avtalane med kommunane er straks slutført. Landbruksforvaltninga i kommunane har då vore meir involvert enn tidlegare, noko som har synleggjort landbruket for politisk og administrativ leiing.

Når det gjeld lokalmat og landbruksbasert reiseliv, er Fylkesmannen engasjert gjennom Kompetansenettverket for lokalmat i Midt-Norge, samarbeid med Fjord Norge-regionen og Grüne Woche. Fylkesmannen er også involvert i prosjektet «Reiseliv, mat og kultur i M&R», i samarbeid med Fylkeskommunen og Innovasjon. Aktivitet innan dette området krev kontakt med dei lokale bedriftene. Koronakrisa har ført til at fleire arrangement er blitt avlyst.

Fylkesmannen legg til rette for tett samarbeid mellom FoU-miljøa og regionale landbruksaktørar. Vi arrangerer kvart år oppstramsseminar for å identifisere FoU-behov, og vi deltek aktivt i samarbeidet gjennom Grønn Forskning Midt-Norge.

"Tredrivaren" er eit mobiliseringsprosjekt som skal styrke verdikjeda til tømmer. Det har vore arrangert to seminar om offentlege bygg i tre. Dei har handla om materialval, energiløysingar, berekraft, brannsikring av trekonstruksjonar og anskaffelsesmetode som verkty for å nå klimamål i det offentlege. Hausten 2020 opna Idrettens hus i Molde, eit av Norges største idrettsbygg i tre. Det er bygd skular og barnehagar i fleire av fylkets kommunar. Det er planlagt ny vidaregåande skule i Ørsta og andre skuler i tre. I Volda vert det bygd studentbustader i tre.

"Tredrivaren" har arrangert to innovasjonsverkstader for trebasert næring i samarbeid med Protomore Innovasjonslab. Her var målet å gje trebaserte næringar kunnskap om mogelegheitene i det grønne skiftet. Minst to av bedriftene jobbar no vidare med trebasert innovasjon i samarbeid med Protomore.

I samarbeid med Kystskogbruket arrangerte "Tredrivaren" webinar om "Verdien av tre" med fokus på high end-sluttprodukt som møbler og interiør.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regional innsats innen landbruksbasert næringsutvikling er innrettet slik at nasjonale mål og føringer i RNP nås.

I 2020 tok Fylkeskommunen over forvaltninga av dei regionale tilretteleggingsmidlane i landbruket, som eit av tiltaka i regionreforma. Midlane har vore eit av dei viktigaste verktøya for Fylkesmannen til å stimulere til aktivitetar og prosjekt i tråd med den Regionale næringsprogrammet for Møre og Romsdal (RNP) 2019-2022. I dette overgangsåret har vi gjeve fylkeskommunen bistand i forvaltninga av midlane, gjennom kjennskap til prosjekt som er i gang, vurdering av nye prosjekt og samarbeid om igangsetjing av nye prosjekt. Det gode samarbeidet har gitt ein god overgang av forvaltninga.

Fylkesmannen har i samarbeid med fylkeskommunen og det regionale partnerskapet føljt opp RNP. Dialogen med organisasjonane i partnerskapet; fylkeskommunen, Innovasjon Norge, fagлага og Allskog, er god. Fylkesmannen skal fortsatt ta initiativ, mobilisere og bidra med vår kompetanse, samt styrke, samordne og målrette innsatsområda inn mot dei ulike verkemidla.

Vårt arbeid innan næringsutvikling er i tråd med RNP, og slik bidreg vil til at nasjonale mål og føringar kan nåast. Fylkesmannen har i 2020 hatt særleg fokus på fylgjande resultatmål i RNP:

Auka verdiskaping innanfor grovførbaserte husdyrproduksjonar i heile fylket:

Ein andel på heile 59,6 % bruk med bås fjøs i mjølkeproduksjonen er bekymringsverdige i forhold til framtida for produksjonen i fylket. Partnerskapet har i si prioritering av midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlar) framheva at det skal særleg leggast vekt på omlegging til lausdrift i mjølk- og storfekjøttproduksjonen, samt ombygging for å tilfredsstille nye krav til dyrevelferd. Men tilgangen på midlar gjer overgangen til lausdrift svært utfordrande. Innovasjon Norge Møre og Romsdal vart i 2020 tildelt kr 35,5 mill til investering og bedriftsutvikling (IBU-midlar) innan tradisjonelt landbruk. Men denne ramma vart oppbrukt tidleg, og ved årsskifte låg ca 35 søknader med omsøkt tilskot på omlag kr 33 mill på vent.

Skog og trebruk:

Endringane som følgje av koronapandemien krevde ekstra tiltak. Planteaktiviteten vart ganske lik føregåande år med i underkant av 1 million planter, som er eit brukbart «planteår» for vårt fylke. Utfordringa med ekstraordinært tilskot til planting var at det belasta NMSK potten til kommunane, og reduserte høve til god satsing på andre skogkulturtiltak.

Med kommunal satsing, inntrekking av midlar frå gamle prosjekt, og eit velfungerande ekstraordinært tilskot vart ikkje skogsaktiviteten råka så hardt som frykta. 275 000 m³ er avverka i 2020. Når gamle rekordar inkluderer Halså og Rindal som i dag er Trøndelag, så er det ikkje langt unna eit toppår. Ekstraløyving til vegbygging og drift vart gitt frå sentralt hald i oktober med 2,04 millionar til M&R, samt at omlag 2,3 millionar i inntrekte midlar blei satt i drift igjen. Med dette er rekordhøge 12,4 millionar i tilskot løyvd over LUF. Av dei er omlag 6,7 millionar satsa i ny vegbygging, tilsvarande vel ei mill med skogsbilveg som er løyvd opp. Totalt vart det løyvd tilskot til 38 900 m³ taubanedrift med kring 4,5 millionar i tilskot, men noko var etterslep i løyvingane frå 2019.

Det er registrert over 100 søknader på ekstraordinært driftstilskot (koronatilskot) til taubane eller drifter med høg driftspris, noko som resulterte i omlag tredobbel aktivitet i forhold til budsjett. Ramma for ordinært taubanetilskot var tom i august/september, noko som senka total løyving med koronatilskot til taubane. Totalt er det løyvd 3,27 millionar kroner i ekstraordinært driftstilskot i Møre og Romsdal for 2020.

Skogbruksaktiviteten i 2020 var rimeleg høg, trass ulike utfordringar som har kravd ekstra innsats frå næring og forvaltning.

Klima, miljø og fornybar energi:

Fylkesmannen sine prioriteringar og satsingar i det regionale miljøprogrammet (RMP) og i klima og miljøprogrammet er omtalt i kap 3.1.1.14 Bærekraftig landbruk.

Matspesialitetar og landbruksbasert reiseliv:

Arbeidet er omtalt i kap 3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet.

Inn på tunet:

Også dette arbeidet er omtalt i kap 3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet.

Forskning og utvikling:

Fylkesmannen legg til rette for tett samarbeid med FoU-miljøa og landbruksaktørane, m.a. med det årlege landbruksmøtet som er eit oppstramsseminar for å identifisere FoU-behov. Vi deltek aktivt i samarbeidet i Grønn Forskning Midt-Norge, der vi haust arrangerte eit status/infomøte. Vidare er vi engasjert med gruppeleiar for arbeidsgruppa "Klimasmart landbruk" i Grønn forskning si satsing for å løfte bonden sine problemstillingar opp til forskingsprosjekt.

Saman med fylkeskommunen har Fylkesmannen sett i gang ein prosess for å sjå på mogelegheitene for auka produksjon av frukt, bær og grønt i fylket. Vi håpar at vi i løpet av 2021 er i gang med eit eller fleire mobiliseringsprosjekt, i samarbeid med næringa.

Avslutningsvis vil vi nemne at fylkeskommunen ga hausten 2020 klarsignal til oppstart av Landbruksstrategi for Møre og Romsdal, då Landbruksmeldinga sin periode no utgår (2017 – 2021). I dette arbeidet er partnerskapet engasjert og Fylkesmannen si landbruksavdeling aktivt med.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Det blei plukka ut 132 bestand til foryngelseskontroll i Møre og Romsdal i 2020. Av desse har 86 fått status OK, medan 36 bestand står med status OK, bør følges opp. 2 bestand er ikkje kontrollert. Fylkesmannen har aktivt fulgt opp kommunane i dette arbeidet. Først med brev, vidare med fleire epostar og til slutt telefonisk kontakt med skogbruksansvarleg. Andel gjennomførte kontrollar og tal med status Ok har auka i høve føregående år.

Årsaka til at det er så vidt mange bestand som skal følgjast opp skuldast praksis med å vente 3 vekstsesongar med planting etter hogst for å unngå skader av gransnutebille.

Første del av foryngelseskontrollen vert i hovudsak gjennomført, men ein er meir usikker på bestand som skal følgjast opp. Kommunane nyttar i liten grad moglegheitene som ligg i lovverket, og det er svært få klagesaker som kjem til Fylkesmannen knytt til foryngelsesplikt. I 2020 hadde vi ein klagesak etter pålegg om foryngelse frå ein kommune. Vi held fast på kommunen sitt vedtak, og det ga god signaleffekt. Dei kontrollane som ikkje er gjennomført i år skuldast nok manglande kompetanse i kommunen.

Tilfredsstillande foryngelse er av dei største utfordringane for skogbruket i vårt fylke. Det skuldast mellom anna at enkelte ikkje ynskjer å plante gran, gransnutebille, hjortedyr og konkurrerende vegetasjon. Ein legg og merke til ulik haldning – og kunnskap om foryngingsplikt, varierar mellom tradisjonelle skogkommunar og «nye» skogkommunar.

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Kommunene er fulgt opp med henblikk på effektiv bruk av tilskuddsordningene i skogbruket. 100%.

Ansvar og mynde for tilskottsordningane for veg og driftstilskot vart overflytta 1.1.2020 frå Fylkesmannen til kommunane. Fylkesmannen førebudde overflyttinga godt i 2019, med kompetanseheving på dei ulike fagfeltene. Det vart gjennomført samling for kommunane med faginnlegg frå Skogkurs og kursing i ØKS for at kommunane skulle vere betre rusta og ha godt innsyn i faget og system som vert brukt i tilskotshandsaminga. Fylkesmannen oppmoda til samarbeid og kommunane nord og midt i fylket gikk saman kring retningslinjene for tilskot og ei felles utarbeiding av disse. I sør vart det litt meir enkeltvis utforming.

Koronatilskot, og ny innloggingsside også for driftstilskot i ØKS, har kravd mykje opplæring. Fylkesmannen har fokusert på dei 6-8 kommunane der det har vore skogaktivitet for å løfte sakshandsamarane med behov, i staden for å bruke like mykje tid på alle. I eit mindre skogfylke som Møre og Romsdal er det ikkje kontinuerleg drift i alle kommunar. Utfordringa er krav til opplæring kvar gong kommunane er inne i systemet, då dei kanskje har eit veganlegg i året - om dei har nokon. Dette krev mykje tidsbruk frå Fylkesmannen som support, da sakshandsamar ikkje hugsar ØKS- portalen fra gong til gong.

Kommunane har trekt inn 2,33 millionar. Med ei tilleggsløyving på 2,04 millionar, i tillegg til 8,2 millionar opphavelag, er det godskreve 12,39 millionar til veg og drift i Møre og Romsdal i 2020. Dette syner at mange av kommunane gjer ein god jobb. Det er omfordelt 2,27 millionar og Fylkesmannen har brukt mykje tid på dette på slutten av året, men er ganske nøgd med kommunane og kor godt samarbeidet om midlane har gått. 3,27 millionar er løyvd på Koronatilskot, men da ØKS stengte ned før jul er det igjen 523 000 å godskrive.

Tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsveinett

Skogsbilveier - type tiltak	Veilengde (km)	Tilskudd (kr)	Skogfond (kr)
Nybygging	2.6	1 615 701.0	1 538 766.0
Ombygging	5.9	1 569 666.0	1 253 224.0
Vedlikehold	34.4	0.0	137 551.0

Verdiskaping i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har gjennom kunnskapsoverføring til kommunene bidratt til en effektiv og god forvaltning av tilskudd til skogsveier og drift med taubane o.a.

For å sikre ei god forvaltning av tilskot arrangerte Fylkesmannen i 2019 ei samling for kommunane, der vegkompetanse og ØKS var tema, særleg for tilskot til vegbygging. Skogkurs var også med som foredragshaldar, for gjennomgang av krava til vegutforming i samband med sluttgodkjenning og krav til utforming av vegen.

Fylkesmannen oppmoda om at fleire kommunar gjekk saman for å setje retningslinene for tilskot. Med utgangspunkt i linene frå 2019, vart det felles retningslinjer for Nordmøre og dei fleste kommunane i Romsdalen, mens det vart litt meir kvar for seg på Sunnmøre.

Nytt system for løyving av driftstilskot vart ei utfordring for alle, i samband med ekstraordinært tilskot for å oppretthalde skogsdrift (koronatilskot). Her vart fokus dei kommunane som hadde driftslag, og utstrakt bruk av digital rettleiing til dei 6-8 kommunane fyrst, for å sikre rett bruk av systemet der.

Koronatilskotet treffe godt og med omlag ei tredobling av søknadsbeløp i forhold til budsjettet, vart det stort behov for telefonhjelp. Etter kvart som maskinlaga flytte seg og nye kommunar vart involvert, vart det tid til rettleiing for dei nye kommunane. Det var drygt 100 søknader på «koronatilskot» og 3,27 mill omsøkt av den potten, mot eit budsjett på 1,15 mill. Grunna søknadsmengde og siste løyving frå Direktoratet nær inn mot jul, står det att omlag 550 000 å løyve opp til søknader innkomne innan fristen 1. desember.

Kommunane held rekneskap med egne midlar, og fordeling mellom driftstilskot og veg. I somme tilhøve gir dette utfordringar, då store søknader på driftstilskot/taubane kan gå ut over kommunane sin pott til veginvesteringar. Men egne rekneskap har også fått kommunane til å styre tidlegare løyvede prosjekt, og har gjennom 2020 trekt inn omlag 2,3 millionar som er ført tilbake til kommunane si eiga ramme. Fylkesmannen har sidan sommaren begynt omfordeling av tilskot frå kommunar med låg aktivitet til kommunar med høg aktivitet, og inn mot årsavslutning vart det brukt mykje tid på å flytte pengar til kommunar med behov.

Med ei tildeling for året på 8,2 millionar, ei tilleggsløyving på 2,04 millionar og inntrekk ca 2,3 millionar frå tidlegare kommunale prosjekt, endar LUF-forbruk på rekordhøge 12,4 millionar kr i 2020. Slik sett er Fylkesmannen nøgd med kommunane si forvaltning av potten for 2020, sjølv om det er brukt mykje tid på rettleiing i ØKS.

Basert på erfaring og innspel frå næring og kommunane, så kjem Fylkesmannen i 2021 til å halde att eit større beløp til taubane, som kommunane står fritt å hente ut. Vi er oppmoda frå direktorat og næring samt kommunar om å leggje til rette og gje meir føreseielege villkår for taubanelaga i vår region for 2021.

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Det kanskje viktigaste verktøyet vårt er regionalt miljøprogram (RMP). Tilskot gjennom RMP bidreg m.a. til at drifta på enkeltbruk skjer på ein måte som er i samsvar med både miljø og bærekraft. Dels går dette på å bidra til å halde i aktiv drift areal som elles ville vore sårbarare for å bli rasjonalisert vekk og måtte bli erstatta med enten meir intensiv drift på andre areal eller nydyrking. Dels går dette på å bidra til at husdyrgjødsel blir brukt i vekstsesongen slik at næringsstoffa blir tatt opp av plantene og ikkje går til ureining av luft eller vatn. Og dels går dette på å bidra direkte til å hindre at jord og næringsstoff hamner i vassdrag, gjennom tiltak som redusert jordarbeiding om hausten og grasdekte kantsoner mot vassdrag.

Fylkesmannen har i 2020 gjennom klima og miljøprogrammet hatt fokus på klimautfordringa og metodar å kome i kontakt med landbruksnæringa. Det er løyvd opp tre prosjekt til NLR Nordvest og NLR Vest, som i hovudsak tek føre seg ulike former for kommunikasjon kring klima, frå tradisjonelle møte til podkast.

Landbruket må omstille seg teknologisk og operasjonelt for å leite etter måtar å dyrke mat med så låge utslipp som mogeleg. Difor må det etablerast forum for informasjon og rådgivinga må vere rigga til å gi informasjon om matproduksjon med reduserte utslipp.

Nasjonalt gjennom forskingsinstitusjonane ligg dei store prosjekta for å redusere utslappa, men bonden treng også handgripelege tiltak ein kan gjennomføre på eigen gard. Løyvede prosjekt er også i «bane» for å førebu bonden på klimakalkulatoren og innføring av denne i 2021, med naudsynt informasjon kring tiltaka. To prosjekt har informasjon om klimatiltak og utvikling av informasjonsmateriell som mål, mens det tredje prosjektet har fokus på drenering, effektar av drenering og manglande kontroll på vatn, samt effektane både på utslipp av klimagassar og avlingsnivå med for høgt vassinnhald i

jord.

Alle dei tre prosjekta er diverre blitt noko hemma av koronapandemien, og samlingar er ikkje blitt haldne. Det er dialog kring mindre samlingar og nettmøte som ein i staden prøver å få til.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Klimadelen i regional- skog- og klimaprogram er kjent og fulgt opp av kommunene.

Klimadelen i regionalt skog og klimaprogram (RSK) 2019-2022 er gjort kjent for kommunane gjennom utsendingar og ulike samlingar. Kommunane har fått auka mynde over tilskotsmidla i skogbruket. Deira retningsliner for bruk av tilskotsmidla byggjer dels på det regionale skog og klimaprogrammet. I hovudsak omhandlar RSK ordningane kor statsforvaltaren er (var) førsteinstans (vei/driftstilskot, skogbruksplan). Skal RSK vere relevant for kommunane framover, bør nok innhaldet fanne breiare rundt verkemidla i skogbruket.

Klimatilskota til tettare planting er godt motteke i Møre og Romsdal. Vi har relativt store utfordringar med å forynne skogen tilfredsstillande. Tilskot til tettare planting kan gje høgare plantetal som fører til at ein tåler noko avgang utan å miste produksjon. Forbruket av desse tilskota gikk litt ned i 2020 mot året før. Det skuldast nok mest at det var ein lågare tilskotsatts til suppleringsplanting. Klimatilskotet til suppleringsplanting er nok viktigare enn til nyplanting i Møre og Romsdal. Nyplanting er lovpålagt, men god oppfølging av plantefelta (med evt. suppleringsplanting) er meir individuelt. Vidare er det ofte lite skogfond når dette er aktuelt.

Rgionalt miljøprogram (RMP) (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Innholdet i RMP er kjent for landbrukets organisasjoner, kommuner og aktuelle søkere.

Informasjon om tilskot gjennom regionalt miljøprogram (RMP) blir sendt til kommunale landbrukskontor som blir bedt om å sende vidare til alle bønder i sin kommune. Alle kommunane har oversikt med enten e-post eller SMS til dei som søker om produksjonstilskot og som dermed er potensielle søkjarar til RMP.

Talet på RMP-søknader har halde seg veldig stabilt trass i at talet på føretak i drift går jamnt nedover.

RMP-Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Tiltak i RMP er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Jordbruket i Møre og Romsdal er dominert av grasproduksjon og husdyrhald. Å utnytte husdyrgjødsla og unngå næringstap til luft og vassdrag er vurdert som viktig miljøtiltak. Største enkelttiltaket innanfor RMP er tilskot til tidlegspreiring av husdyrgjødsel. At gjødsla blir spreidd i vekstsesongen bidreg til at næringsstoffa blir tatt opp av plantene i staden for at dei skaper ureining av luft og vassdrag. Mange får også tilskot til bruk av slangespreiingsutstyr i tilknytning til tidlegspreiring. Dette bidreg ytterlegare til meir miljøvenleg spreiring.

Ein god nummer to er tilskot til slått av bratt areal. Møre og Romsdal har mykje bratt areal. Slikt areal er ofte veldig synleg og det er derfor eit godt kulturlandskapstiltak. Det er dessutan areal som er meir krevjande å hauste maskinelt.

Vi har også tilskot til drift av særleg verdifulle jordbrukslandskap, drift av beitelag, slått av slåttemark, beiting av kystlynghei, tilrettelegging for hekkeområde for fugl, setring, skjøtsel av freda kulturminne, vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding om hausten, grasdekt kantsone og vedlikehald av fangdammar samt bruk av nedleggings-/nedfellingsutstyr for husdyrgjødsel.

Vassdragstiltaka var nye i fjor, og vi ser for oss at desse tiltaka gradvis får større omfang.

Vannforvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.6.2.3.2 i TB)

Rapportere på

Miljøvirkemidlene er innrettet i henhold til vannforvaltningsplanene. I tråd med nasjonale føringer om vannforvaltning skal mer forpliktende krav tas i bruk ved behov for forsterket innsats.

I Møre og Romsdal vert 96 % av jordbruksarealet brukt til grasproduksjon, og har dermed lite areal med intensivt driven open åker. Å utnytte

husdyrgjødsel og unngå næringstap til luft og vassdrag er vurdert som viktige miljøtiltak. Største enkelttiltaket i regionalt miljøprogram (RMP) er tilskot til tidlegspreiing av husdyrgjødsel. Når gjødsel blir spreidd i vekstsesongen bidreg det til at næringsstoffa blir tatt opp av plantene, og redusert fare for ureining av luft og vassdrag. Mange får også tilskot til bruk av slangespreiingsutstyr i tilknytning til tidlegspreiing. Dette bidreg ytterlegare til meir miljøvenleg spreining.

Vassdragstiltak som utsatt jordarbeiding om hausten, grasdekt kantsone og vedlikehald av fangdammar var nye tiltak i 2020, og vil få gradvis får større omfang. Så er det eit utfordring at berre kommunane Sunndal og Sunndal er jordmonnkartlagt av NIBIO. Dei resterande 24 kommunane er ikkje kartlagt. I samarbeid med fylkeskommunen har statsforvaltaren i 2020 sendt ei liste over dei viktigaste kommunane, i prioritert rekkefølge, som vi ynskjer å få kartlagt.

Fylkesmannen har så langt vurdert at det ikkje er aktuelt å ta i bruk meir forpliktande krav for å forsterke innsatsen mot forureining frå jordbruket. Vi treng meir dokumentasjon m.a. frå NIBIO, samt om dei allereie iverksette tiltaka fungerer tilstrekkeleg.

Utvalgte kulturlandskap (fra kapittel 3.1.6.2.3.3 i TB)

Rapportere på

Ha god oversikt over forvaltning av områdene som har status som Utvalgte kulturlandskap i jordbruket, samt bidra til direktoratenes forslag til plan for videre arbeid med Utvalgte kulturlandskap i jordbruket fra 2020 til og med 2025.

Alle dei tre UKL-områda i fylket har hatt svært god aktivitet i 2020. Spesielt med tanke på at ordninga blei overført til kommunane og det nye søknads- og sakshandsamingssystemet Agros blei innført same år. Det blei løyvt til saman 2,8 millionar, i tillegg til ein liten sum med overførte midlar frå 2019. Alle områda fekk løyvt heile årsramma si til gode og varierte tiltak, som vil bidra til å ta vare på og styrke kulturlandskapsverdiane i områda. Når det gjeld landbruksbasert næringsliv er dette ulikt prioritert mellom områda, ut frå behov og omfang av slik aktivitet. Det er fleire tiltak under planlegging / i forslagsfasen. Nye forvaltningsplanar for områda Alnes og Hjørundfjorden og Norangsdalen blei ferdigstilt 08.03.2020, og er tatt i bruk av kommunane.

Områda Alnes og Hjørundfjorden og Norangsdalen vert fortsett rekna for å vere i ein oppstartfase. No når kommunane har tatt over forvaltningsansvaret for ordninga, må også dei få tid til å tilpasse ordninga lokalt. Her er det imidlertid engasjerte enkeltpersonar på dei kommunale landbrukskontora som i 2020 har lagt ned eit betydeleg arbeid i overtakinga av ordninga, har eit godt oversyn over områda og framtidige tiltak, og har god dialog med grunneigarar/driverar.

I området Hjørundfjorden og Norangsdalen har det vore ein del lokal ueinigheit (mellom grunneigarar/driverar) om korleis midlane skal nyttast. Dette grunna mykje i at området er stort og har mange grunneigarar/driverar med ulike syn på og interesser i dei ulike verdiane som kulturlandskapet inneheld. Dette går vi ut frå forbetrar seg når ordninga er blitt meir kjend, og ein får tilpassa og tydeleggjort dei lokale retningslinjene betre. For områda Fjellgardane i Sunndal og Hjørundfjorden og Norangsdalen er attgroing og talet på beitedyr løfta fram som utfordringar, men her er det tiltak under planlegging som kan betre situasjonen. For Alnes er det tilpassing til stor/aukande turisme som er hovudutfordringa, der ein søker å løyse dette med tiltak som skilting og betre infrastruktur.

Kommunane overtok forvaltninga av UKL-ordninga frå 01.01.2020, og vårt inntrykk er at overgangen har gått bra. Nokon av kommunane rapporterer om at ordninga er ressurskrevjande, og at det kan vere vanskeleg å prioritere denne ordninga – i den grad dei ynskjer – i konkurranse med andre oppgåver på landbruksfeltet. Dette grunna i at ordninga krev mykje koordinering og til dels krevjande saksbehandling, oppfølging og rapportering av varierte tiltak innanfor mange ulike fagområde. Samtidig rapporterer kommunane at dei synes det er kjekt å arbeide med denne ordninga. I 2020 har vi hatt god dialog med alle dei tre områda. Vi har hatt eitt digitalt fellesmøte mellom kommunane og regional landbruk, miljø og kulturminneforvaltning, og elles møter med kvart enkelt område når dei har meldt inn behov for dette. Det var planlagt eitt fysisk møte i mars, som blei avlyst på grunn av pandemien.

Vårt inntrykk er at det har vore ei god samordning mellom kommunal og regional forvaltning i 2020, men at det har forbetningspotensial. I 2021 vil vi etablere eit meir formalisert samarbeidsforum. Hensikta med forumet vil vere å ha ein arena for kontakt mellom dei som jobbar med UKL, der ein kan dele informasjon, utveksle erfaringar og leggje opp til faglege diskusjonar om overordna problemstillingar.

Tilskudd til tiltak i beiteområder (fra kapittel 3.1.6.2.3.4 i TB)

Rapportere på

Formålet med Tilskudd til tiltak i beiteområder er kjent og fulgt opp av kommunene på en god måte.

Kommunane meldte inn behov etter å ha gjennomført ein søknadsrunde på våren. 2/3 av potten ble fordelt 1.april. Resten av midlane ble fordelt etter ein ny runde med innmelding av behov i juni. Alle midlane ble løyvd ut frå kommunane. Dei melde behov for omlag den doble summen av potten. Det er utfordrande for Fylkesmannen å fordele ein liten pott til kommunane når tiltaka har svært varierende kostnadsramme. Fylkesmannen må ta hensyn til dei einskilde søknadane for å nytte den fylkesvise potten på ein god måte, viss ikkje må kommunane variere mykje i prosentandel tilskot til kvar søknad.

3.1.1.15 Andre oppdrag

Oppgradering av Herje genbank

Vassforsyning frå Herje kraftverk til Herje genbank:

Heilt frå oppstarten av Herje kraftverk i 2015 har det vore arbeid for å levere kraftverksvatn til drift av Herje genbank i tråd med vilkåra som OED sette i kraftverket sin konsesjon. Mai 2020 var denne vassforsyninga ferdig etablert, og den har vore i drift utan nemneverdige problem sidan. Målet om at genbanken skal nytte vatn frå utlaupet av kraftverket som hovudvasskjelde er nådd.

Vi har nytta Herjevattnet som vasskjelde for Herje genbank i om lag 30 år. Ut frå dei erfaringane vi har, reknar vi med at det vil bli for lite vatn til at det kan produserast kraft ein periode på vinteren og ein periode på den tørraste tida på sommaren. Herje kraftverk vil og bli stoppa i kortare periodar for vedlikehald.

Når Herje kraftverket ikkje kan levere vatn til genbanken, er vi avhengige av eit sikkert elvevassinntak i Herjeelva med rør ned til genbanken. Det eksisterande elvevassinntaket er om lag 30 år gammalt, og det er svært omfattande driftsutfordringar i dei periodane vi må hente vatn frå det.

Vi er difor svært nøgde med at vi fekk signal i juni 2020 om at vi skulle investere i eit nytt elvevassinntak med nytt rør ned til genbanken. Midlane blei løyvd gjennom krisepakke 3, og vi starta straks opp med å kjøpe inn den kompetansen vi trengte til prosjektleiing, byggeleiing og prosjektering med tanke på å få gjennomført anbuds konkurransen for byggeprosjektet. Sjølv med full satsing frå start var det umogleg å få gjennomført hovudinvesteringa i 2020.

Nytt elvevassinntak:

Vi lyste ut anbuds konkurransen for nytt elvevassinntak 06.01.2021, og det var tilbudsfrist 12.02.2021. Onsdag 20. januar hadde vi anbodssynfaring. Der deltok 13 ulike firma, og det blei tydeleg uttrykt blant deltakarane at det var trong til krisepakkemidler for å halde lokale firma med arbeid.

Vi nyttar konkurranse med forhandlingar for å velje ut kven som skal få oppdraget, og fristen for ferdigstilling av prosjektet er sett til 01.10.2021.

Med nytt elvevassinntak og nytt rør ned til genbanken blir Herje genbank ein genbank for framtida.

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Den offentlige boligsosiale innsatsen i fylket er helhetlig, blant anna gjennom forankring av arbeidet i Levekårsnettverket, som er eit nettverk for leiarar i aktuelle regionale statsetatar, med mellom anna Husbanken, NAV, Fylkesmannen og Fylkeskommunen er med.

Fylkesmannen og Husbanken har ein samarbeidsavtale og "Bolig for velferd" er sentralt for samarbeidet med at dei boligsosiale virkemidlane skal sjåast i samanheng. Det vert kvart år utarbeida ein handlingsplan som beskriv aktuelle tiltak som vi skal samarbeide om. I 2020 hadde vi ikke felles arrangement men det planlegg vi å ta opp att i 2021, då med utgangspunkt i å få fleire kommunar inkludert i å bruke ordninga startlån.

Dei to prioriterte tiltaka i strategien er og forankra i Levekårsnettverket. Målsettinga er å sikre eit heilheitleg samarbeid mellom regionale statsetatar, og at tiltaka skal implementerast i kommunane. Arbeidet skal legge eit grunnlag for at regional stat står samla i arbeidet ut mot kommunane eller at dei har ulike, men koordinerte oppgaver.

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de to tiltakene i Bolig for velferd.

Levekårsnettverket som er etablert mellom NAV, Fylkeskommunen, Husbanken, Bufdir, kriminalomsorgen Vest og Fylkesmannen, har hatt fire digitale møter i 2020. Målet med nettverket er at leiarar for statlege verksemdar møtast og finne felles oppdragsområder. Arbeidet med de to prioriterte tiltaka i strategien Bolig for Velferd er forankra i Levekårsnettverket, og vert vidareført i tråd med den nasjonale strategien for sosial boligpolitikk. Vi diskuterer oppdrag og aktuelle tiltak for saman å komme lenger enn vi ville gjort kvar for oss. Alle opplever dette som nyttig.

Målet for arbeidet hos Fylkesmannen i 2020 var å føre vidare samarbeidet mellom NAV, Husbanken og Fylkesmannen i Møre og Romsdal i arbeidsgruppe som var etablert i 2019. Arbeidsgruppa arrangerte fagdag for kommunane hausten 2019. Innspel frå denne dagen skulle danne grunnlag for vidare arbeid i 2020. Konklusjon i arbeidsgruppa blei å lage felles handlingsplan for oppfølging av kommuner som får tilskudd til sosiale tjenester i NAV, og som hadde særskilt fokus på barnefamiljar. I tillegg ville vi vurdere om det var mogleg å arrangere ein erfaringskonferanse i samband med Husbanken sitt arbeid med programkommunar i Møre og Romsdal for familjar med lav inntekt. Dette kunne eventuelt knyttast opp mot samarbeidsforumet Møre og Romsdal 2025/Levekårsnettverket. Det vart gjennomført eit møte i februar. Då pandemien kom vart innretninga på tilskot frå ASD endra i tråd med situasjonen og arbeidsmetodane vart endra. Fylkesmannen hadde fortsatt fokus på barnefamiljar med tildeling av tilskot, men ikkje i samarbeid med Husbanken. Slik situasjonen var som følge av pandemien såg vi ikkje at det var rom for å prioritere tett samhandling for å utvikle samarbeidet i 2020.

Det blei vurdert å etablere ROP-nettverk i Møre og Romsdal saman med Trøndelag i 2019. Geografi er utfordrande når ein skal ha felles aktivitet mellom Trøndelag og Møre og Romsdal. Det blei derfor konkludert at Møre og Romsdal ville etablere egne nettverk på området. Saman med KoRus blei prosjektet MUST 2020 sett i gang i på slutten av året 2019 der både pakkeforløp og heilskapelige tenester inkludert bustad var tema. I samarbeid med

KORUS, Husbanken og NAPHA inviterte Fylkesmannen fire kommunar til eit pilotprosjekt for heilskaplege tenester til mennesker med samansette behov. Prosjektet vart kalla MUST 2020 (Muligheter og Utfordringer i Samarbeid på Tvers) Kommunane skulle jobbe saman i nettverk, samstundes som dei la til rette for samarbeid i eigen kommune. Erfaringar frå arbeidet skulle presenterast i ein erfaringskonferanse i 2020/2021 jf. framdriftsplan for prosjektet. På grunn av pandemien var det fleire kommunar som trakk seg. Det er no to kommunar med av dei opprinnelege men det er også nye kommunar som har meldt si interesse i det vidare arbeidet. Framdriftsplanane måtte endrast på grunn av pandemien, med om lag eitt år.

Det er etablert felles nettverk for ACT/FACT i Trøndelag og Møre og Romsdal. Fordi det er få slike team i begge fylka vart det vurdert at det her var teneleg med felles nettverk. Det kan vere aktuelt at Husbanken deltar også i ACT-nettverket når vi er tilbake i meir vanleg aktivitet.

NAPHA arbeider med Housing First i samarbeid med Husbanken. Dei tre bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund jobbar konkret med Housing First, gjennom blant anna tilskot til kommunalt rusarbeid som Fylkesmannen har ansvar for. For å legge til rette for tverrfagleg samarbeid skal NAPHA invitere Fylkesmannen på dei arenaene som er etablert/vert utvikla. I 2020 har det ikkje vore slik aktivitet som vi er kjend med og vi reknar med det skuldast pandemien.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi arbeider systematisk for at våre tilsyn skal vere samordna, målretta og føre til læring og forbetring. Dette blir nærare omtalt i punkta under.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Samordning av tilsyn/ tiltak

Vi har etablert tilsynsgruppe og tilsynsforum som arbeider aktivt med samordning og læring. *Tilsynsgruppa* er intern og sett saman av representantar frå alle avdelingane, den blir leia av ass. fylkesmann. Gruppa har som mandat å sikre erfaringsutveksling i embetet, og god kommunikasjon og informasjon i samordninga av tilsyn. Tilsynsgruppa jobbar også med vidareutvikling av tilsynsmetodikk både internt og eksternt, slik at tilsynsarbeidet får verknad, og bidrar til endring og forbetring både internt og i kommunar og andre verksemdar. Tilsynsgruppa hadde åtte møte i 2020.

I *tilsynsforum* møter avdelingsdirektørane og tilsynsgruppa dei andre statlege tilsynsetatar, fylkeskommunen og leiarane for kontrollutvalssekretæriata i kommunane. Tilsynsforum skal sikre informasjonsutveksling mellom statlege tilsynsetatar, utvikling av felles læringsarena og bidra til at samordninga av tilsyn blir ivarettatt etter kommunelova. Forumet hadde to digitale møter i 2020.

I forbindelse med prosjektet tilsynskalenderen har vi også produsert eiga informasjonsbrosjyre- *Samordning av tilsyn* - som inneheld rutinar og fristar for når den enkelte tilsynsetat skal registrere sine tilsyn inn i tilsynskalenderen, og når kommunen kan gi tilbakemelding. Brosjyra er sendt ut til alle kommunedirektørar/ rådmenn. Andre fylkesmenn har fått den på førespurnad,

Samordningsstaben hos fylkesmannen gjennomførte i 2020 digitale dialogmøte med alle 26 kommunane i fylket, der også samordning av tilsyn og tilsynskalenderen var tema. Kommunane ga stort sett positive tilbakemeldingar om tilsyn.

Tilsynsbelastning

Coronapandemien gjorde 2020 til eit utfordrande år også når det gjeld tilsyn, fylkesmannen har både avlyst og utsett tilsyn.

Vi opplevde generelt at den samla tilsynsbelastninga på kommunane var akseptabel, og belastninga på enkeltkommunar var ikkje av stort omfang i 2020. Samordnar har hatt telefonisk kontakt med to kommunar der vi vurderte at belastninga kunne bli stor, men kommunane valde sjølv at tilsyna skulle gjennomførast etter oppsett plan. Fylkesmannen hadde imidlertid ikkje full oversikt over alle statlege tilsyn då registreringa i tilsynskalenderen ikkje var fullstendig.

Dialog med andre tilsynsetatar

Gjennom møter i Tilsynsforum har vi dialog med andre statlege etatar og har i 2020 hatt to digitale møter. Dette er vanlegvis fysiske møter med aktiv dialog, vår erfaring med digitale møter var at dialogen vart skadelidande. Samordnar/ koordinator for tilsyn har og hatt telefonsamtaler med enkelte frå andre statlege tilsynsetatar og forvaltningsrevisorar, men hovudsakleg i rollen som brukarstøtte for tilsynskalenderen.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt.

Gjennom Tilsynskalenderen som blei tatt i bruk i 2020, er det utvikla eit verkøy som vil kunne gi god og nyttig oversikt både over tilsyn og forvaltningsrevisjonar.

Året 2020 skulle vere prøveåret for Tilsynskalenderen, men slik blei det ikkje. Pandemien og tekniske vanskar har gjort at vi ikkje har fått prøvd ut funksjonaliteten som venta. Registreringa og dermed oversikta blei ikkje fullstendig; det var statlege etatar som av ulike grunner ikkje hadde fått tatt kalenderen i bruk, og det var tekniske vanskar med å få registrert forvaltningsrevisjonane.

Tilsynskalenderen ga likevel ei grei oversikt over dei tilsyna som tross alt var registrert. Vi avlyste ingen tilsyn på grunn av forvaltningsrevisjonar i 2020.

Pandemien blei likevel den største utfordringa i 2020, fleire av dei planlagde tilsyna blei utsett/ avlyst, dels på grunn av smittevernråd og dels pga. metodikk, men også pga. den krevjande situasjonen mange kommunar sto oppi.

Dialogen mellom fylkesmannen og kommunar der vi vurderte at tilsynsbelastninga i ein periode kunne bli stor ble ivaretatt ved at samordnar/ koordinator for statlige tilsyn tok kontakt med kommunen og evt. dei tilsynsetatane som var involvert for å finne ei løysing. Dette var ikkje av stort omfang i 2020. Dialogen omkrig prioritering og gjennomføring av avlyste og utsette tilsyn har hovudsakleg gått føre seg i og saman med den enkelte avdeling/ tilsynsaktør, men med orientering og oppfølging av tilsynskalenderen via samordnar/ koordinator.

Ressursbruk

Reiseaktiviteten blei vesentleg redusert, og nye metodar for gjennomføring av tilsyn blei tatt i bruk, dokumenttilsyn og digitale tilsyn har gitt nye tilsynserfaringar som på enkelte område også kan gi betre utnytting av ressurser.

Tilsynskalenderen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt aktive roller i prosjektet tilsynskalenderen også i 2020, bl.a. leia styringsgruppa, vore fagleg rådgivar for FMFA i fase 2, og hatt brukarstøttefunksjonen for kalenderen i fase 1 og fase 2.

I 2020 etablerte og leia vi også det nasjonale nettverket for samordnarar/ koordinatorar for tilsyn hos fylkesmennene. Nettverksgruppa er eit diskusjonsforum der ein kan trekke vekslar på kvarandre sine erfaringar, og på den måten bidra ut mot kommunane mest mogleg heilskapleg og eins samordning- der det er formålstenleg.

Nettverket er viktig for utviklinga av tilsynskalenderen, og fylkesmannen si samordningsrolle etter kommunelova.

Nettverksgruppa var òg referansegruppe 1 til tilsynskalenderen i fase 2/ 2020, og har gitt fleire innspel til forbetringar av tilsynskalenderen.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.3.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Vi jobbar systematisk for at våre tilsyn skal føre til læring og forbetring. Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemdar både i forbuing, gjennomføring og oppfølging av tilsyn. Vårt inntrykk er at kommunane stort sett opplever tilsyn som lærerikt -"gratis konsulentbistand".

Fylkesmannen arrangerer årleg fagdag for tilsette som jobbar med tilsyn i embetet, her deltar og avdelingsdirektørane. Fagdagen i 2020 vart på grunn av pandemien utsatt og gjennomført 15. januar 2021. Tema denne gong var Kommunelovens Kap 25 -internkontroll- ny endring som trådte i kraft 1.1.2021. Fagdagen var digital, 83 tilsette deltok.

Etter sommaren har helse og sosialavdelinga fått gjennomført både dokumenttilsyn og digitale tilsyn, og har gjennomført digitale tilsyn på tema tvungen somatisk helsehjelp og knytt til dette tilsynet vart det og gjennomført eigenvurdering i tre kommunar i tråd med rettleiar for det landsomfattande tilsynet. Dei tre kommunane blei kalla inn til samling både før og etter tilsyna, saman med ein av kommunane der det var gjennomført systemrevisjon. Kommunen som hadde gjennomført eigenvurdering gav tilbakemelding på at dette var ein god måte å ha tilsyn på, at dei sjølv fekk gå gjennom eigen praksis og at det vart laga ei erfaringssamling. Dei meinte dette var eit effektivt tilsyn med god læring og dei ønskjer fleire tilsyn som dette. Dei ønskjer og ei ny samling om eit år for å sjå kvar dei då står. Vi tok oppmodinga om ny erfaringssamling og har planlagt dette i november 2021.

Avdelinga har gjennomført digital undersøking av tilgjengelighet til sosiale tenester i to kommunar. Begge kommunene vart gitt tilbod om informasjonsmøte, som vart gjort digitalt. Tilbakemeldingane var at digital gjennomføring fungerte bra. Vår vurdering er at kommunane/ NAV-kontora opplevde det som nyttig og lærerikt at dei gjennom undersøkinga måtte sjå på eigen praksis. Tilbakemeldingane var at det førte til mange gode refleksjonar rundt arbeidet dei gjer; i tillegg til ei oppdaging av at dei gjer mykje som er bra, såg dei og at det er område som må justerast/ endrast. På eit

av kontora var det heilt stengt for drop-in i høve pandemien. Etter undersøkinga vart dette endra til at det igjen på nokre tidspunkt vart mogleg å kome på NAV-kontoret uten avtale.

I oppfølging av tilsyn jobbar avdelinga tett på kommunane med rettleiing i høve naudsynt arbeid for å lukke lovbrota. Helse- og sosialavdelinga har gode erfaringar med å kalle inn kommunar som strevar til eit tilsynsmøte, der kommuneleiinga og leiinga i avdelinga deltek. Av tilsynsaktivitet utover dette kan vi nemne at vi gjennom heile 2020 har følgd opp alle nye retningslinjer og endringar med å gje rettleiing til kommunane, verksemder og enkeltpersonar. Gjennom vår sakshandsaming har vi fått eit godt innblikk i stoda ute i kommunane.

Arbeidet med tilsynskalenderen som verktøy har også -tross utfordringane i 2020- likevel vore positivt, og gitt dei ulike statlege tilsynsetatane og avdelingane hos fylkesmannen betre kjennskap til kvarandre og til ulike tilsynsmetodar. Gjennom bruken av tilsynskalenderen og betre kjennskap til andre tilsynsetatar er det lagt godt til rette for at statlege tilsynsetatar vil kunne lære av kvarandre, dra nytte av synergieffektar og kanskje utnytte ressursane betre.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Vi har klimaomstilling som tverrfagleg satsingsområde i perioden 2020-2023. Satsinga har fått namnet [klimasnu](#). Satsinga er organisert med ei tverrfagleg arbeidsgruppe bestående av fagområda miljøvern, plan, samordning, landbruk og beredskap, og ei utvida arbeidsgruppe med representantar frå alle fagavdelingane i embetet. Satsinga vert leia av ass. fylkesmann med direktørgruppa som styringsgruppe. I vår [strategiske plan](#) er det laga mål, strategiar og tiltak for satsinga.

I 2020 har vi brukt tid på å informere om satsinga, både internt og eksternt. Vi har oppretta tett kontakt med alle kommunane og deltatt på alle møter i dei fire klimanettverka i fylket, både nettverksmøter og styringsmøter. Klima har vore tema på alle relevante interne og eksterne samlingar, nyheitsbrev og forventningsbrev.

"Tredrivaren" har hatt samlingar og sendt ut nyheitsbrev om klimavennlege bygg. Her vert det peika på korleis kommunane kan redusere klimagassutsleppa sine ved å stille krav til marknaden gjennom innovative offentlege innkjøp.

Ved landbruksavdelinga vert kontakten med flisprodusentar og biovarmeprodusentar følgd opp. Potensialet for auka bruk av bioenergi i fylket er stort, men marknaden er påverka av energipriser generelt, også her.

Eit anna mål for 2020 var å styrke klimakompetansen i plan, både internt i embetet, ute i kommunane og hos andre sentrale aktørar for å bidra til at klimaomsyn blir forankra og integrert i alle planar etter PBL. Både klimagassreduksjon og klimatilpassing har vore eit moment i alle tilbakemeldingane frå oss til kommunale planer etter plan- og bygningslova. Vi har aktivt bidratt til at det vart tilsett ein ekstra ressurs til å følgje opp klima i plansamarbeidet på Nordmøre og til ein workshop på temaet for kommunane i samarbeidet.

Landbruksavdelinga har i 2020 tatt på seg funksjonen som gruppeleiar for arbeidsgruppa "Klimasmart landbruk" i Grønn forskning Midt-Norge si satsing, der målet er å løfte bonden sine problemstillingar opp til forskingsprosjekt.

Det tredje målet vårt for 2021 var å trekke fram dei gode eksempla på lokalt klimaarbeid i vårt fylke, for å motivere kommunane til å arbeide aktivt med klimaomstilling. Dette gjorde vi ved at fleire kommunar fekk presentere gode eksempel på klimatiltak under Klimasnukonferansen som vart arrangert digitalt. I tillegg har vi oppretta ein Klimasnupris som skal delast ut åreleg. For 2020 vart prisen delt ut til innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre for prosjektet "Kompetansehevande tiltak for miljøvenlege innkjøp".

Det aller meste som skjer av konkrete tiltak på klimagassreduksjon i vårt fylke kjem i stand ved hjelp av klimasats-midlar.

Kommunale klima- og energiplanar har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har en gjeldende klima- og energiplan med ambisiøse mål som bidrar til å redusere klimagassutslipp

Overordna måloppnåing for kommunane i 2020 er dårleg. Vi har få kommunar med gode, oppdaterte klima- og energiplanar, men alle er no godt i gang

og vi venter ei heilt anna måloppnåing i 2021.

Forventingane i SPR er formidla i alle våre tilbakemeldingar på kommunale planstrategiar og samfunnsdelar, på nettsida vår og gjennom relevante konferansar og møter med kommunane.

Målsettingane i nye klima- og energiplaner og i samfunnsdel til kommuneplanar synast å vere tilstrekkeleg ambisiøse.

Det er få kommunar som har kome så langt at dei er ferdig med **tiltaksdelen i nye klima- og energiplaner**. Gjennomføringsevna var dårleg for dei gamle planane, men vi trur den vil bli høgare i for planane som no vert utarbeidd. Gjennomføring av klimatiltaka som har fått støtte gjennom Klimasats er god. Dei fleste av tiltaka som vert gjennomført i vårt fylke er direkte initiert av denne ordninga. Tal på klimasatsiltak i vår region veks år for år. Vi ser at det hadde vore ein fordel om fylkeskommunen kunne utløyst nettverksmidla i meir enn eit nettverk.

Aksept og forståing for å **bevare skog og anna karbonrike areal** verker foreløpig å vere dårleg, spesielt når det kjem til konkrete politiske avgjerder. Vi arbeider aktivt med å formidle nasjonal politikk på området gjennom innspel i planprosessar. Fleire kommunar sett no fokus på tema i overordna planer. Kristiansund kommune har laga eit ambisiøst forslag til kommuneplanens arealdel og Ålesundsregionen i gong med å lage karbonkart for sine areal.

Effekt av vårt arbeid: Vi ser god effekt av at leiinga vår sett fokus på klimaomstilling i møte med kommuneleiinga og politikarane. Slik får også innspela våre i plansamanhengane større aksept. Pådrivarrolla er viktig i alle ledd.

Vi har eit **forbettringspotensial** når det gjeld å finne og å teste ut grensene for motsegn på klimagassutslepp i arealplanar og reguleringsplanar (på klimatilpassing er dette godt etablert).

Vi ser at vi får utretta lite dersom ikkje politikarane og administrasjonen i kommunane går i same retning. Vi håper prosjektet [Berekraftsfylket Møre og Romsdal](#) vil gje positive samarbeid på klimaområdet på sikt.

Kommunene har tatt i bruk ny veiledning til klimatilpassing (fra kapittel 3.2.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene har tatt i bruk ny veiledning til klimatilpassing i statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunene, herunder i utforming av planstrategier etter plan- og bygningsloven.

SPR er kommunisert ut til alle kommunane. Mellom anna gjennom våre høyringsfråsegrer til kommunale planstrategiar, kommuneplanens samfunns- og arealdel, kommunedelplanar (områdeplanar og temaplanar) og reguleringsplanar. Dette kjem i tillegg til Fylkesmannens forventingsbrev til kommunane, relevante nettverksmøte, fagsamlingar og konferansar.

Kommunane viser så langt varierende kjennskap til SPR og bruk av denne. For å vise korleis SPR kan nyttast, har vi har mellom anna vist til Miljødirektoratet sin rettleiar «Hvordan ta hensyn til klimaendringar i plan», som gjev rettleiing til delen om klimatilpassing i SPR.

Alle kommunane i fylket tek del i Møre og Romsdal fylkeskommune sin satsing «Berekraftsfylket Møre og Romsdal». Dette speglar seg i dei nye planstrategiane til kommunane i fylket, som då i større eller mindre grad inkluderer klimaendringar som eit tema/utfordring. I dei tilfella der omsynet til klima ikkje er (tilstrekkeleg) omtalt eller varetteke, har vi har hatt merknad til strategiane.

Fylkesmannen støttar kommunane med vurderingar av effektar og konsekvensar av klimaendringar i hovudsak gjennom rettleiing og kunnskapsgrunnlag. Innanfor samfunnsstruggleik i kommunen sin arealplanlegging har Fylkesmannen motsegngrunnlag dersom konsekvensar av framtidige klimaendringar ikkje er vurdert i ROS-analysen, og/eller varetatt i arealplanlegginga. Effektar og konsekvensar av klimaendringar er òg ein naturleg del av kommunane sine heilskaplege ROS-analysar etter sivilbeskyttelseslova. I 2020 hadde vi planlagt å arrangere to VærSmart!-konferansar, med god påmelding, men måtte avlyse på grunn av korona. Vi vurderte digital konferanse, men fant at vi heller utsett konferansen slik at vi kan møtas fysisk.

Vi meiner vår rettleiing innanfor klima har gjort kommunane meir merksam på kunnskapsgrunnlaget som finst, og statlege forventingar til korleis klima skal/bør varetakast innanfor kommunane sine ansvarsområde. Ettersom kunnskap om klima er i stadig utvikling, vil det òg vere eit kontinuerleg behov for Fylkesmannen å halde seg oppdatert på faget og sørge for at den beste kunnskapen blir nytta i arbeidet med klimagassreduksjon og -tilpassing.

3.1.2.4 Andre oppdrag

3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap

Fylkesmannen har i 2020 ikkje jobba aktivt med tilrettelegging av god CBRNE-beredskap. Vi hadde planar om å delta på CBRNE-konferansen saman med atomberedskapsutvalet i 2020, og halde arbeidsverkstad med kommunane om beredskapsplanverk for CBRNE-hendingar. Dette vart avlyst som følge av pandemien.

Vurdere etterlevelse av CBRNE (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Sørge for at CBRNE er vurdert i etterlevelse av relevante krav i [Fylkesmannens samfunnsikkerhetsinstruks](#)

Fylkesmannen følg opp CBRNE som tema på lik linje med andre hendingar med konsekvensar for samfunnstryggleiken. Dette er jamnleg tema i våre årlege møte i Fylkesberedskapsrådet og i våre fagsamlingar med kommunane. I 2020 har vi pga pandemien ikkje hatt fagsamling, men dette vil verte tema når vi kan samlast igjen i 2021. Koronapandemien og krisehandteringa av denne har truleg auka aktørane si merksemd og kunnskap om denne type uønska hending og styrka vår evne til å handtere biologiske hendingar.

Ivareta rollen som regionalt samordningsrollen innen CBRNE-beredskap (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Ivareta rollen som regionalt samordningsledd i tråd med Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks innen CBRNE-beredskap, ref. [kgl.res. 23. august 2013 - Atomberedskap sentral og regional organisering](#) og [mandat for beredskapsutvalget mot biologiske hendelser, 23.mars 2019](#).

Fylkesmannen varetek sin samordningsrolle innan CBRNE-beredskap.

CBRNE-beredskap i fylkesberedskapsrådet (fra kapittel 3.2.1.5.1.3 i TB)

Rapportere på

Benytte fylkesberedskapsrådet aktivt for å sikre god faglig rådgivning regionalt og lokalt, i tråd med [Nasjonal strategi for CBRNE-beredskap](#).

Fylkesmannen hadde planar å delta med atomberedskapsutvalet, som er ein avgrensa del av fylkesberedskapsrådet, i DSB sin CBRNE-konferanse for kompetanseopåfyll. Konferansen vart avlyst på grunn av pandemien. Vi hadde òg planar om å ha atomberedskap som tema på det årlege møtet med fylkesberedskapsrådet. Dette møtet vart avlyst, men vi har jamlege møter med FBR der pandemien, og andre relevante hendingar er tema.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Vi brukar mykje ressursar på rettleiing av kommunar, gjennom innlegg på konferansar, besøk i kommunane og telefonrettleiing.

I klagesaksbehandlinga etter plan- og bygningsloven har vi i 2020 ikkje nådd målet om saksbehandlingstid. Vi har over lenger tid hatt redusert bemanning på dette området, da fleire saksbehandlarar har vore i permisjon heile eller delar av året. Vi vil framover ha fokus på å jobbe ned saksbehandlingstida, og har forventningar om at vi vil forbetre måloppnåinga på dette området i løpet av 2021. Samstundes er det sentralt å oppretthalde kvalitet i vår saksbehandling, og ivareta rettstryggleiken på området.

Helse og sosialavdelinga brukar også mykje ressursar på rettleiing av kommunar, spesialisthelsetenesta og innbyggjarar. Dette vert gjort gjennom rettleiing på telefon, i sakshandsaming og på kurs og konferansar. Gjennom 2020 har vi også rettleia kommunane gjennom eigne møter og i møter mellom kommunane og helseføretaket.

Vi har ikkje nådd resultatmåla på alle våre områder når det gjeld sakshandsamingstid men avdelinga har i 2020 brukt mykje naudsynte ressursar på arbeidet med pandemien.

Avdelinga har blitt prioritert med budsjettauke og har fått fleire medarbeidarar på fleire av dei områda vi har hatt utfordringar med måloppnåing på og tidlegare år. Vi har fått 2 legar til dette året, i tillegg til ein jurist og ein vernepleiar. Dette har vi god tru på skal hjelpe oss til å nå resultatmåla når vi igjen kjem attende til ein normalsituasjon.

Det har ikkje vore møte i Miljøforum i 2020 i Møre og Romsdal, men vi opplever likevel ein tettare kontakt med politiet i saker som krev ulovlighetsoppfølging. Vi har fått faste kontaktpersonar i politiet på miljøkriminalitet og har arbeida tett med politiet i oppfølging av anmeldelser.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Vi har gjennomført to tilsyn i 2020.

Med bakgrunn i risikovurdering vart tilsyna gjennomført i Ørsta og Aukra kommune.

Ein kommune hadde lovbrøt jamfør introduksjonslova. Kommunen lukka lovbrota innan satt frist.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har i 2020 ikkje greidd resultatmålet om at alle klagesaker skal vere behandla innan 12 veker. Av det totale talet på behandla saker er 45 % behandla innanfor 12-vekersfristen. Vi har såleis ei lavare måloppnåing på dette området samanlikna med 2019. Gjennomsnittleg fristoverskriding er på 26 dagar, og har såleis auka noko sidan fjoråret. Grunnen til at vi ikkje har greidd å halde saksbehandlingsfristen er i hovudsak at fleire saksbehandlarar har vore ute i permisjon heile eller delar av året, og at vi i periodar har hatt lågare bemanning på dette området.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-55 %	45 %	160	72

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Vi har i 2020 behandla 5 byggesaker der det har vore gitt utsett iverksetting. Vi har ikkje greidd å overhalde saksbehandlingsfristen på 6 veker for desse sakene. Dette heng saman med at vi i byggesaker generelt har hatt ein krevjande restansesituasjon og vanskar med å halde dei fastsette saksbehandlingsfristane, sjå merknad under forrige punkt. Saker der det er gitt utsett iverksetting har likevel i hovudsak fått ei raskare behandling enn ordinære byggesaker.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	-100 %	0 %	5	0

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har ikkje behandla nokon saker om oreigning som førsteinstans i 2020.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-100 %		0	0

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har ikkje behandla nokon klagesaker om oreigning i 2020.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	-100 %		0	0

IED: Avfalls-BREF (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Alle aktuelle virksomheter som er omfattet av avfalls-BREF, har fått varsel og pålegg om endring av tillatelse.

Vi har sendt varsel med pålegg om opplysningar til 16 verksemdar.

15 av desse verksemdene er anlegg som har løyve til å oppbevare meir enn 50 tonn farleg avfall. Desse verksemdene er ikkje omfatta av BAT-AEL og det er difor ikkje naudsynt å oppdatere løyva. Vi har også fulgt opp forbrenningsanlegg og anlegg som håndterer bunnaske.

Virksomheter omfattet i avfalls-BREF

Antall virksomheter omfattet i avfalls-BREF	Antall virksomheter som har fått varsel og pålegg om endring av tillatelser	Differanse
16	1	- 15

Forurensningstilsyn: God kompetanse (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har god kompetanse og tilfredsstillende aktivitet på forurensningstilsyn

Vi har fleire tilsette med god og riktig tilsynskompetanse. Det er no tilsett to nye som ikkje har fått gjennomført tilsynskursa fordi dei vart avlyste i år. Vi er no i prosess med utvikle og ta i bruk metodikken fjerntilsyn, og plana er å auke bruken av fjerntilsyn så lenge pandemi-situasjonen gjer det vanskeleg å gjennomføre fysiske tilsyn.

Av oppgåvene innafor miljøfeltet, var det var særleg tilsynsarbeidet som vart utsett som følgje av koronapandemien. Vi klarte ikkje å gjennomføre tilsynsplanen for 2020 og er berre middels nøgde med eigen innsats. Miljøvernavdelinga har også lånt ut tilsynsbemannning til beredskap i deler av året, for å bistå i arbeidet med handtering av korona-krisa.

Barnehage	Fjord		Godkjenning av barnehager - Avgjørelse på søknad		Godkjenning av barnehager - Avgjørelse på søknad	Inneheld vedtak informasjon om retten til å klage på vedtaket?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering	Utarbeider PPTsakkunnige vurderingar i dei tilfella der barnehagelova krev det?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Utarbeider PPT sakkunnige vurderingar så snart som mogleg?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Gjer PPT greie for og tek stilling til kva type hjelp og organisering som vil bidra til barnets utvikling og læring?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Gjer PPT greie for kva kompetanse dei som gir hjelpa bør ha?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Fattar kommunen enkeltvedtak etter barnehagelova § 19a når det gjeld logopedhjelp?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Får foreldre moglegheit til åuttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før det vert fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Sørger kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før ein fattar vedtak om spesialpedagogisk hjelp?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	grunnjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med sakkunnig vurdering?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Fatte vedtak		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Tek kommunen stilling til kva som er til barnets beste når de fattar vedtak om spesial pedagogisk hjelp?
Barnehage	Sande		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp	Får barnet den hjelpa det har rett på i samavar med vedtaket(innhald,varighet,omfang,organisering og kompetanse)?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Får foreldre moglegheit til åuttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før det vert fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Tek kommunen stilling til kva som er til barnets beste når de fattar vedtak om spesial pedagogisk hjelp?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	inneheld vedtaket informasjon om å sjå alle dokument i saka?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Fattar kommunen vedtak om spesialpedagogisk hjelp så snart som mogleg når PPT har utarbeidd sakkunnig vurdering og med oppstart ut frå barnet sitt behov?
Barnehage	Tingvoll		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp	Barn med nedsatt funksjonsevne sin rett til individuell tilrettelegging.	Spesialundervisning - Fatte vedtak	Har kommunen gjort tilstrekkelig for å kunne fange opp barn med nedsatt funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging etter § 19g?
Barnehage	Aure		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiserast?

Barnehage	Aure		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Tek kommunen stilling til kva som er til barnets beste når de fattar vedtak om spesial pedagogik hjelp?	
Barnehage	Aure		Spesialundervisning - Sakkyndig vurdering		Spesialundervisning - Fatte vedtak	Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinsats og informasjon om at klagen skal sendast til kommunen?	
Barnehage	Aure		Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Spesialundervisning - Fatte vedtak	inneheld vedtaket informasjon om å sjå alle dokument i saka?	

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

Vi både informerer om kompetanse på kva som er eit trygt og godt skolemiljø og etterspør praksis i kommunane m.a. på regelmessige regionale dialogmøte med aktuelle aktørar i kommunane. Dette meiner vi har effekt på den måten at det bidrar til at kommunen som skoleeigar igjen tar dette opp i sine aktuelle fora og dermed når elevar og foreldre. Fleire kommunar i fylket deltek i «Inkluderende barnehage og skolemiljø»-satstinga, både i det samlingsbaserte tilbodet og det nettbaserte tilbodet. Vi samarbeider med mobbeombodet i fylket gjennom faste møte. Mobbeombodet er invitert til våre møtearenaer for å informere og kommunisere om ordningane og om sitt arbeid. Vi vurderer at dette samarbeidet påverkar samla effekt av arbeidet på området i positiv retning.

Kompetanse på aktivitetsplikten (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle skoler har fått økt kompetanse om aktivitetsplikten

Vi både informerer om aktivitetsplikten og etterspør praksis i kommunane m.a. på regelmessige regionale dialogmøte med aktuelle aktørar i kommunane. Dette meiner vi har effekt på den måten at det bidrar til at kommunen som skoleeigar igjen tar dette opp i sine aktuelle fora og dermed når elevar og foreldre. Vi har arrangert webinar om 9 A.

Fem virkedager til tilbakemelding og vurdering (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Innen fem virkedager skal fylkesmannen ta kontakt med eleven/foreldre som har meldt inn saken og gi dem en plan for vidare saksbehandling. Innen samme frist skal fylkesmannen ha avgjort om saken skal avvises.

Vi tar kontakt med meldar med ein gong vi får inn melding knytt til skolemiljø og kap. 9 A. Vi har eigen prosedyre som sikrar at vi gjer dette likt og innanfor tidsfristen.

Rask ferdigbehandling (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)

Rapportere på

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

Vi jobbar så raskt som mogleg med saker etter § 9 A-6. Av og til drar tida ut avdi ein ventar på dokumentasjon frå skolen eller meldar. Saker som er kompliserte kan ofte dra ut i tid.

Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

Vi har alltid to som samarbeidar og saksbehandlinga på kvar sak. Dette gjer at vi oppnår god kvalitet på vedtaka før dei vert sendt til godkjenning.

Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Vi har fokus på å utvikle klarspråk og diskuterer korleis vi skal formulere oss i vedtak. Vi nyttar i liten grad faguttrykk og juridisk språk. I dei høva der vi finn det naudsynt å nytte det, forklarar vi mottakar kva det inneber.

Brukerretta språk er tema i drøftingar og vi har fokus på korleis vi skriv, og korleis vi bygg opp malane våre. Malane våre vart revidert i 2019, og vi arbeider stadig med at dei skal få eit endå betre klarspråk. Vi lærer av kvarandre ved å lese gjennom kvarandre sine vedtak. Dette vurderer vi til å ha positiv effekt, og vi opplever at språket i vedtaka våre har blitt enklare. Alle nyansatte skal gå igjennom "Klart språk" i introduksjonsprogrammet.

Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)**Rapportere på**

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Vi har fått tilbakemeldingar frå skoler/skoleeigarar om at regelverksforståinga aukar gjennom tilsyn. Dette, saman med direkte veiledning til kommunane og skolene, meiner vi kan ha bidratt til færre rettsanvendings- og/eller saksbehandlingsfeil frå skolar og skoleeigarar. Det er vanskelig å talfeste om vedtaka fra sektor inneheld færre feil.

3.1.3.8 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Fylkesmannen har etablert samarbeid med Fylkeskommunen for å understøtte arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Det er oppretta to stillingar i Fylkeskommunen som skal vidareføre Imdi-Midt sitt arbeid på området. Det er etablert regionalt nettverk mot sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting leia av RVTS-Midt som fylkesmannen deltek i. Nettverket driv tverrfaglege nettverkssamlingar og kompetanseheving med utgangspunkt i den gjeldane nasjonale handlingsplana.

Det var arrangert regional digital nettverksamling med tema æresrelatert vald og negativ sosial kontroll den 2. og 3. november 2020 med svært god deltaking (485). Her var politiet, barnevernstenesta, Bufetat, NAV, kommunal helse- og omsorgstenesta og spesialist-helsetenesta godt representert. Ein har mottatt gode tilbakemeldingar i ettertid og fylkesmannen sin vurdering er at ein har oppnådd auka kunnskap og betre fenomenforståing knytt til området. Hjelpeapparatet kan lettare oppdage når hendingar skjer og i neste omgang iverksette rett tiltak til beste for den som blir utsett for handlinga. Tiltaket har bidratt til god måloppnåing innan ein svært krevjande fagområde.

Fylkesmannen bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Helhetlig samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Fylkesmannen har etablert samarbeid med Fylkeskommunen for å understøtte arbeidet med busetting og integrering av flyktningar.

Introduksjonslova er grunnleggjande i kommunane sitt arbeid med kvalifisering av flyktningar. Den ein skilde flyktning si rett og plikt til deltaking i eiga introduksjonsprogram står sentralt. Fylkesmannen v/ oppvekst- og utdanningsavdelinga støttar opp om kommunane sitt arbeid og har i tillegg tilsyn med at alle har individuelle planar knytt til sitt opplæringsbehov (sjå eige rapporteringspunkt). Sentralt i arbeidet er også målretta rådgjeving. Fylkesmannen planlegg i 2021 eige opplæringsstiltak for å fremje kvalifisering i samarbeid med Fylkeskommunen. Fylkesmannen si vurdering er at den samordna innsatsen på området aukar måloppnåinga.

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov**

Fylkesmannen følgjer med og er pådrivar for å sikre at barnehage- og skoleeigarar har tilsette med kompetanse som fremmar utvikling, læring og trivsel tilpassa barn og unges behov. I ulik kontakt med barnehage- og skoleeigarar erfarer vi at kompetansen varierer. Dette påverkar naturlegvis behovet for rettleiing og kvaliteten på det vi får tilsendt av dokumentasjon t.d. i samband med tilsyn. Strategiane for desentralisert kompetanseutvikling, regional kompetanseutvikling og kompetanseløftet skal bidra til at kommunane og dei ikkje-kommunale barnehage- og skuleeigarane sjølve identifiserer behov for utvikling som fremmar utvikling, læring og trivsel. Samarbeidet med Universitets- og høgskulesektoren i dette arbeidet er både viktig og nødvendig. I samband med dette engasjerte Fylkesmannen Høgskulen i Volda til å gjere eit kompetansekartleggingsarbeid i barnehagesektoren, for å ha eit betre kunnskapsgrunnlag om korleis stoda er ute i kommunane.

Fylkesmannen har i oppdrag å gi støtte til kommunane i implementeringa av fagfornyinga. Vi fekk innspel frå regionane om at det blant anna var behov for støtte i samband med dei tre nye tverrfaglege tema i læreplanane. I og med at covid-19-situasjonen har gjort kommune- og skolekvardagen krevjande for dei tilsette, valde vi å få utvikla videoførelesingar frå UH-sektoren som kommunane/skolane kan ta i bruk når det passar dei. Tre utdanningsinstitusjonar innanfor sektoren starta etter førespurnad frå oss arbeidet med å lage videoførelesingar med refleksjonsoppgåver som vi legg ut etter kvart som dei er ferdig produserte.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle barnehage- og skoleeiere har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Alle barnehage og skuleeigarar er representert gjennom dei regionale nettverka. I disse nettverka arbeider både barnehage og skule saman slik at ein kan sjå heile løpet under eitt.

Alle regionane i fylket har levert inn plan for kompetanseutvikling før utbetaling av midlar. Det er ulikskap i korleis kompetansebehovet er kartlagt hos den enkelte barnehage- og skuleigar. UH er ein samarbeidande part i dette arbeidet og har bidrege med å vurdere kompetansebehovet i dei ulike regionanen og tilhøyrande kommunar.

Fylkesmannen har ikkje detaljert kunnskap om kvar enkelt barnehage eller skuleigar sine system for dette arbeidet, men har inntrykk av at regionane har god oversikt over dette for sine kommunar i regionnettverket sitt. Viser forøvrege til pkt. 3.1.4.1 der Fylkesmannen engasjerte Høgskulen i Volda til å gjere eit kompetansekartleggingsarbeid i barnehagesektoren, for å ha eit betre kunnskapsgrunnlag om korleis stoda er ute i kommunane.

Tiltak møter lokale behov og er forankret i langsiktige kompetanseutvplaner (fra kapittel 3.4.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at prioritering av tiltak møter lokale kompetansebehov og er forankret i langsiktige kompetanseutviklingsplaner

Regionane i fylket har utarbeidd langsiktige planar for kompetanseutviklinga. Disse planane er laga ut ifrå utviklingsbehov i regionen og ut ifrå lokale kompetansebehov. Planane danner grunnlaget for kva for utviklingsområde som skal prioriterast i regionen, og er formidla i samarbeidsforum.

Kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap med UH (fra kapittel 3.4.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap mellom barnehage-, skoleeiere og UH

Det er ei etablert forståing at arbeidet innanfor, både regional kompetanseordning og desentralisert kompetanseordning, gjennomførast i samarbeid med og i partnerskap med UH. Det er Høgskulen i Volda som både har barnehage- og lærarutdanning, NTNU, og Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærarutdanning som samarbeider med regionane om ulike kompetansetiltak.

Fylkesmannen har tidlegare uttrykt i samarbeidsforum at minimum 50 % av midlane som overføres til regionane bør tildelast UH. Dette med bakgrunn i at UH og skal utvikle seg, kome nærare praksisfeltet og gi betre lærarutdanningar. Midlane til ordninga blir ikkje utbetalt før regionane har leverte inn ein plan for utviklingsarbeidet for perioden og ein avtale om fordeling av midlar mellom UH og region.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordninga har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Møre og Romsdal fylke har ein kommune med i oppfølgingsordninga. (OO18). Kommunen avsluttar si deltaking i ordninga våren 2021.

Denne kommunen vart slått saman med andre kommunar i januar 2020, og den "nye" kommunen tok over kommuneansvaret for skulen som er med i oppfølgingsordninga. Ut ifrå det arbeidet som skulen har gjennomført i samarbeid med veilederkorpsset har dei system for å kartlegge kompetansebehovet i sin verksemd.

Fylkesmannen har ikkje inngåande kjennskap til korleis den "nye" kommunen sitt system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemd er, men vi viser til pkt. 3.4.1.1.1, der regionane har kjennskap til stoda i kommunane i regionnettverket sitt.

Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Skulen som deltek i oppfølgingsordninga har laga ein utviklingsplan med målretta tiltak. Dette med utgangspunkt i gjennomførte analyser av utfordringer og behov, for å få til eit best mogleg læringsmiljø og læringsutbytte.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Vi har evaluert samarbeidsform og hyppighet med kommunal kriseleing.

Vi har og evaluert vår interne krise - og kontinuitetsplan.

Det er iverksett nasjonale evalueringer av pandemihåndtering der vi har bidratt eks. koronakommisjonen.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks**3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver**

Ingen avvik

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

ingen avvik

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Landsomfattande tilsyn (LOT) med tema barnevernet sitt arbeid med undersøkingssaker: Vi gjennomførte 3 LOT i 2020, kravet var å gjennomføre 4. Covid-19 pandemien førte til at tilsyn vart utsett og i ett tilfelle avlyst. Ellers ikkje avvik på barnevernområdet.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Situasjonene med koronapandemi har påverka gjennomføringa av fleire oppgåver i helse- og sosialavdelinga spesielt.

Fleire tilsyn og tilsynsaktivitetar er utsett/avlyst og sjølv om vi har mange tilsynsnære aktivitetar grunna pandemien, har vi ikkje nådd målkrava.

Avdelinga har mange helsesaker som er blitt gamle og ikkje ferdighandsama. Dette har bygd seg opp over fleire år. Vi har fått auka stillingsressursar til området, både 2 nye legestillingar og ein juriststilling. Pga pandemien har vi nytta ein god del naudsynte ressursar til panedemirelaterte oppgåver og ikkje klart å redusere sakshandsamingstida vår slik vi hadde planlagt. Ikkje nådd resultatkrava på sakshandsamingstid innan helse- og omsorgstenester

Vi har ikkje nådd resultatkrava med omsyn til stadlege tilsyn mot personar med psykisk utviklingshemming. Dette grunna for lite ressursar på området inntil ny verenepleiar på området vart ansett hausten 2020. Arbeidet med pandemien har og nytta ressursar frå dette området.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal må melde avvik på Virksomhets- og økonomiinstruksen punkt 5.3.4.8. I henhold til instruksen skal fylkesmannen sørge for at alle verjer med rekneskapsplikt leverer komplette verjerekneskap. Fylkesmannen har ikkje prioritert dette i 2020. Vurderinga som vart lagt til grunn var at ein uansett ikkje har ressursar til å kontrollere alle rekneskapa, og slik sett fange opp eventuelle underslag.

Det ville kreve store ressursar å gå gjennom kvart rekneskap for å kontrollere at alle dokumentkategoriane var komplett. Det vert berre undersøkt at alle som skal sende rekneskap, sender noko. Rekneskapa som var med i uttrekket er sjekka opp mot punkt 5.3.4.8. I tillegg er det undersøkt rekneskap der ein ser risiko eller ein er usikker på om verje forvaltar økonomi i samsvar med verjemålslova, og i samband med tilsyn på andre felt enn økonomi.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Ingen avvik.

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive:

- Hvordan kommunene i fylket ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet, og om det har skjedd endringer i dette etter at lovendringene trådte i kraft 1. januar 2019
- Om NAV-kontorene har oversikt over personer som er i målgruppen for programmet
- Utfordringer knyttet til at alle personer i målgruppen for programmet blir vurdert for deltakelse og får tilbud om program hvis de fyller vilkårene loven setter
- Hva kjennetegner NAV-kontor som ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet på en god måte
- Fylkesmannens arbeid for å legge til rette for at kommunene ivaretar sitt ansvar for programmet i henhold til regelverket og på en god måte

For å svare på disse spørsmåla nytta vi nasjonalt skjema utarbeida av FMFA (i samarbeid med to andre embete). 21 av 19 kontor har svart.

1. På kva måte skaffar Nav-kontoret seg oversikt over personar i målgruppa for KVP?

NAV kontora i Møre og Romsdal har ulike organisering, enkelte kontor har egne KVP team eller egne KVP rettleiarar, andre fordeler saker etter dato eller etter innsatsgrupper. Dei fleste NAV kontora viser til den ordinære behovsvurderinga og kartlegginga jf. nav-lova. Vidare blir det av nokre vist til regelmessig gjennomgang av «brukarmassa», særskilt blikk på langtidsmottakarar av sosialhjelp, langtidsledige og flyktningar. Andre igjen viser til at dei har jamleg gjennomgang av dei som har behov for spesielt tilpassa oppfølging. Vidare blir det vist til at dette er tema i fagmøter, teammøter og i møter der økonomisk sosialhjelp vert drøfta. Nokre viser til at det er blitt gitt opplæring i KVP slik at rettleiarane blir i stand til å identifisere brukarar med rett til KVP.

2. Korleis sikrar Nav-kontoret at personar i målgruppa blir identifisert og får informasjon om KVP, samt får tilbud om program?

Også her er svara ulikt; det blir vist til at ordninga fortsatt er lite kjent og at det kjem få søknader. Dei fleste seier at dei informerer brukarane om retten når kartlegging viser at dei kan ha rett på KVP. Videre at det ligg informasjon om KVP på nettet, oppslag og informasjonshefte i mottak. Andre igjen seier at brukarar med rett, blir fanga opp i diverse team og drøftingsmøter. Eit kontor inviterer aktuelle brukarar til informasjonsmøte om KVP. Eit anna kontor svarte at dei har utvikla egne sjekklister for identifisering. Mange viser til at det er viktig at rettleiarane har god kunnskap om inngangsvilkåra til KVP.

3. Beskriv eventuelle utfordringar knytt til at alle personar i målgruppa for KVP blir vurdert for deltaking og får tilbud om program

Fleire svarar at det kan være ei utfordring å ha nok merksemd på at KVP er ein rett for dei som fyller vilkåra. Andre viser til at rettleiarane har for mange brukarar og at det tek tid å kartlegge brukarar godt nok. Det blir også svart at regelverket er krevjande og at rettleiarane har mange regelverk å ha oversikt over. Dårlege norskkunnskapar, svak leiarforankring både i leiinga i kontoret og i kommunen utanfor NAV, er ei utfordring.

4. Beskriv korleis de tek hand om ansvaret for KVP, og om det har skjedd endringar i dette etter av lovendringane tredde i kraft 1. januar 2019

Fleire viser til at dei har ressurspersonar på området eller eigen KVP rettleiar. Andre igjen viser til at det er den einkilde rettleiar som har ansvaret. Fleire seier at lovendringa ikkje har hatt innverknad på KVP-arbeidet, andre seier at det har gitt auka merksemd på KVP.

5. Korleis sikrar ditt Nav-kontor at det alltid skal vurderast om brukar fyller inngangsvilkåra for KVP før det vert stilt vilkår om aktivitet for unge under 30 år?

Oppsummering: Fleire NAV kontor svarar at dei ikkje har hatt stor nok merksemd på dette. Andre at dei ikkje nyttar aktivitetskravet i 20 a så mykje. Mange svarer at dette blir fanga opp i behovsvurderinga eller at dei har rutine for dette.

6. Har de andre utfordringar knytt til KVP?

Mange svarer nei. Enkelte NAV kontor har svart at rettleiarane «overproblematiserer» forventningar til innhald i programmet, andre igjen skildrar reelle problem for å få til godt nok innhald i programmet. Nokre svarer at nok tid til å følgje opp, eller motivere deltakarar nok er ei utfordring. Andre seier at dei ikkje kjem i posisjon til enkelte brukarar med rett. Fleire peikar på at rettleiarane ikkje har nok kompetanse eller er utrygge i dette arbeidet.

7. Kva kjenneteiknar, etter dykkar vurdering, Nav-kontor som arbeidar godt med KVP?

Dei fleste svarer god kartlegging, tett oppfølging av deltakar og godt samarbeid med andre kommunale aktørar. Sterke fagmiljø og god kompetanse på KVP blir og trekt fram. Vidare nok tid til å gjere jobben, god leiारforankring og jamleg informasjon om KVP i kontoret.

Fylkesmannen er einig med NAV kontora i dette.

8. Har de andre tilbakemeldingar om KVP?

Oppsummering: her svarer mange nei, nokre seier at KVP er et viktig program eller at det krev for mange datasystem i sakshandsaminga/oppfølginga. Andre hadde ønska seg KVP fagdagar frå fylkesmannen i 2020, og ein er glad for at fylkesmannen hausten 2020 oppretta KVP nettverk.

9. Kva tiltak ønskjer de at Fylkesmannen skal gjere for å støtte Nav-kontorets arbeid med KVP?

Mange ønsker seg fleire kurs, fagdagar, nettverkssamlingar, oppdateringar om KVP. Fellessamlingar på regionalt nivå. Vere påminnar til kommunen utanfor NAV kontoret om ansvaret dei har for KVP.

Fylkesmannens arbeid for å legge til rette for at kommunene ivaretar sitt ansvar for programmet i henhold til regelverket og på en god måte

Saman med NAV Møre og Romsdal oppretta vi på nytt nettverk på KVP. Nettverksmøter blir gjennomført på TEAMS.

I tillegg har vi oppretta KVP gruppe på TEAMS, slik at vi og NAV fylkesledd kan få lagt ut ny og/eller viktig informasjon. Vidare kan NAV kontora dele gode grep, stille spørsmål og dele problemstillingar til diskusjon.

KVP var tema på vår grunnleggjande opplæring i sosialtenestelova i haust (TEAMS)

KVP var og tema i vårt møte med kommunedirektørane i juni, vi informerte då særlig om covid 19 forskrifta. Vidare var KVP tema på NAV leiarmøte i november.

Utover det gir vi råd og rettleiing på initiativ frå NAV kontor, først og fremst på e-post. Det er enno slik at nokre av spørsmåla vi får vitnar om lav kompetanse på KVP regelverket.

Vi har engasjert to tilsette frå NAV kontor, i ca 20% stilling som skal forsterke KVP arbeidet i vårt fylke i 2021.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive kommunenes erfaring med aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år. Herunder om aktivitetsplikten bidrar til overgang til arbeid og utdanning.

19 av 21 NAV kontor har svart på spørsmål frå oss:

1. Kva erfaringar har Nav-kontoret med aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk stønad under 30 år?

Mange svarar at dei har god erfaring og viser til forskjellige tiltak dei nyttar (både statlege og kommunale). Vidare at dei gjennom aktivitetsplikta lettare kjem i posisjon til unge som isolerer seg heime eller at brukarar raskare kjem i ordinært arbeid. Andre svarer at det er vanskeleg finne aktivitet for dei med rusproblem eller har for store samansette problem.

2. I kva grad bidreg aktivitetsplikta til at mottakarar av økonomisk stønad under 30 år kjem i arbeid i dykkar kommune?

Mange svarar i stor grad eller at brukar blir meir aktiv for å kome i arbeid. Vidare fører den til at NAV kontora får auka merksemd på arbeid som mål. Fleire svarar arbeidsevna blir raskare avklart. Eit kontor har ikkje har fått nokon i denne gruppa i arbeid.

3. I kva grad bidreg aktivitetsplikta til at mottakarar av økonomisk stønad under 30 år startar eller tek opp att utdanning i dykkar kommune?

Her svarar kontora i ingen grad, i noko grad eller i liten grad. Andre svarar at dei skal ha større merksemd på dette i 2021

4. Har de andre tilbakemeldingar frå Nav-kontoret om aktivitetsplikt?

Dei fleste svarar nei, men at dei er positive til aktivitetsplikta. Nokre svarar at dette har ført til at dei har fått lågterskel aktivitetstilbod. Enkelte svarer at ordninga stiller store krav til rettlear si kompetanse.

Fylkesmannen opplever at NAV kontora er positiv til aktivitetsplikta og denne kan hindre at unge brukarar vert passive mottakarar økonomisk stønad. Vi har få klagesaker på denne heimelen og har ikkje hatt tilsyn på dette området. Difor har vi ikkje god informasjon på korleis dette fungerer i praksis. Bruk av denne heimelen stiller store krav til både sakshandsaminga og oppfølginga av brukar. Vi gir ein del råd og rettleiing på temaet. Vi har informert om Covid 19 forskrifta og har ikkje fått tilbakemeldingar om at denne ikkje vert forstått eller praktisert. Møre og Romsdal har hatt lite smitte så langt.

Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal vurdere og beskrive om og hvordan digitalisering/DIGISOS påvirker tilgjengelighet til og kvalitet på de sosiale tjenestene.

19 av 21 NAV kontor har svart på spørsmåla.

1. Kva digitale tiltak har Nav-kontoret sett i verk eller fortsett å tilby for dei sosiale tenestene i 2020 (Digisos, skriv til oss m.m.)?

Alle kommunar har innført Digisos og den blir i stor grad nytta til søknad om økonomisk stønad. Fleire ønskjer at «Skriv til oss» funksjonen også skal gjelde sosiale tenester (slik den gjorde ei kort periode under starten av pandemien). Eit kontor svarer at dei tilbyr digitalt møte. NAV Hustadvika skal ta i bruk VR-teknologi til «jobbsmak» i samarbeid med NAV Molde. Dei har laga strukturar internt for å kunne ta i mot digitale søknader. Fylkesmannen støttar dette prosjektet gjennom tilskot. Nokre få svarar at dei bruker aktivitetsplan i Modia, chat med oss, og skriv til oss funksjonen.

2. Korleis vurderer de at dei digitale tiltaka har påverka tilgjenge til dei sosiale tenestene ved Nav-kontoret i 2020?

Dei fleste svarar at Digisos har gjort det enklare for fleire brukarar, at det sikrar sakshandsaminga og auka tilgjenge for fleire. Digisos har synleggjort fleire brukarar med behov for sosiale tenester. Fleire skriv at pandemien har ført til stengte kontor og at ikkje alle brukarar er digitale, at dei difor er uroa over at det kan være vanskeleg for denne gruppa å få hjelp no. Det då er viktig at rettleiar tek kontakt eller tek i mot munnlege søknader på telefon.

3. Korleis vurderer de at dei digitale tiltaka har påverka kvaliteten av dei sosiale tenestene ved Nav-kontoret i 2020?

Dei fleste svarar at kvaliteten kva angår søknader har blitt betre når Digsos vert nytta, og at desse er meir opplyst. Nokre svarer at søknadsskjemaet manglar felt for å beskrive situasjonen brukar er i. Fleire legg til at dei digitale mogelegheitene ikkje kjem alle til gode fordi fleire brukarar manglar digital kompetanse. Andre legg til at det er for få digitale verkty, sidan dei ikkje kan nyttas til brukarar som treng sosiale tenester.

Fylkesmannen vil legge til at Digsos er bra og vart i tillegg heilt nødvendig når fleire kontor stengde eller reduserte opningstid då pandemien oppstod. Vi har i fleire omgangar hatt dialog med NAV kontora at dei må sikre tilgjenge på sosiale tenester, også for dei som ikkje er digitale. Vidare ser ein behovet for at Digsos vert utvikla for alle sosiale tenester. Det må verte mogeleg å kommunisere digitalt for dei som treng sosiale tenester og at ikkje digitale verkty som ikkje tek teieplikta i vare vert nytta. Vi må ha stor merksemd på at digitale verkty er eit supplement, og at det ikkje heilt kan erstatte behovet for fysiske samtalar, søknadar og oppfølging.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringsplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

Helse- og sosialavdelinga hos fylkesmannen har i 2020 fått meir ressursar på Statens helsetilsyn sine områder, noko som gjer det realistisk å oppnå gevinstrealisering på sikt.

Vi har som nemnd i rapporten tidlegere, etterslep på ein del gamle saker på kommunale helse- og omsorgsområder. Det er no realistisk å få arbeid ned sakshandsamingstida på desse områda når vi kjem attende i ein normalsituasjon utan pandemi.

Opplæring og dialog med kommunar har i stor grad blitt gjennomført digitalt i 2020 og dette er ei erfaring som vi og vil ta med oss i det vidare arbeidet.

Helsetilsynet jobbar med utvikling av tilsyn på helse- og sosialområdet og den nye Policyen for tilsynssaker saman med nye rettleiarar på området, er spanande arbeid som vi er i prosess med å innarbeide i vårt daglege arbeid.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringsplanen for oppgavene på Arbeids- og sosialdepartementets områder i årsrapport for 2020.

Fylkesmannen meiner at oppdraga på ASD sine områder er løyst i tråd med forventingane, med dei begrensningane pandemien har sett.

Som på mange områder er den digitale plattformen nytta i stor grad i møte med lokale NAV-kontor. Det har gitt ein gevinst med at fleire tilsette ved kontora har hatt moglegheit til å delta. Tilbakemeldingar seier at dette er noko vi bør fortsetje med og etter pandemien.

Behov for opplæring er stort, og det har lenge vore fremma eit ønske om auka volum på opplæring, eit ønske vi opplev har vore utfordrande å oppfylle. Digitale tilbod vil til ein viss grad kom dette behovet i møte.

Talet på rettighetssaker er relativt stabilt, og vi har få tilsynssaker. Dei fleste konflikter og tillitsbrudd, som normalt vil generere ei tilsynssak, vert løyst med dialog og rettleiing.

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, informasjonsarbeid overfor kommunene om faglig veileder for innhold og kvalitet i tilbudet, samt gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

I Møre og Romsdal har vi tre krisesenter. Fylkesmannen personleg har vore ein runde på alle dei tre krisesentera i 2019 for å få nærare informasjon om deira arbeid. I tillegg har vi jobba med å følgje opp manglar ved krisesentertilbodet for kommunane på Nordmøre når det gjeld tilbudet til menn og barn. Porttelefon og overvåkingskamera er no endeleg på plass i tråd med forskrifta for dette tilbudet. Nytt lokale for krisesenteret på Nordmøre er under planlegging. Krisesentera vert fortsatt følgt opp frå fylkesmannen med omsyn til deira rolle som pådrivar for at kommunane får på plass handlingsplanar for vald i nære relasjonar. Nordmøre krisesenter fekk Kr. 300 000,- i skjønnsmidlar i november 2018 som dei fekk overført til 2019 og 2020. Her er det framleis mykje arbeid som står att å gjere. Fem kommunar er knytt til senteret.

Sunnmøre krisesenter har fått Kr. 900 000,- i skjønnsmidlar til arbeidet med å koordinere arbeidet med kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar i 2020. Her er det 13 kommunar som har arbeidd målretta. Ålesund kommune har leia arbeidet med deltaking mellom anna frå RVTS-Midt. Plana er i november 2020 sendt ut til høyring og endeleg vedtak er forventta fatta i alle kommunane i løpet av februar/mars 2021. Det er oppnevnt kontaktperson for alle dei 13 kommunane.

Krisesenteret for Molde og omegn IKS fekk tildelt 1 mill i tilskot frå sfylkesmannen i 2020 i samband med innovativt arbeid kring utarbeiding av digital handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Dette knytt til rullering av eksisterande vedtatte planar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal utarbeidde i 2019 eit elektronisk skjema for å undersøke om kommunane overheld plikta si til oppfølging i reetableringsfasen og har prøvd dette ut som tilsyn på ein av våre kommunar. I desember 2020 la vi fram fram vårt døme til dei andre embeta i ei fagsamling i regi av direktoratet.

I 2020 gjennomførte vi 2 tilsyn ved bruk av det elektroniske skjemaet og vi vil i 2021 justere noko på spørsmåla og gjennomføre fleire tilsyn etter denne modellen.

Det vil bli laga ein kort rapport etter tilsynet som vert sendt til kommunane og kopi av rapportane blir sendt til direktoratet.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	26
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2018	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2018	1
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2019	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2019	1
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	2

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse eller reduksjon i tilbudet.

Det er i dag tre krisesenter i Møre og Romsdal. Vi er ikkje kjent med planer om nedlegging av nokon av sentra. To av krisesentra har nye lokalar og det tredje planlegg nytt bygg. Vi har jamleg kontakt med krisesentra.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader, og fattede vedtak inndelt i innvilgelse, avslag og avvisninger knyttet til hver sakstype, etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes fylkesmannen differensiere rapporteringen for saker ut ifra sakstype, dvs. etter om sakene gjelder bokstav a), b) eller c).

Fylkesmannen skal rapportere på andelen separasjons- og skilsmisessøknader som er mottatt digitalt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020 handsama 875 saker etter ekteskapslova. Det er gjeve 420 separasjonsløyve og 455 skilsmiselløyver.

Talet på saker til handsaming etter ekteskapslova er fremleis stabilt men viser en svak nedgang for 2020. Antall søknader som vert sendt inn elektronisk aukar. Dette gjeld særlig søknader om skilsmisse, som kjem inn elektronisk saman med digital vitneerklæring. Vi mottok i hovudsak sakene digitalt no, men vi manglar tal på dette. Vi registrerer at om lag 80% av skilsmisser etter § 21 og separasjonar er motteken digitalt.

I 2020 har ein handsama 41 saker etter anerkjennelseslova. Talet på saker er stabilt

Ekteskapsaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avslag	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ekteskapsloven	Separasjon, jf. § 20	427	420	0	7	0 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 21	453	446	7	0	0 %
Ekteskapsloven	Skilsmisse, jf. § 22	15	9	1	5	0 %
Ekteskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ekteskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7j	0				
Ekteskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	5	4	1	0	0 %
Ekteskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ekteskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ekteskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ekteskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ekteskapsloven	Reise sak for å oppløse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	41	41	0	0	0 %
Brudvigjingslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Fylkesmannen bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Statsforvaltaren har i 2020 stadfesta ein avtale som gjeld samværsavtale etter barnelova § 44. Ellers har vi ikkje fatta vedtak etter barnelova i 2020. Vi har gitt rettleing pr. telefon når det gjeld reisekostnader og samvær..

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling. Dette kan for eksempel være hvilke typer saker som dominerer, utviklingstrekk og utfordringer. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter Fylkesmannen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gitt råd og rettleiing på telefon ved spørsmål knytt til barnelova, og råd om mekling.

Dette blir ikkje registrert inn med eige saksnummer i vårt system. Tilbakemeldingar frå sakshandsamarane syner at desse telefonsamtalane har relativt avgrensa omfang, men at dei kjem innimellom, og då med tema informasjon om barn, mekling, samvær eller kostnader.

Spørsmål om reisekostnader ved samvær dominerer i type saker. I hovudsak er det privatpersonar som kontaktar Statsforvaltaren, og i liten grad helsepersonell.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes opprinnelige foreldre i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilgning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020 gitt opplysningar til den adopterte om sitt biologiske opphav i 31 saker, der fylkesmannen tidlegare har gitt løyve til adopsjon. Dette er tilsvarende tal som i fjor.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

I 2020 har vi gjennomført digitalt tilsyn med familievernkontora i fylket. Vi er svært nøgd med at vi sjølv med pandemisituasjonen i landet har klart å gjennomføre tilsyn med alle våre tre familievernkontor i 2020.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2020	Antall gjennomførte tilsyn i 2019	Antall gjennomførte tilsyn i 2018
3	3	0	0

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Utgår.

Utgår

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

Rapportere på

Oppgaven er flyttet til VØI 5.3.8.24.

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.12 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene skal redegjøre for embetenes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Bufdir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i fylkesmannens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

Akuttberedskap

25 av 26 kommunar i fylket er med i ein av dei to interkommunale barnevernvaktene i fylket. Dette er no godt innarbeidde ordningar med tett samarbeid med politi og andre tenester, og fungerer forsvarleg slik Fylkesmannen vurderer det. Kommunen som ikkje er med i vaksamarbeid, vurderer vi også har ein forsvarleg akuttberedskap.

Risikobilde kvalitet og kompetanse Vår risikovurdering bygger på halvårsrapporteringar frå kommunane, i tillegg til bilde vi får gjennom klage- og tilsynssaker, dialogmøter og faste møte med barnevernleiarane. Dei fleste tenestene har høg turnover, aller størst hos kontaktpersonar, men og til dels hos barnevernleiarar. Dette gjer at mykje kapasitet går med til opplæring av nyttilsette. Fylkesmannen held annakvart år 3-dagarskurs for nyttilsette, og mange kommunar har gode opplæringsprogram, utan at dette ser ut til å snu trenden. Dei kommunale læringsnettverka har i 2019 og 2020 gjennomført fleire samlingar der målet m.a. har vore å bidra til at tilsette i barnevernet blir i jobben over lengre tid. Fleire kommunar er godt i gang med å førebu seg til barnevernreforma blir sett i verk frå 2022. Utdringane med høg turnover saman med mange ekstra utfordringar pga Covid-19-pandemien, gir likevel grunn til ei viss uro for kor godt førebudd kommunane vil vere på endringane som følger av barnevernreforma.

Oppfølging og tilsyn med barn i fosterheimar er området med størst svikt i fylket. Rapporteringane viser at fleire tenester ikkje fører tilsyn eller følgjer opp barn i fosterheimar slik barnevernlova krev. Fylkesmannen har i 2020 følgd opp tre tenester med dei største avvika på dette området. Også i møta med barnevernleiarane har oppfølging av barn i fosterheimar vore tema i 2020. Fylkesmannen har presisert alvoret i lovbrota og forventning om endring. Samtidig har det vore dialog om gode arbeidsmåtar for å nå lovkrava.

Alle kommunane tek del i eit eller fleire av tiltaka i regjeringa sin kompetansestrategi. Arbeidet i læringsnettverka inkl. fosterheimsprosjektet vart sett delvis på vent pga pandemien, men arbeidet tok seg opp ut over hausten. Læringsnettverka har mange prosjekt som etter vår vurdering vil bidra til å utvikle kompetansen i barnevernet. Utfordringa er å utforme utviklingsprosjekt, t.d utvikle og implementere tiltak. Vi ser ei positiv dreining mot fleire utviklingsprosjekt mot slutten av 2020, noko som vi vil følge opp i vår kontakt med nettverka. Vi vurderer at dette er eit risikoområde at kommunane ikkje har komme langt nok i dette arbeidet no når det kommunale barnevernet skal overta ansvaret for og i større grad nytte forebyggende tiltak for å hjelpe barn og unge, jf. barnevernreforma.

Gjennom tilsyns- og klagesaker ser vi eit behov for styrking av forvaltningskompetansen i barnevernet, særleg arbeidet med dokumentasjon i enkeltsaker. Alle tenestene deltok på Bufdir sine jusskurs i 2020. Kursa fekk gode tilbakemeldingar. Vi ser behov for fleire liknande kurs i forvaltningskompetanse. I tillegg til jusskursar har krava til forsvarleg dokumentasjon i barnevernsakene vore tema i eit av våre møte med barnevernleiarane i 2020.

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringsplanen (fra kapittel 7.3.2.13 i TB)

Rapportere på**Rapporteringskrav på tiltak i gevinstrealiseringsplanen**

- *Søknadsbehandling separasjon og skilsmisssaker*

Fylkesmannen skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsmisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslåtte embetene. Embetene skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

- *Tilsyn etter barnevernloven med forskrifter*

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på arbeidet i årsrapporten for 2020.

Denne utgår hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Tros- og livssynssamfunn (fra kapittel 7.3.2.14.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over:

- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde i 2020 41 registrerte tros- og livssynssamfunn. Av disse er 24 klassifiserte som registrerte og 13 klassifiserte som uregistrerte. Ytterlegare 4 trdomssamfunn har søkt om statstilskot i 2020. Tilsaman mottek 7158 medlemmar statstilskot, og samla utbetaling utgjør kr. 4.111.348,-.

Tre mindre trussamfunn har slege seg saman med eit anna større trussamfunn. Eit muslimsk trussamfunn har ikkje hatt ein fungerande forstandar dei siste åra. På grunn av manglande tilbakemelding og opprydding for medlemmar som ikke får meldt seg ut av trussamfunnet, har det fått halde tilbake statstøtta for 2019 og 2020.

Våre oppgaver med trdomssamfunna er no overført til fylkesmannen i Agder. I 2020 er det ikkje registrert nye trussamfunn i fylket.

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.2.15.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020 handsama 85 søknader om løyve til spreing av oske. Dette er ein nedgang i talet på saker frå året før. Svært få av desse saken vert avslått, då ein forsøker å finne ei løysing i dialog med enten søkjar eller pårørande, før endeleg vedtak vert fatta. Stadig fleire tek i bruk nedsenkbar oppløyseleg urne, noko som gjer at det er enklare å gje løyve til spreing av oske i fjordane i Møre og Romsdal

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.2.16.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2020, som andre embete hatt økt påtrykk frå daglegvarebransjen, dekkbransjen og andre med ynske om søndagsope i høve behov for auke handel knytt til pandemien.

Ut over desse har ein avslått ein søknad frå Devoldfabrikken (kjøpesenter) i Sula kommune, om å halde søndagsope i sommar. I tillegg er det motteken ein sak om å endra forskrift om godkjenning av Gjører som typisk turiststed, Sunndal kommune. Her er det er ynskje om å endre slik at dei kan halde open heile året. Denne er ikkje ferdig handsama.

Langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalite (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antall kommuner som integrerer planlegging av de kommunale helse- og omsorgstjenestene i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen

Fylkesmannen er høyringspart i alle kommunale plansaker etter plan- og bygningslova. Innspel til planar som tematisk omfattar fleire avdelingar i embetet krev samordning i forhold til saksbehandling, ansvar og avveging av interesser. Det er etablert faste opplegg og rutinar for dette. Formålet med den interne organiseringa av plansamordninga er å finne gode løysingar i skjæringspunktet mellom nasjonale, regionale og lokale mål og interesser.

Helse- og sosialavdelinga leverer i tråd med dette innspel knytt til sine ansvarsområde i samband med alle kommuneplanar (samfunnsdelen) og aktuelle kommunedelplanar/temaplanar.

I 2020 har kommunane i fylket utarbeidd kommunale planstrategiar for 2020 - 2023. Helse- og sosialavdelinga har her bidratt med fylldige innspel knytt til helse- og omsorgsområdet.

Fylkesmannen har ingen direkte oversikt over talet på kommunar som faktisk følgjer opp gjennom integrering av av kommunale helse- og omsorgstjenester i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen. Vi ser likevel at dette i aukande grad blir vektlagt i det kommunale planarbeidet, og gjerne ved at dette blir kopla opp mot den sosiale dimensjonen i samband med Fns berekraftsmål.

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket ut (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt retninger og målsetninger i kvalitetsreforma for eldre – Leve hele livet utvikles i fylket.

Fylkesmannen ser i dei kommunale planene at alle kommunane er kjent med kvalitetsreforma for eldre, Leve hele livet, og har den på dagsorden. Vi ser og at dei har komme noko ulikt i hvor dei er i reformperioden. Nokon er fortsatt i planlegginga medan nokon har starta på gjennomføringa. Det kan forklarast med mellom anna kommunesammenslåing og pandemisituasjonen.

Fleire kommunar har jobba med kvalitetsforbetring innan fleire av reformas innsatsområde før oppstarten av kvalitetsreforma.

Som beskrevet i pkt. 3.1.3.3.1 har Fylkesmannen hatt hovudfokus på Leve hele livet inn i det øvrige planarbeidet, der det tverrfaglege og sektorovergripande er vektlagt. I vårt embete er samordnar og planansvarleg ein del av arbeidsgruppa som jobbar med Leve hele livet. Vi ser at det gir ein større merksemd på ulike fagfelt og at dette er ein suksessfaktor for arbeidet. Det bidreg og til positiv effekt på det heilskapelege arbeidet i embetet.

Regionalt støtteapparatet for Leve hele livet i Møre og Romsdal vart utvida med Fylkeseldrerådet og Senter for omsorgsforskning (SOF) i 2020. Det bidreg til å gje ei større merksemd på brukarmedverknad og eldreråda sin rolle. SOF er eit positivt bidrag inn med sin kunnskap om forskning. Vi har etablert eit godt samarbeid med Fylkeskommunen i plan- og analyseavdelinga, utdanningsavdelinga, kulturavdelinga og Fylkestannlegen.

Vidare har vi etablert eit samarbeid med prosjektet Møre og Romsdal 2025 og Bærekraftsfylke Møre og Romsdal. Alle kommunane i fylket er medlemmar i Bærekraftsfylket. I møte har vi blitt utfordra på å gje innspel på indikatorar knytt til sosial bærekraft. Samt at vi skal ha eit felles møte om bustadplanlegging saman med Husbanken og Fylkeskommunen. Vi har planlagt eit samarbeid rundt prosjekt med Framtidslaben Norge i Ålesund, som er ein del av FN's Smartby program, etablert og drifta av Ålesund kommune. Samarbeidet fungerer som eit partnerskap av aktørar frå offentleg sektor, akademia og næringsliv som saman ønsker å få fart på bærekraftig utvikling.

Læringsnettverk. I regi av det regionale støtteapparatet vart det i 2020 skipa læringsnettverk som skal driftast av USHT i 2021. Tema for nettverket er kontinuerleg forbetningsarbeid. Det er 17 team som har meldt seg på med oppstart januar 2021, med nye grupper frå september 2021.

Vi har motteke positive tilbakemeldingar på dialogmøta som vart halde i 2019, og at det er ønskeleg med nye møte i 2021.

Det regionale støtteapparatet har hatt møte med Møre og Romsdal sin fylkeskontakt i Norges Frivilligsentralar sitt prosjekt om implementering av Leve hele livet i kommunane. Her ser vi for oss eit vidare samarbeid, og at dei kan komme inn i det regionale støtteapparatet.

Brukarmedverknad og "Kva er viktig for deg" er fokus i alle kommunane etter arbeidet med "Helhetlige pasientforløp for den multisjuka pasient". Læringsnettverket er avslutta, men arbeidet vert ført vidare i ei eller anna form.

Mat og måltid - I høve mat og måltid har mange av kommunane endra tidspunkt for måltida i sjukeheim.

Aktivitet og fellesskap har hatt stort fokus i 2020, særleg med tanke på førebygging av einsemd i tida med pandemi. Det var 24 kommunar som søkte på midlar frå tilskotet Sårbare eldre. I tillegg søkte 16 frivillige/ideelle organisasjonar. Tilbakemeldingar syner at mange kommunar allereie har gjennomført

tiltak i 2020.

Rapportere på resultatopptjening... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på måloppnåelse for tilskuddsordning til kommunene 0765.62

I 2020 har 18 av 26 kommunar mottatt tilskot til kommunalt rusarbeid, fordelt på 44 tiltak. Dei tre store bykommunane har mottatt dei største beløpa. Samstundes ser vi at og små kommunar jobbar systematisk og har gode tiltak på fleire område. Heile fullmakten vart tildelt kommunane, med unntak av 457 000 som vart returnert ved årsskifte.

Tildelinga er gjort i tråd med regelverket og vi har ikkje informasjon om at kommunane ikkje har følgd regelverket i si forvaltning av tilskotet dei har fått. Ut frå den kjennskap vi har til kommunane vurderer vi at måla er oppnådd.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket er utviklet i henhold til retning og målsettinger i Opptappingsplanen for rusfeltet (2016-2020).

Utsett rapporteringsfrist til 1. april 2021 jf. epost frå helsedirektoratet 18.januar 2021

Rapportere på resultatopptjening... (fra kapittel 7.3.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatopptjening for tilskuddsordningen til kommunene 0762.64.

I perioden med Opptappingsplan habilitering og rehabilitering (2017-2019) har vi i Møre og Romsdal gitt tilskot til 18 kommunar. I 2019 mottok 10 kommunar tilskot, og 5 av desse søkte om å få overføre midlar til 2020 av ulike årsakar. Alle kunne vise til at dei hadde ei plan eller var i prosess med å ferdigstille ei plan. Dei hadde og ei plan for framdrift og vidareføring av prosjektet.

Fylkesmannen meiner at tilbodet om habilitering og rehabilitering framleis kan bli betre i alle kommunane. Mange kommunar som har mottatte tilskot viser til at dei har auka sin breddekompetanse. Trass i det er det framleis mange kommunar som har manglande fagkompetanse på område, og treng å arbeide meir systematisk med dette. Det er førebels uvisst i kva grad tilskotsordninga har medverka til varig styrking av dei kommunale habiliterings- og rehabiliterings-tenestene.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet... (fra kapittel 7.3.3.4.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptappingsplanen.

Møre og Romsdal ligg ut i frå kartlegging av kommunane i regi av Helsedirektoratet i 2019, over det nasjonale nivået på dei fleste målepunkt. Fylkesmannen merkar seg likevel at utviklinga i kommunane går langsamt knytt til målsettingar i opptappingsplana.

Vi har hatt stor fokus på at kommunane skal ha ei plan, og er så godt som i mål her. Det er framleis nokon som er i ein prosess med å utarbeide ei slik plan.

Vi ser at det framleis er manglande breddekompetanse i fleire kommunar på område, og at kommunane er sårbare knytt til personar som treng langvarige og koordinerte tenester.

Koordinerende eining (KE) er ulikt organisert i kommunane, alt frå eigne einingar, tverrfaglege team og nokon knytt til enkeltpersonar. Ei betre samordna organisering hadde kunne gitt auka fokus og synleggjering. Fylkesmannen deltek i nettverk for KE for kommunar og Helse Møre og Romsdal, og ser at dette er ein viktig arena for å kunne ha ei oversikt og stimulere til ein enda betre samhandling. Det er i tillegg ein viktig arena for gjensidig informasjons- og erfaringsutveksling.

Mange kommunar har hatt prosjekt på kvardagsrehabilitering/ kvardagsmeistring, og fleire har fått implementert dette inn i sine tenester. Vi har blitt kjent med at nokon kommunar har fått midlertidig stopp i ulike prosjekt på område, grunna kommunesamanslåing og pandemi.

Rapportering på Opptreppingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.3 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbud 2019.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjenner ikkje til at det er etablert nye Frisklivssentralar etter at fylkeskommunen tok over ansvar for tildeling av tilskot. Vi har tett dialog med ved tildeling av tilskot og samarbeider om årlege kompetansetiltak til lærings- og meistringseiningane og Frisklivssentralar i fylket.

Rapportering på Opptreppingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.4 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddordning til kommunene 0762.60

Fylkeskommunen overtok ansvaret for tilskot til Frisklivssentralar i 2019. Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeskommunen. Vi har hatt eit tett samarbeid i samband med tildeling av tilskot både før og etter 2019. Det er om lag halvparten av kommunane i fylket som har eit frisklivstilbud. Innhaldet i tilbudet er variert, men program knytt til "Sterk og stødig" står sterkt i fylket. Saman med fylkeskommunen har vi årlege kompetansehevande tiltak, der også Møre og Romsdal idrettskrets er med i samarbeidet.

Rapportering på Opptreppingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.5 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av i hvilken grad tilbudet utvikles i henhold til målsetting i regelverk for tilskuddsordning.

Det er ikkje etablert nye frisklivssentralar i Møre og Romsdal etter at fylkeskommunen tok over forvaltning av tilskot til etablering og utvikling av frisklivssentralar i fjor. Vi samarbeider med fylkeskommunen om tildeling av slikt tilskot. Det er ei utfordring i sakshandsaminga og det tverretatlege samarbeidet at avgjerd i tildelinga av tilskot no vert fatta politisk i fylkestinget. Det gjer andre tidsfristar og anna saksgang.

Når det gjeld kompetanseheving til både frisklivssentralar og til lærings- og mestringssentra er det noko både Fylkesmannen, fylkeskommunen og idrettsrådet i fylket støtter opp under og samarbeider om.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av i hvilken grad det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket planlegges og utvikles i henhold til retning og målsettinger i Omsorg 2020, samt en vurdering av hvordan utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester ivaretar sin rolle overfor kommunene i fylket.

2020 vart eit annarleis år for alle. Det har vore stort fokus på Covid- 19 og smittevern. Mange seniorar og eldre har vore isolerte frå familie, vener og det sosiale fellesskapet. Mange planlagde tiltak vart utsett våren 2020, og vart endra frå fysiske samlingar til digitale samlingar hausten 2020. Kommunane har fått erfart kor viktig det er med planar og eit godt system som er godt kjent hos tilsette.

Det er stort fokus både på kvalitet og kompetanse, samt velferdsteknologi. Det har vist seg at mange av kommunane raskt fekk sett i gong digital kommunikasjon med familie og vener.

Det første året for nye kommunar etter kommunereforma har og vore utfordrande.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har utarbeidd planstrategi og nokon har utarbeidd samfunnsplanar. Vi ser at kommunane har jobba godt med kartlegging og analyse og alle kommunane har sagt noko om demografiutfordringane. Sjå pkt om Leve hele livet.

Fagleg omstilling: Fylkesmannen vurderer at kommunane jobbar med å sikre berekraftige og gode tenester, fagleg omstilling og auke det faglege nivået i helse- og omsorgstenesta. Vi ser ein auke i andel årsverk med relevant fagutdanning i 23 kommunar. Kommunane har fått større fagleg breidde, med fleire faggrupper og auka vekt på tverrfagleg arbeid. Dei har likevel eit forbetningspotensiale men er på rett veg. Omstilling er eit langsiktig og strategisk arbeid som krev tid for å sjå resultat. Det viktigaste er at kommunane har gjort ei kartlegging og analyse, og er kjent med utfordringane sine.

Leiing : Det er 17 av 26 kommunar som har motteke tilskotsmidlar til leiarutdanning i 2020. Fylkesmannen etablerte eit nettverk for leiarar i 2020 og dette vert opplevd som veldig nyttig.

I tilsyn ser vi at mange av kommunane framleis manglar eit heilheitleg system i tråd med Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring.

Pårørande og avlasting - Kommunane har framleis eit potensiale i fleksible løysingar med avlasting. Det er tydeleg både i tilsyn og klagesaker.

Det kan og virke som at nokre kommunar legg for stor vekt på at dei som har ektefelle eller bur saman med andre, blir vurdert annleis enn dei som bur aleine. Pårørande får for store omsorgsoppgåver, som går utover eiga helse og får mindre avlasting enn behovet tilseier.

Vi ser at tilsette har for liten kompetanse på involvering og støtte til pårørande. Her må kommunane sikre at tilsette får opplæring i kva rettigheter og rolle pårørande har, og kva for plikter helsetenesta har overfor pårørande. Ut frå desse erfaringane vil Fylkesmannen ha fokus på dette også i 2021.

Brukarmedverknad- Kva er viktig for deg

Det har vore jobba godt med «Kva er viktig for deg», både gjennom arbeidet med Palliativ plan og Gode pasientforløp for den multisjuka pasienten.

Brukarmedverknad har hatt stort fokus i nettverka og i vidareføring av arbeidet. Brukar og pårørande si stemme kjem tydelegare fram.

Tenester av god kvalitet skal vere verknadsfulle. Fylkesmannen intervjuar pasient/pårørande og brukarorganisasjonane i tilsyn noko vi opplever gir eit godt bilde av kvalitet og effekt av tenestene.

Innovasjon og Velferdsteknologi- det er stor aktivitet i kommunane som handlar om å ta i bruk nye løysingar, ny teknologi og nye metodar, samt å styrke samspelet med familie, lokalsamfunn, frivillige og næringsliv. Alle kommunane i Møre og Romsdal deltek i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet gjennom 5 ulike prosjekt. Fylkesmannen leiar Forum for Velferdsteknologi i Møre og Romsdal der alle prosjekta er samla, saman med ulike kompetansmiljø. Her kan nevnt; USHT, ALV, KomUt, Helseinnovasjonssentert. Prosjektet Helseplattformen er også trekt inn her. I nettverket blir kompetanse og erfaring delt og deltakarane gir tilbakemelding på at dette forumet er svært viktig. Det er to samlingar pr. år. Prosjekta (5) vart tildelt 6 mill. i tilskot (kompetanse- og innovasjonstilskotet) 2020. Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god der velferdsteknologi inngår i eit integrert tenestetilbod.

Fylkesmannen har i 2020 prioritert deltaking i dei nasjonale digitale samlingane innan fagområdet der også dei ulike prosjekta er representert.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.2 i TB)

Rapportere på

Vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2020, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig.

Demensplan er ein viktig del av Omsorgs2020 jfr. rapportering på pkt. 7.3.3.5.1

Kommunane er i stor grad kjent med den demografiske utviklinga. Men vi ser at kommunane har eit forbedringspotensiale i høve dimensjonering av tenestene og kompetansebehovet i samsvar med demografisk utvikling og forventna auke av personar med demens i eigen kommune.

Det er framleis mange personar med demens som ikkje får tilbod om koordinator og/eller individuell plan.

Det er mange kommunar som ikkje har implementert Nasjonal faglig retningslinje for oppfølging av personer med demens. Vi ser og at mange ikkje nyttar personsentrert omsorg i tenestane. Dette vil bli tema i webinar i 2021.

Vi ser at nokon av kommunane har etablert fleksible avlastingstilbod og nokon er under planlegging. Men det er framleis mange av kommunane som manglar eit slikt tilbod på kveld og helg.

Demensomsorgas ABC har hatt høg prioritet i kommunane i mange år. Men vi ser at i 2020 har Covid 19 medført mindre aktivitet enn planlagt.

I Møre og Romsdal er det 14 kommunar som har inngått avtale med Nasjonalforeninga for folkehelse om Demensvennleg samfunn. Fylkesmannen har eit samarbeid med Nasjonalforeninga om å sjå Demensvennleg samfunn og Aldersvennleg samfunn i samanheng som ein del av arbeidet med Leve hele livet.

Det er 19 kommunar som har hatt opplæring og etablert aktivitetsvenn som tiltak i demensomsorga.

Fylkesmannen har årleg demenskonferanse. I 2020 blei programmet organisert etter dei seks stategiane i Demensplan 2020. Det var fokus på måloppnåinga i kommunane. Pga Covid-19 vart konferansen digital og redusert frå to til ein dag. Tema var brukar- og pårørandestemma, fastlegens rolle, systematisk oppfølging av heimebuande personar med demens, sterk hjerne - aktiv kropp, personsentrert omsorg, sinnehandtering og erfaringar i bruk av velferdsteknologi under pandemiperioden.

Rapportering på Kompetanseløft 2020 (fra kapittel 7.3.3.6.1 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tilskuddsmidler mellom tiltak som inngår i kap 761, post 68 Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd pr. 01.05.

Samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunen, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbud i fylket, herunder tilgangen på desentraliserte og deltidsutdanninger innen helse- og sosialfagutdanninger.

I Møre og Romsdal er det framleis kompetanse og rekrutteringsutfordringar og stort behov for vidare kompetanseheving. Fylkesmannen fekk totalt tildelt kr. 32 887 914 mill. 2020. Det var fordelt slik:

kr.10 mill. - øyremerka til Regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling i Kristiansund.

Kr.15 025 303 - Grunn- og vidareutdannningar.

Kr. 6 488 677 - BPA og innovasjonsprosjekt.

Kr. 1 373 934 - Omsorgsplan 2020, Innføring av velferdsteknologiske løysningar.

Det var 19 kommunar som søkte og fekk innvilga midlar til bachelor sjukepleie og 22 kommunar til bachelor vernepleie. Det var 5 kommunar som søkte på anna bachelor utdanning som ernæringsfysiolog, sosionom og barnevernspedagog. Vi ser framleis at det er eit udekt behov for sjukepleiarar og vernepleiarar. Mangel på sjukepleiarar har vist seg og nå i koronapandemien. Både når det gjeld avansert medisinsk behandling, og at tilsette i nokon av kommunane har måtte må arbeide på fleire avdelingar, noko som utfordrar smittevernet. Vi ser av statistikk at det er positiv utvikling i høve andel avtalte årsverk med fagutdanning på vidaregåande

nivå, og høgskuleutdanning. Det er 23 av 35 kommunar som har ein auke frå 2018 til 2019, medan det er 12 kommunar har nedgang. Vi ser og at endringane i fleire av kommunane er veldig små. Dei fleste av kommunane i fylket rapporterer at dei har utfordringar med rekruttering. Det kjem fram i analysearbeidet for planstrategiane og vårt årlege møte om Kompetanseløftet.

Tenestene for personar som har ei utviklingshemming har store utfordringar med å rekruttere faglært personell. Kommunane sjølve gir tilbakemelding på det, samt at Fylkesmannen erfarer det gjennom tilsyn, klagesaker og i vedtak om tvang og dispensasjonssøknader om fritak frå kompetansekravet.

Vi ser ein auke av pasientar/brukarar med samansette og komplekse behov, som mellom anna dei som har rusproblem og psykiske helse utfordringar. Det er og mange pasientar som har samtidige sjukdomar/lidingar som gir auka behov for kompetanse og behov for større tverrfaglegheit, som sosionom, ergoterapeut, psykolog mfl.

Det er utført ei risikoanalyse av kommunane for internt bruk, mellom anna på kompetanseområdet. Vi ser at helsepersonell som er 55 år og eldre har ein høg andel i fylket. Desse to faktorane, høg andel 55 år og eldre og lav andel faglærde, gjev kommunane i Møre og Romsdal store utfordringar no og i tida framover, sett i lys av demografiutfordringane. Vi må difor i 2021 stimulere og motivere kommunane til å jobbe med rekruttering, utvikle og behalde fagutdanna personell i helse og omsorgstenestene.

Fylkesmannen har hatt fokus på heiltidskultur i 2020. Det er eit av tema i tilbakemeldingane til kommunanes planarbeid, og har hatt fokus i vårt årlege møte om Kompetanseløftet. Vi ser at kommunane er motiverte for å jobbe med heiltidskultur. Fleire har satt det på agendaen med interne møter, kurs for fleire kommunar og hospitering/møter med andre kommunar for å dele erfaringar. Kommunane har og fått økt forståing for at det og handlar om kvalitet og pasienttryggleik, og at det er viktig å jobbe med kulturen i verksemdene.

I 2020 var det 17 av 26 kommunar som søkte om tilskot til leiarutdanning og med mål om at alle leiarar skal ha ei formell leiarutdanning. Vi ser at å styrke rolla til leiarane må ha stor merksemd vidare framover. Det kan sjå ut som at noko av det viktigaste for tenesteutvikling og innovasjon, er leiarane sin kompetanse, evne til å leie, og forståing for behovet for utvikling og innovasjon. Fylkesmannen har ut i frå desse utfordringane etablert eit nettverk for leiarar for å sette fokus på leiging som fag og å dele erfaringar.

Å behalde tilsette er like viktig som å rekruttere inn nye. Tilbakemeldingane syner at det å tilby grunnutdanning og vidareutdannningar, samt internt opplæring er viktige tiltak. Fleire kommunar satsar no på fagbrev på jobb for å rekruttere helsefagarbeidarar.

Det er godt samarbeid mellom kommunane, akademia, fylkeskommunen og Fylkesmannen. Det kjem fram ved at utdanningsinstitusjonane etablerer nye utdannningar, og endrar innhaldet i utdanningane, ut ifrå kommunanes behov. Fylkesmannen har etablert eit årleg samarbeidsmøte med dei tre høgskulane Molde, inkl. avd i Kristiansund, Volda og NTNU Ålesund, samt samarbeid med Fylkeskommunen om utdannningar på vidaregåande nivå. Det vert jobba for å få fleire fagskular i Møre og Romsdal. Per 2020 er det berre ein fagskule i Kristiansund i psykisk helsearbeid.

Involvering av brukere og pårørende i tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp (fra kapittel 7.3.3.7.1 i TB)

Rapportere på

Vi ber fylkesmennene evaluere involveringen av brukere og pårørende i tilsynet med praktiseringen av tvungen somatisk helsehjelp i den kommunal helse- og omsorgstjenesten, jf. oppdrag 3.3.1.3.11 En samlet vurdering sendes til Statens helsetilsyn, og fristen utvides til våren 2021. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

Tilsynet er forlenga grunna pandemisituasjonen og rapporteringsfristar er utsett. Vi vil fylle ut rapportmal innan fristen når vi mottek den frå Statens helsetilsyn.

Evaluerer hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer (fra kapittel 7.3.3.7.2 i TB)**Rapportere på**

Vi ber om at fylkesmannen evaluerer hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer, jf. oppgave 5.3.8.12 i VØI. En samlet vurdering sendes Statens helsetilsyn innen 31.12.2020. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

En samla evaluering av samtalar med brukarar i tilsyn med bruk av tvang og makt er sendt Statens Helsetilsyn.

Rapportering på gevinstrealiseringsplanen S (fra kapittel 7.3.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringsplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

Vi meiner at auken i legeårsverk og jurist på helseklageområdet, saman med endringar i tilsynsarbeidet initiert frå Statens Helsetilsyn og ved ein ende på pandemien, skal gje embetet betre føresetnader for måloppnåing på sakshandsaming og tilsyn innan helseområdet.

På området kommunale helse og omsorgstenester Kap 9 har vi og fått ei styrking med ei stilling. Der har vi definert 3 mål dei arbeider mot og som vil gje oss måloppnåing i ein normalsituasjon.

Tilsyn av verger (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på totalt antall kontrollerte vergeregnskap i 2020. Det skal oppgis hvor mange av disse vergeregnskapene embetet har plukket ut og kontrollert basert på egne risikovurderinger.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2020 utover regnskapskontroll, både planlagte og hendelsesbaserte. Fylkesmannen skal i tillegg kort beskrive hva tilsynene har avdekket og hvordan avvik er fulgt opp.

Det er gjennomført totalt 536 regnskapsaktiviteter i 2020. 146 utenom det sentrale uttrekket. Totalt er det levert 2010 reknskap.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ført generelt tilsyn med totalt 31 verjer i 2020, samt med verja i 9 andre konkrete saker.

I dei generelle tilsyna med faste verjer er gjort frå liste som kom frå SRF. Det vart ikkje oppdaga store avvik. Litt av det som vert teke opp i tilsynssamtale er å passe på sjølvbestemminga til verjehavar i praksis. Dette er fulgt opp med konkret opplæring og påminningar.

Det er oftast i verjemål med alminneleg eller nærstående verjer at me finn dei mest alvorlege avvika. Her går ofte verje for langt med å bestemme over verjehavar og ein er ikkje nok kjent med verjemålslova sine reglar. I fleira av sakene har ein måtte endra verje då ein har sett at avvika er for grove til at ein kan la verje fortsett berre med meir opplæring. Grunna kapasitet har me ikkje mogelegheit til å gjennomføre så mange tilsyn som ynskjeleg med nærstående/alminneleg verjer, slik at dette vert gjort der me mottar alvorlege varsel frå andre pårørande, helsetenester og liknande.

Antall kontrollerte vergeregnskap og antall kontrollert på bakgrunn av egne risikovurderinger

Antall totalt kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall leverte vergeregnskap	Antall verger under oppfølging	Antall verger som er fratatt oppdrag
536	2 010	0	4

Fratakelse av vergeoppdrag (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på hvor mange verger som er fratatt sitt oppdrag i 2020 som en konsekvens av funn i regnskapskontrollen.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall verger som har blitt fratatt vergeoppdrag i løpet av 2020 på bakgrunn av andre tilsyn og en kort redegjøre for årsaker til fratakelsene.

Etter gjennomgang av rekneskaper for 2020 er det ingen verjer som har vorte fratatt oppdraget som følge av funn i dette.

I dei generelle tilsyna med verje vart det funnen totalt 4 avvik der ein har valt å endre verje. I tillegg har to faste verjer vorte tatt frå saker (til saman 5 saker), der ein fann at det ville være til det beste for verjehavar. I stor grad grunna konflikt med hjelpeapparatet. Ingen av desse var del av det planlagde tilsynet med faste verjer frå SRF. Litt av bakgrunnen for endringane av almenne verjer, er at vi ser at verje ikkje er i stand til å ivareta verjehavar slik lova krev, samt at det i samband med tilsynet også kjem fram at dei også ynskjer å seie opp.

I dei saksbaserte tilsyna fann ein også avvik i 4 av sakene, der ein har endra verje. I to av sakene har vi også anmeldt verje til politiet for underslag av midlar frå verjehavar. Dette var på bakgrunn av rekneskaper for 2019.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Fylkesmannen skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fylkesmannen skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Fylkesmannen skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottok i 2020, 689 inngående henvendingar (søknader, salærkrav tolkeregninger) knytt til fri rettshjelp. For fritt rettsråd er det registrert 674 nye henvendingar og for fri sakførsel 15 (dette omfatter også salær frå Kontrollkommisjonen).

For fritt rettsråd er 30 saker avslått. 20 av desse er avslått på grunn av at dei økonomiske vilkåra for fri rettshjelp ikkje har vore oppfylt. Dei andre er avslått på grunn av at saksforholdet ikke har vore støtteverdig. Det vart gjeve økonomisk dispensasjon i 17 fritt rettsrådssaker. Dette gjeld i hovudsak trygdesaker der klager har overstege gjeldanende innteksgrense med omlag kr 1.000 - 2.000,-.

Av 15 mottekne søknader om fri sakførsel vart 8 innvilga og 7 avslått. To saker vart avslått på grunn av inntekts- og/eller formuesoverskridingar og 5 vart avslått av andre grunnar. Det er gitt økonomisk dispensasjon i tre av sakene.

I 2020 vart totale advokatutgifter inkludert salær til Kontrollkommisjonen, utbetalt med kr 851.433,29. Salær godkjent av Kontrollkommisjonen utgjør kr 676.416,51. Tolkeutgifter vart på totalt kr. 28.394,66.

Gjennomsnittleg sakhandsamingstid har i året 2020 vore 4 veker. Restansesituasjonen ved årsskifter er under kontroll då ein har ca. 15 saker til handsaming.

Tala syner at antall saker og utbetalinga går ned. Dei svært lave innteksgrensene er til hinder for at rettstryggleiken til personar med lav inntekt vert ivareteken på ein god måte. Mange henvendingar i 2020 har vore knytt til arbeidssituasjon og trygdesaker, som igjen har samanheng med den pågåande pandemien.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har prioritert å gje høyringsuttale til forslaget til ny rettshjelpslov. I uttalen har ein lagt vekt på at ordninga med fri rettshjelp fortsatt bør ivaretakast av fylkesmannen, og at det er dei låge innteksgrensene som i all hovudsak er eit rettstryggleiksspørsmål.

Retts hjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkome søknader	689	674	15
Innvilgede søknader	652	644	8
Avslåtte søknader	37	30	7

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Utbetaling på kap. 470, post 01 utgjør 2.851.433,29 i 2020. Det er ikkje venta noko auke i tala dersom ikkje inntekt- og formuesgrensa vert endra i løpet

av året 2021.

Rapportering på resultater på brukerundersøkelsen (fra kapittel 7.3.4.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten kort redegjøre for resultatene i brukerundersøkelsen blant brukere av rettshjelpsordningen, jf. oppdrag 3.3.1.4.2 i supplerende tildelingsbrev 1.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har lagt inn i alle sine vedtak i perioden 01.09.20 til 31.12.20, lenke til brukarundersøkinga til Statens sivilrettsforvaltning. Ein har diverre ikkje hatt kapasitet ved årsskiftet, 2020/2021 å følge dette opp med nytt brev til dei aktuelle advokatane.

Status øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for status på gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene.

Fylkesmannen har i 2020 ikkje gjennomført øvingar for kriseorganisasjonen i kommunane. Se elles pkt. 3.1.1.2.3.1

Kompetanseheving om totalforsvaret i kommunene (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal kort redegjøre for tiltak som er gjennomført for å heve kompetansen i kommunene.

Fylkesmannen planla å nytte den årlege fagsamlinga med kommune til kompetanseheving om Totalforsvaret. Denne fagsamlinga vart utsett pga koronapandemien. Vi vil følgje dette opp i neste fagsamling for kommunane.

FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan

Fylkesmannen har starta eit prosjektarbeid for FylkesROS som skal bygge vidare på eksisterande FylkesROS. Arbeidet vil gjennomførast i tråd med DSB sin rettleiar for FylkesROS. Det er laga ein framdriftsplan med mål om å ha ein oppdatert versjon ferdig i 2021. Vi har sett av ekstra ressursar for å handtere denne oppgåva.

Vi følg samstundes opp vår oppfølgingsplan frå gjeldande FylkesROS.

Status scenario fylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Fylkesmannen vil ta inn scenario for tryggingpolitisk krise og krig i arbeidet med oppdatert FylkesROS som etter planen skal ha ein versjon ferdig i 2021.

Hausten 2020 deltok vi på ein arbeidsverkstad saman med Sivilforsvaret, Forsvaret og Politiet der vi gjekk gjennom DSB sitt scenario for krise og krig.

Regionale tiltak gjennomført i arbeidet med forebygging og beredskap (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)

Rapportere på

Hvilke tiltak vurderer embetet har vært viktigst for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Vårt arbeid i 2020 har vore prega av krisehandteringa av koronapandemien. Det meste av vårt arbeid dette året har handla om samordning og rettleiing knytt til krisehandteringa, og dette har vi prioritert over alt anna arbeid innafør samfunnstryggleik og beredskap. Vi har klart å vareta vårt ansvar i det førebyggjande arbeidet i samfunns- og arealplanlegginga som høyringsinstans i plansaker.

Embetet har nytta "heile" organisasjonen i vår handtering av pandemien. Mellom anna gjennom å etablere tverrfaglege arbeidsgrupper for å vareta ulike omsyn i førebygginga og i krisehandteringa.

Vi har nytta etablerte arenaer i vår krisehandtering, med hyppige samvirkemøter med kommunane og med Fylkesberedskapsrådet. Vi har fått positive tilbakemeldingar på at samvirkemøta med kommunane har vore særst nyttige. Vi har lagt til rette for god læring og kunnskapsoverføring ved at kommunane sjølve har delt sine erfaringar og utfordringar gjennom pandemien.

I tillegg har vi deltatt i regionale arena for kommuneoverlegar og helseføretak, som vart etablert som respons på pandemien. Dette har vore nokre av dei viktigaste grepa for å vareta vår samordningsrolle i krisehandteringa.

Den kjennskapen vi har til kvarandre både nasjonalt, regionalt og med kommunane lokalt, har vore avgjerande for å vareta vår samordningsrolle i krisehandteringa.

Gevinstrealiseringsplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på hvilke tiltak som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av embetene og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten

Vi har auka samhandlinga med andre embete gjennom bruk av Yammer og Teams. Vi har kontakt med andre embete innafor dei forskjellige fagfelta til dømes mudre og dumpesaker, sediment, avløp, akvakultur og grunnforureining. Elles har vi mykje kontakt med dei andre embeta og Miljødirektoratet i forbindelse med nasjonale fellesaksjonar.

Gevinstrealiseringsplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringsplanen, rapportere på hvilke tiltak som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Vår rettleiing er primært retta mot sakshandsamarar i kommunane, noko som framleis er på same høge nivå som tidlegare. Dette er eit prioritert område og vi strekker oss langt for å bistå kommunane som tar kontakt og treng råd og støtte. Utfordringa er at til tross for god og kontinuerleg rettleiing og eit tydeleg regelverk, så ser vi at saksframlegga til politisk behandling ofte blir overprøvd, og at grunngjevinga for å gjere om innstillinga ikkje er tilstrekkeleg begrunna og ofte heller ikkje i tråd med regelverket. Dette handlar nok ofte om ei varierende forståing av kva som ligg innafor kommunanes frie skjønn.

Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer (referanse i tildelingsbrevet: 3.1.4.1.4).

Det er behandla rynkeroseförekomstar i dei fleste kystkommunane, og det er gjort mange etterkontrollar/-behandlingar. Effekten på rynkerose er god. Dei få kjente tromsøpalme- og kjempebjørnekjeksförekomstane er følgt opp. Satsinga på kjempespringfrø er auka. Den eine lokaliteten i Ålesund kommune er snart utradert, og det har vore behandla område i Rauma, Sunndal og Surnadal. Vi har tatt ut parkslirekne som veks i tilknytning til andre artar. Det er tatt ut mink på Smøla og Runde, og SNO har fått montert fjernovervakingstutstyr på fellene slik at røktearbeidet vert effektivisert.

Fremmede organismer

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av kriteriesett	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum
Kartlegging av kjempespringfrø Sunndal/Surnadal i Trolheimen AS	Grunnlag for utrydding av art med svært høg risiko i verna vassdrag	Kjempespringfrø	Kartlegging	Godt grunnlag for behandling samme år	21 000
Behandling av kjempebjørnekjeks og tromsøpalme	Utrydding av artar med svært høg risiko der vi har få förekomstar i MR	Store bjørnekjeksartar (Heracleum)	Bekjempelse	God effekt. Krev overvaking og evt. rebehandling.	30 000
Ny behandling og etterkontroll/behandling av rynkerose	Lokal utrydding av fremmedart med svært høg risiko	Rynkerose (Rosa rugosa)	Bekjempelse	God effekt, men krev etterkontroll/behandling	428 000
Fjerning av parkslirekne	Partielt uttak av art med høg risiko	Parkslirekne	Bekjempelse	Krevande å fjerne. Blir behandla der den står saman med andre framandartar vi behandlar, som rynkerose og tromsøpalme.	83 000
Uttak av kjempespringfrø	Lokal fjerning av framandart med høg risiko	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Uttradert satelitt inn mot Ålesundhalvøya, arbeider med utrydding i utvalde förekomstar i Molde, Rauma, Sunndal og Surnadal. Behov for fleirårig innsats.	508 000
Fjerning av buskplanter i Ålesund	Fjerning av framande artar med høg og svært høg risiko	Bulkemispel, fredløs, berberis m.fl.	Bekjempelse	Svært mange förekomstar i byområde, avgrensa effekt med ressursane vi har	209 000
Kartlegging og uttak av hemlock	Fjerning av høgriisikoart med satelittförekomstar som trugar verneområde og verna vassdrag	Vestamerikansk hemlock	Bekjempelse	Krev fleirårig gjennomgang og etterbehandling fordi det er lett å oversjå små planter	62 000
Fjerning av sitkagran - spleiselag med kommune og grunneigarar	Förekomst som ga ulemper for tursti og nasjonal turistveg	Sitkagran	Bekjempelse	Hogst var effektiv. Krev lokalt etterarbeid, men vi reknar oss som ferdige med innsatsen	84 000
					1 425 000

Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak for å ta vare på eller innhente kunnskap om truede arter og naturtyper (referanse i VØI: 5.1.5.11).

I Møre og Romsdal er det i 2020 utarbeidd nye og revidert skjøtelsesplanar for 20 lokalitetar av truga naturtypar. Det er vidare gjennomført kartleggingar av solblom og stor bloddråpesvermar i delar av fylket. Det er gjennomført ytterlegare nasjonal kartlegging av beitemarkssopp i 2020 (ikkje rapportert enno). Det er også gitt midlar til kartlegging av hubro, hønsehauk, storspove og vipe i delar av fylket, og sjøfugl på Smøla.

Truede arter og naturtyper

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Utdyping og vurdering av gjennomført tiltak	Sum
Slåttemark, kystlynghei, slåttemyr	20S8ABC9	Kartlegging/rekartlegging og utarbeiding av skjøtelsesplanar	Kartlegging og skjøtelsesplanlegging av 20 lokalitetar	Mange område	Viktig grunnlag for søknadsordningane for truga artar og naturtypar, og for RMP-tilskot i landbruket.	549 930
I saker omfattet av avtalen "[Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd](#)", skal landbruksforvaltningen vurdere om grunnvilkåret «vanlig jordbruksproduksjon» er oppfylt, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2. Som hovedregel skal ikke forskriftens § 11 om avkorting grunnet brudd på annet regelverk brukes. Vi ber Fylkesmannen gi en kort vurdering av hvordan kommunene har fulgt opp denne praksisendringen og hvordan den har fungert i 2020.

Fylkesmannen har kun mottatt 3 vedtak frå Mattilsynet om dyrevelferdssaker i 2020. I slike saker kontakter vi straks kommunane for å sikre oss at saka blir fulgt opp. Det vart dei i desse tilfella. Vi har i løpet av året fått vite at fleire kommunar har mottatt brev om dyrevelferdssaker, der Fylkesmannen ikkje har vore kopimottakar.

Fylkesmannen har årlege møter med Mattilsynet sitt regionkontor, og samarbeidet fungerer bra. Kommunane rapporterer om varierende grad av samarbeid med Mattilsynet lokalt. Det er ønske om nærare samarbeid både hos kommunar og lokalt Mattilsyn. Dette gjeld spesielt i kontrollsaker mtp ordinær jordbruksproduksjon i sauehald frå kommunane si side, og kontroll av dyrevelferd hos sau i utegangardrift frå Mattilsynet si side.

Utteksling av informasjon i saker om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Antall saker der foretaket ikke oppfyller grunnvilkårene	Antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avviking)	1	1	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	2	2	2	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøtsel av dyr)				

Saka om avviking kom rett før nyttår, og kommunen følger opp saka no i 2021.

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

Rapportering på vedtak knyttet til avviking av pelsdyrproduksjon.

Møre og Romsdal hadde pr. 15.01.2018 åtte pelsdyroppdretter som var omfatta av ordninga om kompensasjon etter avviking av hald av pelsdyr. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt 5 søknader om kompensasjon etter avviking av hald av pelsdyr. 4 er innvilga og ein søknad er under handsaming. Fylkesmannen har i tillegg mottatt ein søknad om kompensasjon for riving og opprydding etter avviking av hald av pelsdyr, og denne er innvilga.

Kompensasjon etter avviking av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avviking	5	0	1	4
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	1	0	0	1
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avviking av pelsdyrhold	5 872 887	0	1 032 600	4 840 287

Gevinstrealiseringsplan (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringsplanen for LMD forventes det at sammenslåing av embeter skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringsplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen fastsatt tidspunkt.

Ikke aktuelt for Møre og Romsdal

Arbeidet for utsatte barn og unge (0-24) (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)

Rapportere på

Vi viser til oppgave 5.2.2.1 Koordinert innsats for utsatte barn og unge og deres familier (0-24 samarbeidet) i VØI.

Fylkesmannen skal redegjøre for sitt strategiske og langsiktige arbeid for utsatte barn og unge og deres familier, inkludert hvilke tiltak som er gjennomført for å samordne regionale innsatser og for å styrke samarbeidet mellom sektorer og tjenester i kommunen. Fylkesmannen skal videre vurdere hva som har lyktes godt og hva som er mer utfordrende i arbeidet.

Vi har hatt eit prosjektorganisert arbeid kalla "Betre Oppvekst"

frå 2012 og ut 2019. Då 0-24 samarbeidet vart lansert, vart det naturleg plassert under denne papaplyen. Betre Oppvekst satsinga har gitt godt effekt både internt hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men også eksternt. Feks fekk alle kommunane etablert akutt barnevernsvakt i 2019 som ein direkte følge av denne satsinga.

Arbeidet med barn og unge er eit gjennomgående tema i vår strategi plan, som krev at i alt arbeid som Fylkesmannen utfører skal vi ha ekstra fokus på situasjonen og konsekvensar for barn og unge.

Pandemien gjorde at tenestetilbodet og levevilkår til barn og unge fekk større merksemd enn det som vart planlagt ifm 0-24-arbeidet. I Møre og Romsdal

har vi trass lite smitte hatt dei samme nasjonale smitteverntiltaka med tilsvarande stenging og sosial distansering som i dei andre fylka. **Dette har vore krevjande!** Fylkesmannen har brukt tilgjengelige møtearenaer med fylkesberedskapsråd, kommunane, helseforetaket og direktoratet for å formidle regjeringa sine forventningar om at tenester til barn og unge skulle bli minst mulig ramma av smitteverntiltaka, både nasjonale og lokale. I faste møte med kommunane si kriseleing har vi fleire gongar peika på at dei ikkje må nytte helsepersonell frå helsetasjonar i TISK arbeid/vaksinering, slik at det går ut over pålagte tenester til barn og unge og deira familiar.

Fylkesmannen si helse- og sosialavdeling og avdeling for oppvekst og utdanning etablerte tidleg fast tverrfaglege samhandlingsmøte med eigarene av barnehagar og skular i samband med gjenåpning av skular og barnehagar, der erfaringane vart utveksla, tilpassa helsefagleg informasjon formidla og spørsmål som vart stilt i forkant vart besvart.

Vi har hatt møter med helsesjuepleiarar og høyrte korleis dei har det og om dei opparbeidde seg eit etterslep i starten av pandemien og vi har følgd opp dei svara vi har fått.

På slutten av året hadde vi ei kartlegging av situasjonen gjennom året og status, i høve arbeid på helsestasjonar, skulehelseteneste og oppfølging av gravide og barselkvinner. Vi kjem til å følge opp dei kommunane der vi meiner dei må gjere naudsynte tiltak, i 2021.

I tillegg har BufDir hatt mange kartleggingar ift barnevernstenester, helsestasjonar og krisesenter. Vi har etablert ei gruppe mellom helse og sosialavdelinga og oppvekst- og utdanningsavdelinga for å halde kvarandre informerte om stoda for barn og unge frå ulike ståstader i vårt fylke, og for å diskutere behov for tiltak.

Levekårsnettverket vart etablert i januar 2019, og består av dei regionale aktørane som har ei rolle opp mot barn og unge. Lavekårsnettverket skal bidra til at kommunane skal møte ein samordna stat, og at felles og koordinert innsats gir større effekt på tenestane og dermed betre levekår for barn og unge. Her er også med ein representant frå kommunedirektørane, som gir oss ei god forankring. Vi opplever at dette fungerer godt, og samordninga gir resultat.

Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken.

Både miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga deltek aktivt i sekretariatsgruppa for rovviltnemnda for region 6. Fylkesmannen i Trøndelag er sekretariat for rovviltnemnda. I 2020 fekk nemnda 4 nye medlemmer. Mye av arbeidet med rovviltnemnda i region 6 i 2020 har vore knytta til opplæring av den nye nemnda, og å gjere dei kjent med folk, geografi og utfordringar i regionen.

Våre hovudutfordringar er tap av beitedyr til jerv i høg fjellsområda aust mot Innland. Vi må kunne forvalte jerven i høg fjellsområda samla i heile Sør-Norge i det geografiske leveområdet for jerven om vi skal imøtekomme det todelte målet i rovviltforvaltninga. Vi har hatt ei felles samling i grenseområda mellom region 3 og region 6 for dei to nemndene, samt kommunar og aktørar lokalt på begge sider. Det var veldig vellykka. Vi arbeider for å få til eit tettare samarbeid austover i tida framover.

Søknadsomfanget for rovviltstatningar er om lag som tidlegare år, men fordelinga mellom kommunar og skadegjerar varierer. I 2020 var det stor auke i tap til jerv i Trollheimen og ein nedgang i Reinheimen. Omsøkte tap til gaupe har auka i fleire delar av fylket, både innanfor og utanfor kvotejaktområdet. Tap til kongeørn har gått ned i 2020. Det samla erstatta tapet inneber ein liten auke frå 2019. Det har ikkje vore streifdyr av ulv eller bjørn i fylket i 2019 som har medført tap av husdyr. Utfordringar i erstatningssakene er knytt til fastsetting av normaltapp, samt mangelfull dokumentasjon på gaupetap.

Beitesesongen i 2020 var kjenneteikna av nedkorta beitesesong på grunn av sein snøsmelting, og tidlege tap til jerv. Sein vår og lite heimebeite gjorde tidleg nedsanking som tapsreducerande tiltak for jerv utfordrande i Reinheimen-området. Skadefellingsforsøk på barmark gir lite utbytte. Ekstraordinære uttak som supplement til lisensfelling er nødvendig for å bringe jervebestanden ned mot bestandsmålet.

I Møre og Romsdal har landbruksavdelinga ansvar for tildeling av FKT-middel (middel til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak mot rovdyrskadar), og miljøvernavdeling har ansvar for erstatningssaker om tap av dyr til freda rovvilt.

I Møre og Romsdal har Fylkesmannen tett kontakt med kommunale rovviltutval der ein tilsett i kommunen er sekretær. Vi har også tett kontakt med næringsorganisasjonane og beitelag, og stiller på fagmøte med rovvilt som tema.

I Møre og Romsdal er hovudutfordringa tap av lam til jerv. Dette er hovudsakleg i dei indre områda av fylket, der ein har høg fjellsøkosystema Trollheimen, Sunndalsfjella, Snøhetta, Reinheimen, Dovrefjell, og Tafjordfjella. Det er vanskeleg å finne gode tapsreducerande tiltak anna enn tidleg nedsanking av beitedyr. I Møre og Romsdal er tidleg nedsanking eit akutt tiltak ein set inn hvis det oppstår ein akutt tapssituasjon på seinsommaren/hausten. Då skjer tiltaket frivillig og initiativet kjem frå beitelaga/dei kommunale rovviltutvala sjølv og tiltaket vert iverksett etter avtale med Fylkesmannen. Vi ønskjer ikkje å setje inn eit pålagt planlagt tiltak med tidlig nedsanking. Andre tiltak vi bruker for å redusere tap av beitedyr til jerv er å intensivere tilsynet i område og på tidspunkt der ein kan forvente at tap kan skje. Gjerne ved bruk av kadaversøkjande hund. Vi bruker også ein del middel på vokterhund i Vermedalen og Ulvådalen i Rauma, samt på radiobjeller for betre å ha oversikt over dyra i utmarka. Ulike forskingsprosjekt er vi og med på å finansiera, mellom anna viltkameraovervakning av gaupebestanden på Nordmøre. Vi gir støtte til ulike kurs og tiltak for meir effektiv felling av rovdyr og organisering av skadefellingslaga i kommunane til fylkeslaget av NJFF.

Vi har i ei årrekke vore raske med å gi løyve til å felle skadegjerande rovdyr når det blir søkt om det. Det er likevel slik at det er svært sjelden at dei som får løyve til å felle jerv lukkast med det. Tiltaket har såleis marginal skadereduserande effekt.

Utanom jerven, er det i hovudsak gaupa som gir utfordringar for beitenæringa, og det er ein aukande problematikk. Det er svært vanskeleg å finne kadaver i skogsbeita i beitesesongen. I 2020 har vi hatt ein svært uoversiktig skadesituasjon i Surnadalsområdet, med store tap av lam, utan at det funne kadaver. Innan rovtilforvaltninga er skadedokumentasjon viktig, og dette er ekstra utfordrande i gaupeområda og i noko grad i område med kongeørn. Det har ikkje vore streifdyr av ulv eller bjørn i fylket i 2020 som har medført tap av husdyr.

Risiko og sårbarhet ved barnevernsinstitusjonene i fylket (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle embeter skal i løpet av 2020 ta i bruk det elektroniske verktøyet som er utarbeidet i samarbeid med fylkesmennene, for å få en systematisk oversikt over risiko og sårbarhet ved barnevernsinstitusjonene i sitt fylke. Risikoinformasjonen vil kunne aggregeres fra dette digitale verktøyet for årsrapportering 2020. Helseilsynet har sendt ut eget brev til embetene om rapportering for året 2019.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har lagt inn data frå alle institusjonane i det elektroniske risikoverktøyet. Vi har starta det interne arbeidet med å nytte verktøyet og kartlegginga som grunnlag for tilsynet på institusjonane.

Endringer i kommunestrukturen (fra kapittel 7.3.10.4.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannens rapportering skal inneholde:

- en vurdering av sammenhengen mellom embetets organisering av arbeidet med oppdraget og tiltak og observerte effekter i kommunene
- en vurdering av hva embetets erfaringer med organisering og tiltak har å si for neste års strategi (læring/forbedringspotensial), samt beskrivelse av andre relevante faktorer som embetet mener det er viktig at departementene kjenner til i arbeidet med å få til flere kommunesammenslåinger.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ressursar i samordningsstaben som arbeidar med kommunereforma. Dialog med kommunane er sentralt i dette arbeidet og god kjennskap til kommunens kvardag er viktig. Kommunane har i 2020 arbeidd fram kommunal planstrategi og mange er i gang med kommuneplanen samfunnsdel. Det er gjennom kommunen overordna planlegging at erkjenninga for å samarbeide med andre kan kome og i neste omgang initiere kommunesamanslåing.

Møre og Romsdal fekk 5 nye kommunar 1.1.2020 og 35 kommunar blei til 26. Vi gjennomførte oppfølging av dei nye kommunane første halvår 2020. Dei samanslåtte kommunane kunne rapportere om at overgangen til ein ny kommune var mykje tøffare enn dei hadde rekna med. Erfaringane var at dei hadde hatt for stort fokus på samanslåingsfasen og for lite på å vere ein ny kommune.

Kommunane hadde som mål å nytte 2020 til å bygge felles identitet og kultur, samskaping og harmonisering av servicenivå og tenester. Koronapandemien sette ein effektiv stoppar for dette viktige arbeidet, og kommunane måtte i staden sette kreftene inn på å handtere pandemien. Dette blei ei tilleggsutfordring i ein allereie utfordrande situasjon.

Gevinstrealiseringa som effekt av kommunesamanslåinga blir no eit meir omfattande og langvarig arbeid. Fleire av dei nye kommunane slit med «pukkelkostnader» vil halde stand lengre enn forventet. Samordning av planverk, harmonisering av tenester og omorganiseringar er prosesser som tek tid og denne tiden har ikkje dei nye kommunane hatt i 2020. Pandemien tok fokuset og digitale møter for nye kommunestyre har gjort alt mykje meir krevjande. Lokalpolitikarar i opposisjon viser til at utfordringane blei større og ikkje mindre etter at den nye kommunen blei oppretta. Forventningar til effekten av kommunesamanslåinga blei ikkje oppfylt det første leveåret som ny kommune. Den vanskelege situasjonen som mange av dei nye kommunane står i har ikkje motivert andre kommunar til å vurdere å gå saman med andre kommunar. Det er nok ein avventande haldning hos mange kommunar og dei ser at mykje kan løysast ved bruk av andre verkemidlar, som ulike formar for samarbeid.

Fylkesmannens strategi er å gripe sjansen til å snakke om kommunesamanslåing når hendingar oppstår og det er naturleg i stille spørsmålet. Til dømes ved søknad om grensejusteringar eller ved bruk av prosjektskjønn til å teste ut nære samarbeid på tvers av kommunar.

Tiltak for å løse boligsosiale problemstillinger i kommunen (fra kapittel 7.3.10.5.1 i TB)

Rapportere på

Beskriv innsatsen med de to tiltakene i tiltaksplanen for Bolig for velferd 2018-2020 gjennomført av regionale aktører under fylkesmannens ledelse.

Tiltak 1 Bustader og oppfølgingstenester for menneske med rusavhengigheit og psykiske lidingar:

I samarbeid med KORUS og NAPHA inviterte Fylkesmannen fire kommunar til eit pilotprosjekt for heilskaplege tenester til menneske med samansette behov. Prosjektet vart kalla MUST 2020 (Muligheter og Utfordringer i Samarbeid på Tvers) Kommunane skulle jobbe saman i nettverk, samstundes som dei la til rette for samarbeid i eigen kommune. Erfaringar frå arbeidet skulle presenterast i ein erfaringskonferanse i 2020/2021 jf.

framdriftsplan for prosjektet. På grunn av pandemien var det flere kommunar som valte å trekkje seg frå prosjektet, og det er no to kommunar som deltek. Det er imidlertid kommunar som har meldt si interesse i det vidare arbeidet. Framdriftsplan vart også endra grunna pandemien. Prosjektplan er av den grunn skjøve på med om lag eitt år.

Tiltak 2- Eigna bustadar for vanskelegstilte barnefamiljar:

I samarbeid med Husbanken, Imdi, NAV Møre og Romsdal vart det hausten 2019 gjennomført ein fagdag med gruppearbeid der tema var barn i familjar med låg inntekt. Deltakarane var mellom anna frå Flyktningtenesta, NAV, helsesjukepleiarar, bustadkontor og barnevern. Resultatet frå gruppearbeidet skulle leggje føringar for vidare innsats frå regionale aktørar i 2020. Konklusjon i arbeidsgruppa, som frå 2020 bestod av Fylkesmannen, Husbanken og NAV Møre og Romsdal, var at det etter fagdagen skulle utarbeidast felles handlingsplan for oppfølging av kommunar som mottek tilskot til sosiale tenester i NAV, og som hadde særleg fokus på barnefamiljar. I tillegg ville vi vurdere om det var mogleg å arrangere ein erfaringskonferanse i samband med Husbanken sitt arbeid med programkommunar i Møre og Romsdal for familjar med lav inntekt. Dette kunne eventuelt knytast opp mot samarbeidsforumet Møre og Romsdal 2025 /Levekårsnettverket. Det vart gjennomført eit planleggingsmøte i februar. Grunna pandemien vart innretninga på tilskot frå ASD endra i tråd med situasjonen. Felles handlingsplan vart endra, og Fylkesmannen hadde fokus på barnefamiljar med tildeling av tilskot, men ikkje i samarbeid med Husbanken. Slik situasjonen var såg vi ikkje at det var rom for å prioritere å utvikle samarbeidet i 2020.

Tiltak

3: Bustadplanlegging for ei aldrande befolkning.

Det vart i 2019 etablert eit nettverk saman med Husbanken, Møre og Romsdal fylkeskommune og tre kommunar på Sunnmøre med tema bustadplanlegging for ei aldrande befolkning. Kommunane Ørsta, Volda og Ulstein deltok som "pilotkommunar" i nettverket. I 2020 har det vore gjennomført fem fagsamlingar i nettverket. Søkelyset har her mellom anna vore retta mot kunnskapsgrunnlaget knytt til bustadsosiale forhold som ledd i ein samla kommunal bustadpolitikk. Dette har vidare vore kopla opp mot det strategiske kommuneplanarbeidet knytt til kommunale planstrategiar og det vidare arbeidet med overordna kommuneplan med samfunns- og arealdel. Kommunane har i 2020 utarbeidd kommunal planstrategi for planperioden 2020 - 2023. Fleire kommunar har som ei direkte oppfølging, starta arbeidet med rullering av kommuneplanens samfunnsdel. Kommunal bustadpolitikk og bustadsosiale forhold inngår som faste sjekkpunkt i Fylkesmannen sine høyringsfråsegner til kommunale plansaker.

Boligsosiale problemstillinger i kommunene

Tiltak 1: Boliger og oppfølgingstjenester for mennesker med rusavhengighet og psykiske lidelser	Tiltak 2: Egnede boliger for vanskeligstilte barnefamiljer	Ev. tiltak 3 eller flere
Etablert nettverk saman med fire kommunar, KORUS og NAPHA, - MUST 2020	Etablert samarbeid og gjennomført fagdag saman med Husbanken, Imdi, NAV Møre og Romsdal	Etablert nettverk om bustadplanlegging for ei aldrande befolkning saman med Husbanken, fylkeskommunen og tre kommunar

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Ny ressursfordelingsmodell frå og med 2020-budsjettet var heilt naudsynt for at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skulle kunne levere tilfredstillande resultat innanfor alle fagområda. Midlane har vi, etter dialog og risikovurdering i leiargruppa, valgt å nytte til å styrke helse- og sosialavdelinga. Auka budsjett har blant anna gjeve oss 4 nye stillinger fordelt på to nye legestillingar, ei stilling som jurist, og ei vernepleiestilling i 2020. Vi ser allereie no at denne satsinga har gjeve positive effektar og vi er nøgd med resultatet vi har oppnådd.

Året har vore sterkt prega av håndtering av Covid-19-pandemien. Vi har omdisponert ressursar til beredskap, og pandemien har lagt stort beslag på legeressursane. Samstundes har smittevern til ei viss grad hindra tilsynsarbeid og annen reisevirksomhet. Dette har i sin tur gitt vesentlege innsparingar. Deler av desse innsparingene på kap. 0525 er brukt til å leige inn ytterlegare legeressursar, etablere beredskapsvakt for legar og beredskapsstaben gjennom pandemien, gjennomføre webinarer og digitale kurs og engasjementstilling for ny FylkesROS.

Vi har god styring med at ressursane blir brukt i tråd med prioriteringar og styringssignal, men også med fleksibilitet når det gjeld omfordeling i løpet av året, noko året 2020 har vore eit tydeleg døme på.

Vi viser i denne samanheng og til tekstforklaringa i tabellen under.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2020	Fagdep. 2020	Kapittel 0525, 2019	Fagdep. 2019
Arbeids- og sosialdepartementet	1 625	1 647	1 432	1 874
Barne- og familiedepartementet	3 252	642	3 245	657
Helse- og omsorgsdepartementet	18 850	4 343	17 337	4 077
Justis- og beredskapsdepartementet	6 358	11 900	4 844	12 132
Klima- og miljødepartementet	12 623	6 686	13 125	7 304
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	27 040	1 699	28 396	1 738
Kunnskapsdepartementet	7 439	4 173	7 805	4 493
Landbruks- og matdepartementet	12 268	165	13 371	148
Andre	0	0	0	0
Sum	89 455	31 255	89 555	32 423

HOD: Styrking innfor området med å auke legeressursar og innan tvang og makt., JD: styrka arbeidet med Fylkes-ROS innan samfs. og beredskap, samt hatt ei auke i utgifter i samband med covid19. Vi har og fått ei nedgang i ramma på verjemål, som gjer at vi har dekkja ein del av utgiftane innan ordinær ramme. KLD nedgang frå 2019 grunna omfordeling av midlar internt. KMD effektivisering/digitalisering.

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Ut i fra ei heilskapleg vurdering meiner vi embetet i eit krevjande driftsår, med bl.a. covid-19 og tilhøyrande utfordringar. Vi meiner vi har vore løysingsorientert og fått utført samfunnsoppdraget på ein gjennomgåande god måte innanfor økonomiske rammer og dei avgrensingar som covid-19 har gjeve oss.

4 Styring og kontroll i embetet

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Våre viktigaste styringsverktøy er tildelingsbrevet, Virksomhets- og økonomiinstruksen, og strategisk plan som vert operasjonalisert i kvar avdeling gjennom virksomhetsplaner for kvart enkelt driftsår.

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggende styringsprinsipp, og nyttar metoden med målskjema. Dette vert utarbeidd og godkjent i leiarmøtet etter at alle avdelingane har operasjonalisert tildelingsbrev og VØI for komande år. På denne måten sikrar vi eit meir heilskapleg leiarskap, kor alle er forplikta til å bidra. Vi har resultatssikringsmøtar 3 gonger i året for å sjå kor vi ligg an.

Allmøter, og medarbeiderdag er viktige arena for å bygge laget hos Fylkesmannen. Likedan gjennom faste oppsette møter for medråderett, og møter i AMU.

4.1.1 Embetets risikostyring

I vår risikostyringspolicy har vi skissert korleis vi gjennomfører risikostyringa knytt til måloppnåing i embetet. Vi knytter risikostyring til virksomhetsplanarbeidet i embetet, og jobber med kontinuerleg forbetring av alle våre fagområde.

Risikostyringa i embetet starter i strategisk ledergruppe på overordna nivå i oktober/november etter at vi har fått tilsendt foreløpig tildelingsbrev, og før fordeling av rammer til avdelingane. Avdelingane gjennomfører etter dette risikostyring på sine områder både i samband med virksomhetsplanarbeidet og gjennom heile året. I 2020 hadde vi i tillegg ein ekstra gjennomgang av metodane som vert nytta til risikostyring i embetet.

Strategisk leiargruppe går gjennom dei kritiske faktorane for at vi kan gjennomføre dei måla som er gitt fylkesmannen gjennom tildelingsbrev og virksomhet- og økonomiinstruks.

I arbeidet med verksemdsplanlegging i avdelingane er det gjort risikovurderingar og utifrå desse er prioriteringane tilpassa situasjonen i vårt fylke, slik at ulempene vert minst mulig.

Som følgje av ny budsjettfordelingsmodell har embetet fått auka rammetildeling, denne auka har strategisk leiargruppe brukt til å ekstra stillingar for å styrke område innanfor helse- og sosial der fylkesmannen ikkje har hatt full måloppnåing.

4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi bruker Risk Manager som internkontrollsystem både innanfor informasjonssikkerhet, HMS og det er også tatt i bruk som kvalitetssystem for avdelingane.

4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Vi har hatt akseptabel søkjarmasse på ledige stillingar i 2020

Bemanninga og kapasitet i embetet er i tråd med tildelte ressurser.

På Helse- og sosialavdelinga har bemanning og kapasitet vore slik at vi har vore tvungne til å gjere krevjande prioriteringar. Det har ført med seg at sakshandsamingstida på nokre områder ikkje har vore i tråd med krava.

Ny budsjettfordelingsmodell ga oss muligheit til å prioritere område med størst utfordringar og Helse og sosialavdelinga har difor blitt tildelt fleire stillingar i 2020 - jurist og vernepleiar og lege. Vi såg lyst på at dette ville styrke muligheiten for å gjennomføre fleire oppdrag på ein betre måte, men i 2020 har dessverre mykje av ressursane våre vorte brukt til å handtere koronapandemien.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Fagavdelingane har oversikt over eige utstyr for bruk i arbeidet utafor embetet. Eks. Herje genbank. Elles har vi ikkje eigedelar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje merknader frå Riksrevisjonen i samband med regnskapsrevisjonen for 2019.

Riksrevisjonen gjennomførte digitalt revisjon hausten 2020, der dei utførte revisjonshandlingar knytt til våre rutiner for handsaming av lønn, tilskudd og regnskap for regnskapsåret 2020. På avsluttande møte kunne dei melde at dei ikkje hadde funne vesentlege feil eller manglar. Årsregnskapet er ikkje ferdig revidert og revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2021.

Status for informasjonssikkerhetsarbeidet:

Vi har hatt 7 avvik som gjeld informasjonssikkerheit i 2020. Avvika er handtert og rutiner gjennomgått for å unngå slike hendingar.

Vi har også i år gjennomført Sikkerhetsmåned med opplæring av alle tilsette i informasjonssikkerhet, i tillegg gjennomfører vi opplæring i samband med underskriving av databrukaravtale.

Vi framsnakker alle tiltak for å styrke sikkerheiten til våre system og har kravd at våre tilsette tek nye tiltak i bruk så snart desse er tilgjengeleg.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling I embetet er det no 104 kvinner og 43 menn, same nivå som dei siste åra.

På leiarnivå er det ei svak overvekt av kvinner. Dette er tilhøve som svingar - og det er ikkje teikn til at grupper er systematisk under- eller overrepresenterte. Elles i embetet er det overvekt av kvinner. Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born. Vi ser og at vi har stor overvekt av kvinner blant mellombels tilsette.

Gjennomsnittleg pensjoneringsalder hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2020 er 67 år.

Sjukefråvær Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt eit jamnt over lågt sjukefråvær, men i 2019 hadde vi eit sjukefråvær på 7,8%. Det var langt over målsettinga vår om at sjukefråværet ikkje skal overstige fire prosent. I 2020 har vi derfor hatt eit ekstra fokus på det systematiske sjukefråværsarbeidet for å redusere sjukefråværet. Sjukefråværet for 2020 er 4,2%

Fylkesmannen i Møre og Romsdal strekker seg langt for å tilrettelegge for medarbeidarar som er sjukmelde - eller som står i fare for å verte sjukmelde.

Vi har i 2020 hatt 14 HMS avvik, dei fleste av desse var relatert til ventilasjon og temperaturstyring.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppgavet på sikt

Det aller meste vart annleis enn det vi planla for i året 2020.

Covid-19 gav heile samfunnet store utfordringar som vi ikkje har opplevd i nyare tid. Hausten 2019 arrangerte Fylkesmannen i Møre og Romsdal ei "skrivebordsøving" med våre kommunar kor temaet var pandemi. Då vi kom eit stykke ut i øvinga, og skulle vurdere kva som skulle skje med skular og barnehagar, vart det av deltakarane konkludert med at " så langt og så galt kunne det neppe gå ". Men det skulle bli mykje verre...

I det denne årsrapporten skrives, så er det vanskeleg å vere konkret om forventa utvikling. Imidlertid kan Fylkesmannen peike på områder kor det er stor grunn til uro og særskilt merksemd pga koronaen.

Får vi ein eigen "**koronagenerasjon**" ? Born og unge/studentar som har måtte sette "livet" på vent, einsemda som har vorte ei ekstra stor utfordring for mange og talet på bekymringsmeldingar for barn og unge til barnevernet som har auka mykje. Kva følgjer får dette for framtida deira ?

Vi har eit næringslivet som slit, og mange som har mista jobbane sine. Kor lang tid vil det ta før vi er tilbake der vi var ? Eller mest sannsynleg så kjem vi aldri tilbake der vi var. Koronapandemien har gitt oss nye moglegheiter.

I optimismens teikn så kjem det og noko godt ut av pandemien. Meir fokus på klima, mindre tid og ressurar går med til reising og i staden har det blitt digitale møter. Vi har teke eit kvantesprang i den digitale utviklinga. "10 års digital utvikling på 10 månader" var ei overskrift eg las.

Heimekontor har vist at våre medarbeidarar gjer det dei skal. Under første nedstenging i mars-juni 2020, opplevde vi at produksjonen i talet på behandling av saker faktisk gjekk opp. Meir støttande leiing og meir autonomi må på dagsorden i eit leiingsperspektiv etter pandemien. I denne samanhengen er også Statsforvaltarens fellestenester ein nøkkel for at vi skal lukkast. Stikkord her er brukarinvolvering, god informasjon og samarbeid mellom STAF og embeta. Berre då oppnår vi dei resultatene som er forventa av oss frå KMD.

5 nye kommunar såg dagens lys i Møre og Romsdal 01.01.2020, og fylket gjekk fra å ha 35 til å få 26 kommunar. Det som skulle bli eit år med bygging av ny organisasjonskultur, avstemming av tenestenevå mm vart noko heilt anna. Å bygge nye kommunar tek tid. Det vart det ikkje særleg tid til då pandemien slo til i mars 2020.

Pandemien har vist oss kor sårbar og krevjande det er mhp ressurar i dei små kommunane. I vårt fylke er det fortsatt behov for fleire kommunesamanslåingar for å møte utfordringane med mange eldre og låge fødselstal i tida framover.

Eg vil avslutningsvis rette ein stor takk for måten regjeringa med Statsminister Erna Solberg og Helse- og omsorgsminister Bent Høie har stått fremst og utvist god leiarskap for heile landet i denne pandemien.

5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultat på lengre sikt

Ny budsjettfordelingsmodell for fylkesmennene som kom i 2019, gjer at Møre og Romsdal vil kunne levere betre på måloppnåing i framtida. Det er spesielt innan Helse og omsorg vi har prioritert nye ressurar med til dømes 2 nye legestillingar, vernepleiar og jurist. Dette vil først gje full utteljing etter at vi har lagt bak oss pandemien.

Samstundes så vil vi fortsetje arbeidet med å effektivisere og digitalisere våre arbeidsprosesser. Vi vil ta med oss erfaringane vi har gjort gjennom det digitale kvantespranget vi har hatt i forhold til utføring av vårt oppdrag som følgje av koronasituasjonen.

5.3 Andre forhold

1. oktober 2021 får vi ny statsforvaltar i Møre og Romsdal. Else-May Norderhus tiltrer stillinga når denne Stortingsperioden er over. Då passer det ekstra godt at KMD vil tilby eit nytt utviklingsprogram for leiargrupper, slik at ei får "rista" det nye leiartemaet godt i lag.

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Møre og Romsdal.pdf](#)



STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Org. nr.: 974764067

Riksrevisjonens beretning

Til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt årsregnskap for 2020. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2020.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 319 042 774 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2020 og kapitalposter pr 31. desember 2020, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 (INTOSAI¹ etikkregler), og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

¹ International Organization of Supreme Audit Institutions

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er

- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om regnskapsestimater og tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med henholdsvis regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene (SRS)

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 28.04.2021

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt